

Med blikk mot fem integrerte (?) norske menn sine kvardagsliv

Ein kvalitativ studie med utgangspunkt i menn
frå Asia

A glimpse into the everyday lives of five integrated (?) Norwegian men

A qualitative study based on men from Asia




Foto: Helge Veum

Helge Veum
Masteroppgåve i sosialt arbeid
Høgskolen i Oslo, avdeling for samfunnsfag

Med blikk mot fem integrerte (?) norske menn sine kvardagsliv

Ein kvalitativ studie med utgangspunkt i menn
frå Asia

A glimpse into the everyday lives of five integrated (?) Norwegian men

A qualitative study based on men from Asia




Foto: Helge Veum

Helge Veum
Masteroppgåve i sosialt arbeid
Høgskolen i Oslo, avdeling for samfunnsfag
Oslo 2008

Forord

Det er mange som fortener stor takk for inspirasjon og støtte undervegs. Eg vil særleg framheve rettleiaren min, May-Britt Solem. Hennar faglege entusiasme, kunnskap og innsiktsfulle hjelp og støtte i løpet av rause rettleiingstimar, har vore ein viktig føresetnad for at dette arbeidet no er slutført. I tråd med ein hermeneutisk tradisjon vil det alltid vere nye sider i ein tekst som krev fokus, og som fortener tid og rom til refleksjon for å gje meir innsikt og kunnskap. Så og med denne oppgåva. Likevel må eg setje punktum. Så får det bli opp til lesaren om oppgåva kan føre til nye tankar og refleksjonar i ein vidare prosess.

Samarbeidet med fem norske menn frå Asia, der dei raust delte tankar og erfaringar frå kvardagslivet sitt, har vore ein føresetnad for dette arbeidet. Stemmene deira har følgt meg gjennom heile arbeidet. Tusen takk for innsatsen! Eg vil og takke "Else, Gunn og Mari" i tiltaket Vilje Viser Vei, for deira engasjement og refleksjonar i fokusgruppa. Takk!

Helen Jane Shaw, i tillegg til at ho er god til å danse norsk folkedans, må eg takke for hjelp med oversetting av samandraget til engelsk.

Takk til gode kollegaer på psykiatrisk poliklinikk for inspirerende fagmiljø og særleg takk til Lisbeth Ertesvåg, tidlegare poliklinikkleiar. Ho hjalp meg til å forankre masteroppgåva til å bli eit forskingsprosjekt ved sjukehuset. Takk også til Arild Aambø ved NAKMI, som var rettleiar for gruppetilbodet ved poliklinikken med fokus på meistring.

Takk til kollokviégruppa, Lena, Liv og Ola, for viktige samtalar og godt sosialfagleg reisefølge gjennom fleire år.

Takk til Atle og Britt for stort tålmod og toleranse som er vist meg under arbeidet sin gang. Britt, gjekk framfor og leverte masteroppgåva si i sosialantropologi i vår, gratulerer! Eg trengte meir tid. Til Atle vil eg uttrykke takknemlegheit for gode inspirerende samtalar og språkleg hjelp, særleg i avsluttinga av dette arbeidet.

Til sist vil eg takke mor. Hennar tolmod er grenselaust, men eg forstår at ho er glad for at masteroppgåva no vert levert. Vonarleg kan det bli meir tid til familien.

Oslo, desember 2008,

Helge Veum

Innhald

Forord	iii
Innhald	iv
Samandrag	vii
Abstract.....	ix
Kapittel 1	1
Innleiing.....	1
1.1. Bakgrunn for val av tema.....	1
1.2. Frå tema til problemstilling.....	2
1.3. Innvandring	3
1.4. ”Ikkje-vestleg”	4
1.5. Kvardagsliv	5
1.6. Problemstilling.....	6
1.7. Oppgåva si oppbygging	6
Kapittel 2	7
Politiske føringar samt relevant forskning.....	7
2.1. Politiske føringar.....	7
2.2. Relevant forskning	9
2.3. Oppsummering.....	11
Kapittel 3	13
Teoretiske perspektiv.....	13
3.1. Innleiande refleksjonar.....	13
3.2. Handlingsteori.....	14
3.3. Interseksjonalitet	15
3.4. Minoritetsperspektiv	16
3.5. Familie- og kjønnsperspektiv.....	18
3.6. Meistringsperspektiv	20
Kapittel 4	21
Metode og forskingsdesign.....	21
4.1. Innleiande refleksjonar.....	21
4.2. Kunnskap forstått som skapt i ein prosess	22
4.3. Livsformsintervju.....	24
4.4. Fokusgruppe.....	25
4.5. Samtale om arbeid.....	26
4.6. Refleksjon ved rolla som forskar og informant	27
4.7. Utvalet.....	28
4.8. Utvalet sett med diagnostisk blick	29
4.9. Utvalet sett med medikamentelt blick	30
4.10. Bruk av tolk.....	31
4.11. Transkripsjon – frå tale til tekst	32
4.12. Analysem metode – mønster i materialet.....	32
4.13. Kodeprosessen	33
4.14. Systematisering av empirien	34
4.15. Abstraksjon	34

4.16. Presentasjon av data	35
4.17. Offentlege godkjenningar til forskingsprosjektet	35
Kapittel 5	37
Presentasjon av data.....	37
5.1. Kven er informantane i denne studien? – ein kort presentasjon	37
5.2. Innleiande betraktningar	38
5.3. Elar fortel	39
5.4. Familieliv	40
5.5. Aktivitet for å oppnå kontakt med hjelpeapparatet.....	41
5.6. Relasjon til heimland	42
5.7. Venner.....	43
5.8. Arbeid.....	44
5.9. Fokusgruppe.....	45
Kapittel 6	48
Drøfting.....	48
6.1. Familieliv	48
6.2. Aktivitet for å oppnå kontakt med hjelpeapparatet.....	50
6.3. Relasjon til heimland	52
6.4. Venner.....	52
6.5. Arbeid.....	53
6.6. Fokusgruppe.....	56
6.7. Oppsummering.....	58
Kapittel 7	60
Avsluttande konklusjonar	60
7.1. Med blick mot kvardagslivet	60
7.2. Styrke, moglegheiter og avgrensingar ved studien	62
7.3. Implikasjonar for praksis	63
7.4. Implikasjonar for sosialt arbeid.....	64
7.5. Implikasjonar for vidare forskning	65
Litteraturliste.....	66
Vedlegg 1:.....	i
Brev til Regional komite for medisinsk forskingsetikk Sør-Norge,	i
datert 31.03.06	i
Vedlegg 2:.....	iii
Vedlegg til søknad til REK. Prosjektprotokoll.	iii
Vedlegg 3:.....	vii
Brev frå REK datert 13.09.06.	vii
Vedlegg 4:.....	ix
Brev frå NSD datert 21.09.06.	ix

Vedlegg 5:.....	xii
Brev til informantane, invitasjon til samtale vår 2007,	xii
med samtykkeerklæring.....	xii
Vedlegg 6:.....	xv
Notat fokusgruppe, datert 18.04.2008	xv

Samandrag

Denne oppgåva er skriven med utgangspunkt i seks asiatiske menn som har delteke i eit gruppetilbod ved ein vaksenpsykiatrisk poliklinikk, våren 2005. Dei har rømt frå heimlandet sitt, land som har vore/er i krig og der folk til dømes blir forfølgde, fengsla og torturert. Dei har sett og erfart mykje vald og død i heimlanda sine. Eg har intervjuet fem av dei med mål om å fange dagleglivet deira og spesifikt få fram korleis dei taklar kvardagen.

Det teoretiske utgangspunktet mitt er eit interseksjonalitetsperspektiv. Interseksjonalitet er først og fremst utvikling av eit teoretisk perspektiv som koplar makt og ulikskap til individ sine handlingsmoglegheiter. Individ skapar moglegheiter og avgrensingar for sine livspraksisar, innafor samfunnet sine rammer, rammer dei og påverkar. Det empiriske arbeidet er knytt til livsformsintervju. Eg har gjennomført samtalar med den einkilde av informantane med utgangspunkt i gårdsdagen deira som eksemplarisk prinsipp for deira kvardagsliv.

Eg har teke utgangspunkt i sentrale politiske føringar for integrering av innvandrarak, *Handlingsplan for integrering og inkludering av innvandrerbefolkningen*, vedlegg til St.prp. nr 1 (2007-2008). Der vert det peika på fire område som er viktige for inkluderingsarbeidet:

- Arbeid
- Oppvekst
- Utdanning og språk
- Likestilling og deltaking

Informantane, dei fem asiatiske mennene, gav gjennom livsformsintervjuet eit blikk inn i kvardagsliva sine. Intervjumaterialet vart analysert med utgangspunkt i problemstillinga og dei teoretiske perspektiva. I tillegg intervjuet eg tre kvinner i ei fokusgruppe. Kvinnene arbeider i same bydel og har eit særskilt ansvar for å avklare arbeidsevna, og hjelpe folk attende til arbeidslivet.

Trass i at informantane bur i demokratiske og frie Noreg, viser studien at desse asiatiske mennene stadig er prega av sine traumatiske opplevingar i heimlandet. Dei har levd i mange år prega av ikkje å kunne stole på folk, dei har vore forfølgde og overvaka. Dei har levd i eit system med angjeveri. I byrjinga av opphaldet i Noreg skaffa dei fleste seg arbeid, men etter kvart fall dei ut av arbeidslivet. Dei har få venner og eit lite sosialt nettverk. Vi ser at mennene i undersøkninga relaterer seg til heimlandet via TV, Internett og telefonkontakt som på mange vis fører til at dei lever liva sine i ei krigssone. Dei vert døgnet rundt minna om krig og elende. Døgnrytmen vert snudd, og dei vert på eit vis tidsforstyrra.

Mennene finn tilsynelatande godt fram i hjelpeapparatet og brukar det aktivt. Dei signaliserer ikkje at det norske samfunnet verkar for komplekst for dei, slik mange etnisk

norske ”likar” å tru. Alle mennene har trygd eller sosialhjelp som inntekt på intervjutidspunktet. Ingen er i lønna arbeid. Den økonomiske situasjonen verkar å vere lite forutseieleg. Uførtrygd kan verte stoppa, søknad om økonomisk sosialhjelp til livsopphald er meint å vere ei kortvarig yting. Søknader må fremjast og behandlast, og saksbehandling kan ta tid. Økonomien skapar bekymring.

Sideblikket frå fokusgruppa skildrar møte med innvandarmenn som det kan vere verdt å stille spørsmål ved. Møta kan opplevast som ein ”kulturkollisjon”. På den eine sida skal damene opptre fagleg dyktige og profesjonelle og vise respekt for brukarane. På den andre sida kjem menn med ein heilt annan kulturbakgrunn og kvinnesyn, utan erfaring frå eit velferdssystem der kvinner også har ei aktiv arbeidsrolle på lik linje med menn. Dei kvinnelege tilsette skildrar erfaringar som tilsynelatande bryt med det norske lovverket når det gjeld diskriminering på grunn av kjønn. Mannlege brukarar går ikkje av vegen for å kjøpslå, noko som kan verke å vere eit heller ukjent fenomen for dei tilsette. Dette kan vere ei utfordring, for kjøpslåing er ikkje ein del av den faglege tradisjonen i Noreg.

Denne studien viser at det er fleire tema som bør settast på den offentlege dagsorden. For å unngå nokre av kulturbrytningane, bør kanskje saksbehandlarar (og behandlarar) få meir kompetanse om andre kulturar, eller også utvikle ein kultursensitiv praksis. Samstundes kan tida vere inne for at det offentlege tek ein diskusjon om det er riktig at den medisinske tradisjonen (og profesjonen) skal ha den sterke dominansen over behandlingssituasjonen for menneske med store psykiske helse- og sosiale problem. Legeprofesjonen, og til dels psykologprofesjonen, dominerer i stor grad behandlinga ved at fokuset deira i stor grad ligg på diagnose og diagnostikk som premiss for god behandling. Det kan vere verdt å utvikle ein praksis meir i retning av å legge vekt på pasientane sine ressursar med målsetting om auka livskvalitet. Fokus bør kanskje ligge på ei meistringslinje, heller enn ei arbeidslinje, slik Rita Elisabeth Eriksen tek til orde for i si doktoravhandling.

Abstract

This study is based on a project at a psychiatric clinic in which of a group six Asian men participated in the spring of 2005. They had fled from their native countries, countries which had been, or were, at war, and where people were evidently persecuted, imprisoned and tortured. They had seen and experienced much violence and death in their own countries. I have interviewed five of them with the aim of understanding their daily lives and specifically how they tackle everyday life.

My theoretical basis is on an intersectional perspective. An intersectional perspective is primarily the development of a theoretical perspective which links power and the differences in the individuals' ability to take action. The individual creates the space for his way of life within the framework of the society, a framework which he also influences. The empirical work is tied to a way of life interview. I have conducted interviews with each of the respondents based on the previous day as an exemplary principal for daily living.

I have begun with the central political directives for the integration of immigrants, *The plan for integration and including of the immigration people*, appendix to Governmental proposition Nb. 1 (2007- 2008) in which four areas important for integration are pointed out:

- Employment
- Adolescence
- Education and language
- Equality and participation.

The respondents, the five Asian men, gave with their way of life interviews a glimpse into their everyday lives. The interview material was analysed in relation to the approach to the problems and to the theoretical perspectives. I also interviewed three women who work in the same city social services and are responsible for assessing the immigrants' capacity for work and for helping them back into employment.

The study shows that, despite the fact that these Asian men live in a democratic and free Norway; they are still marked by their traumatic experiences in their home countries. They have lived for many years knowing that they cannot depend on people; they have been persecuted and spied upon. They have lived in a system of denunciation. At the beginning of their lives in Norway most of them obtained a job, but after a while they dropped out of the job market. They have few friends and a narrow social network. The men seem to find their way to the social services easily and use them actively. They show no signs that the Norwegian society is too complicated for them, as many ethnic Norwegians "like" to believe.

All the men receive social security as their only income at the time of the interview. None of them are gainfully employed. Their economic situation seems to be very uncertain. Their social security payments can be stopped as they are only meant as a temporary solution. Applications must be sent in and dealt with, and this can take time. The economic situation creates worries.

A sidelong glance from the focus group illustrates facets of the meeting with immigrant men which can be worth querying. This meeting can be experienced as a “culture collision”. On one side are the female social workers who must behave competently and professionally and show respect for their clients. On the other side are men with a completely different cultural background and view of women, without experience from a welfare system where women also have active employment in the same way as men. The female employees describe experiences which apparently break Norwegian law with regard to discrimination on the grounds of gender. Male clients do not hesitate to bargain, something which seems to be a completely unknown phenomenon for the employees. This can be problematic as bargaining is not a part of the professional tradition in Norway.

This study shows that several subjects should be put on the official agenda. To avoid some cultural collisions social workers (and therapists) should be given more insight into other cultures, or develop a culture-sensitive practice. It may be that the time is ripe for a public discussion concerning the wisdom of allowing the medical tradition (and profession) to dominate the treatment of people with severe psychiatric health and social problems. The medical profession, and to an extent, the psychology profession, largely dominate treatment by focusing on diagnosis and diagnostic as a premise for good treatment. It can be worth while to develop a practice more along the lines of attaching greater importance to the patient’s own resources aiming better quality of life. The focus should maybe be more on tackling the daily way of living rather than focus on work, as Rita Elisabeth points out in her PhD report.

Kapittel 1

Innleiing

1.1. Bakgrunn for val av tema

Masteroppgåva sitt overordna tema handlar om korleis menn med norsk statsborgarskap frå Irak og Iran, også kalla ”ikkje-vestlege” menn, lever kvardagslivet og kva utfordringar dei møter. Dette er ei heterogen gruppe med ulike ressursar og belastningar. Felles er at dei er definerte som alvorleg psykisk sjuke og ufrivillig har flykta frå heimlandet sitt. Eg vart interessert i å finne ut kva dei opplevde som sine viktigaste utfordringar i kvardagen og korleis dei meistrar utfordringane – individuelt og saman med omgjevnadene. Eg vart etterkvart også oppteken av at mange ikkje kjem inn i arbeidsliv eller fell ut av arbeidslivet.

Interessa for dette temaet har utvikla seg over fleire år som klinisk sosionom ved ein psykiatrisk poliklinikk i Oslo, og særleg etter at eg våren 2005 gjennomførte eit behandlingstilbod saman med ein kollega (psykolog), der seks ”ikkje-vestlege” menn deltok. Dette var eit gruppetilbod med fokus på kvardagslivet der deling av meistringserfaringar var sentralt. Korleis er eigentleg kvardagslivet, om lag to år etter gruppetilbodet, for desse mennene?

Erfaringane mine generelt sett er at trass gode intensjonar frå dei offentlige hjelpetilboda, inkludert psykisk helseteneste, fell mange ut av arbeidsliv, isolerer seg, og kjem på mange vis på sida av samfunnet. I studien min ønska eg få meir forståing og kunnskap om korleis mennene taklar kvardagen, samt kva dette kan implisere for hjelparar i helse- og sosialtenesta.

Studien har fokus på menn som har til felles at dei har ei historie med krig, forfølgning og flukt frå fødelandet, altså ufrivillige immigrantar til Noreg. Eg har fokus på personar som er tilvist ein psykiatrisk poliklinikk av fastlege, og menn som vert definert til å ha eit alvorleg psykisk helseproblem. Dette er på mange måtar ei svært spesiell og marginalisert gruppe som er vanskeleg tilgjengeleg for forskning. Eg har fått høve til å forske på dette tema ved å samtale med menn som nettopp er i ein slik situasjon.

Alle mennene sa ja til å delta i studien og dele kvardagslivet sitt med meg, truleg fordi dei er vortne kjende med meg som gruppeleiar for eit behandlingstilbod. Eg har derfor fått eit unikt høve til systematisk å studere kvardagslivet til desse fem mennene med ”ikkje-vestleg” bakgrunn.

1.2. Frå tema til problemstilling

Dette prosjektet har endra seg undervegs. Fokuset er ikkje lenger på om sjølve gruppetilbodet var helsefremjande og korleis vi kan hjelpe dei på ein god måte, men korleis kvardagslivet er for desse mennene i etterkant av behandlingstilbodet. Med det har eg og fått meir distanse til å skulle ”bevise” at gruppetilbodet var bra. Eg har freista å vere open, men samstundes fokusert, til kva eg vil finne ut. Korleis opplever dei sjølve kvardagslivet sitt? Korleis erfarer dei utfordringane i kvardagen? Er det spesielle utfordringar det er viktig å vite meir om for å kunne legge til rette for behandling/samarbeid og inkludering i samfunnet generelt? For å finne ut dette på ein best mogleg måte, forskingsmessig, måtte eg søke etter forskning på området og finne forskingsbasert kunnskap, både vedrørande metode- og faglitteratur. Kva veit vi om kvardagslivet til såkalla ikkje-vestlege menn som går eller har gått til behandling ved ein psykiatrisk poliklinikk?

Først vel eg å sjå på sentrale politiske føringar for integrering av innvandrarak. I *Handlingsplan for integrering og inkludering av innvandararfolkesetnaden*, vedlegg til St.prp. nr 1 (2007 – 2008), vert det peika på fire område som er avgjerande for å lykkast i inkluderingsarbeidet:

1. Arbeid
2. Oppvekst
3. Utdanning og språk
4. Likestilling og deltaking

Eg har valt å operasjonalisere desse kjerneomgrepa som følgjer:

1. Statistisk veit vi at yrkesdeltakinga er lågare for flyktingar og innvandrarak frå ikkje-vestlege land enn for gjennomsnittet for folkesetnaden i yrkesaktiv alder (SSB 2008).¹ Det er ei politisk målsetting å sette i verk ei arbeidslinje med nye tiltak for meir fleksibel stimulering til arbeidsdeltaking for personar med nedsett arbeidsevne. Lønnsinntekt vert også sett som det viktigaste tiltaket for å motverke fattigdom. Målsettinga i *Utjamningsmeldinga* (St.meld. nr. 50 1998-99) er ”fleire i arbeid, færre på trygd”.
2. Mennene i utvalet har komme til Noreg i vaksen alder og har derfor hatt oppveksten sin i Iran og Irak. Eg vil i studien trekke fram sider ved dette, mellom anna at dei synest å ha ein tradisjon for å ”forhandle”, t.d. med hjelparak i velferdssystema. I tillegg vil eg peike på at mennene er fedre og barna deira har oppveksten sin i Noreg. Sentrale tema vert livskvalitet i kvardagslivet.

¹ <http://www.ssb.no/emner/06/01/innvregsys/> (lasta ned den 31.10.2008).

3. I den norske arbeidsmarknaden vert det stadig mindre behov for manuell arbeidskraft og kompetanse retta mot høgskule- og universitetsutdanning vert meir etterspurd. Korleis kjem dette til uttrykk i høve utvalet mitt?

4. Likestilling og deltaking kan gjelde på fleire område. Eg har valt å sjå på likestilling mellom kjønn, og likestilling sett i eit minoritetsperspektiv.

Eg vil i denne studien legge vekt på tema arbeid, men vil og synleggjere dei andre områda som vert sett å vere avgjerande for å lykkast i inkluderingsarbeidet gjennom presentasjon av data og i drøfting av empirien. I handlingsplanen vert det altså slått fast at alle som bur i Noreg skal ha like moglegheiter til å medverke og delta i fellesskapet. Korleis er situasjonen for informantane mine sett i høve kjerneomgrepa i handlingsplanen?

Før eg går vidare inn i tema og val av problemstilling, vil eg kort sjå på fenomenet innvandring for å setje tema inn i ei historisk og politisk samanheng. Eg vil og reflektere over nokre omgrep eg nyttar i oppgåva, nemleg ”ikkje-vestleg” og ”kvardagsliv”.

1.3. Innvandring

Debatten om og med innvandrare har gått føre seg sidan tidleg på syttitalet då nye innvandrargrupper, i første rekke pakistarar og tyrkarar så smått tok til å etablere seg, særleg i Oslo-området. Desse gruppene kom til landet fordi det var behov for arbeidskrafta deira og det var mangel på lønna arbeid der dei kom frå. Ein vanleg term var å kalle dei gjestearbeidarar. Mange rekna med at dei kom for ein periode, og så ville reise attende etter ei tid, som også nokre gjorde. Mange har av ulike årsaker blitt buande i Noreg og er etterkvart blitt norske statsborgarar (Qureshi 2008). Sjølv sagt kom det flyktningar til Noreg også før 1975. Kan nemne flyktingar frå Ungarn etter opprøret der i 1956, men det er først i 1980 og -90 åra vi har fått flyktningar og innvandrare i særleg omfang til Noreg.

Etter at den første straumen av arbeidsimmigrantar stansa i og med innvandringstoppen i 1975, har Noreg til liks med andre vesteuropeiske land teke imot flyktningar frå mange land: Somalia, Chile, Iran, Irak, Vietnam og så vidare. I Noreg utgjer folkesetnaden med innvandrarakgrunn personar frå 213 ulike land og sjølvstyrte regionar (SSB 2008).² Dei har kome hit som flyktningar, som arbeidsinnvandrare, for å ta utdanning eller gjennom familierelasjonar til andre med eller utan innvandrarakgrunn. Folkesetnaden i Noreg ved inngangen til 2008 var på 4 737 400 personar. I dag utgjer folkesetnaden med innvandrarakgrunn nær 460 000 personar, altså ni prosent av folkesetnaden (op.cit.).

² <http://www.ssb.no/innvandring/> (lasta ned den 31.10.08).

Det er vanleg å definere at innvandrarakar består av personar med to utanlandsk fødde foreldre. Omgrepet omfattar førstegenerasjon innvandrarakar som har innvandra til Noreg, og personar som er fødde i Noreg med to foreldre som er fødde i utlandet. Anna innvandringsbakgrunn kan vere utanlandsadopterte, utanlandsfødde med ein norskfødde forelder eller norskfødde med ein utanlandsfødde forelder (op.cit.). Vi ser at fødestad vert vektlagt.

Flyktning er dei som i følge Utlendingsdirektoratet sitt register for flyktingar har flyktningstatus og har fått opphaldsløyve i Noreg. Asylsøkarar er personar som er komne til landet på eiga hand og ber om asyl. Personen vert kalla asylsøkar inntil søknaden er endeleg avgjort (Allan m. fl. 2006). Mange får og opphald på såkalla humanitært grunnlag. Behovet for asyl er ikkje så sterke, men menneskelege omsyn tilseier at desse får opphaldsløyve. Opphald på humanitært grunnlag gjev mellom anna ikkje dei same rettane i høve trygdesystemet. (Kan t.d. nemne krav om bu tid på tre år før ein kan søke uføretrygd). I tillegg er det ei gruppe på 126 nordirakarar som kom på slutten av 1990-talet, dei såkalla MUFerane. Desse har mellombels opphald utan moglegheit for familiegjenforening. Felles for desse menneska er at opphaldsstatus og rett til å bu i Noreg, er uavklart. Opphaldsløyvet vert gjeve for eit år av gongen.

Eg har valt fokus på norske menn med innvandrarakar bakgrunn, også kalla ”ikkje-vestlege” menn. Ikkje-vestleg innvandrarakar er i utgangspunktet ein statistisk kategori som er nytta av Statistisk Sentralbyrå (SSB) for å beskrive personar med bakgrunn frå land i Asia med Tyrkia, Afrika, Sør og Mellom-Amerika og Aust-Europa. Termen ikkje-vestleg kan oppfattast å vere ”verdiladd”. SSB arbeider med å revidere bruken av omgrepa på dette området. Eg har søkt etter andre alternative termar og vel å problematisere omgrepet ”ikkje-vestleg”. Informantane i utvalet mitt er alle frå Irak og Iran. Alle er i dag norske statsborgarar. Innvandrarakar frå såkalla ikkje-vestlege land utgjer no 6.6 prosent av folkesetnaden i Noreg.

1.4. ”Ikkje-vestleg”

Termen ”ikkje-vestleg” gjev mange assosiasjonar. ”Ikkje-vestleg” kan stå som ein motsats til ”vestleg”. Det gjev ei todeling som dekkjer heile folkesetnaden i verda, ”vesten - og resten.” Ved å gjere denne todelinga får ”vi” (etnisk norske) eit omgrep som gjer tydeleg at det handlar om ”oss” og ”dei andre” (ikkje-vestlege). Vi skapar ein avstand. Det er lett å knyte kulturelle verdiar til omgrepa der ”vårt eige”, det kjente og trygge får forrang. ”Dei andre” er framande og på mange måtar ulik ”oss”.

Den svenske forskaren Paulina De los Reyes (2005) problematiserer at; ”De andra” finns nu mitt bland ”oss” och ställer krav på en plats i den rika världen.” Ho viser til dialogen mellom Marx og Foucault og distinksjonen mellom underordning og stigmatisering som kan hjelpe oss til å forstå denne prosessen sine spesielle sider. De los Reyes stiller spørsmål om den politiske dagsorden, som vert tilskrive flyktningar frå land i den såkalla tredje verda, primært handlar om erkjenninga av ein kulturell identitet, eit etnisk og kulturelt utgangspunkt. Omgrepa ”heim” og ”heimland” saknar konkret innhald for dei som for alltid er rykte opp frå røtene sine som landflyktige, hevdar ho. Ei rettferdig fordeling av ressursar internasjonalt og nasjonalt er ein nødvendig føresetnad for å oppnå likeverdige rettar.

Kva rettar og plikter mennesket har i eit samfunn, vil og danne grunnlag for kva liv dei kan leve. Her kan Jürgen Habermas sin kritiske teori om velferdsstaten, der han deler mennesket sitt handlingsrom i to sfærar, ein livsverden og ein systemverden, vere nyttig. (Habermas 1982). Mennesket lever kvardagsliva i ein motsetningsfull posisjon mellom på den eine sida dei politiske og administrative systema med ulike profesjonar, ei systemverd, og på den andre sida ideal frå familie, venner og andre, ei livsverd. Systemverda vert i følge Habermas styrt av ein instrumental ”mål-middel”-logikk der det viktigaste kriteriet som vi dømmar både institusjonar og handlingar etter, er effektivitet. Livsverda er derimot styrt av ei kommunikativ fornuft som baserer seg på at vi i samtalen gjev gode grunnar for våre handlingar. Produksjon er knytt til økonomi og makt. Kultur, normer og verdiar er knytt til livsverda.³ Det er innan desse rammene folk lever kvardagsliva sine.

1.5. Kvardagsliv

At forskning må rettast mot kvardagslivet, kan grunnleggjast både ut frå teoretiske overlegningar og ut frå at andre tilnærmingar har komme til kort (Andenes 1995). Ho eksemplifiserer ved å vise til Bronfenbrennar (1976, s.19) og forskning på barn at ”... mye av samtidens utviklingspsykologi er vitenskapen om barns uvanlige adferd i fremmede situasjoner med fremmede voksne under kortest mulig tidsperioder.” Utforsking av kvardagslivet kan skape eit alternativ til laboratoriet, til konstruerte situasjonar, og til bruk av hypotetiske spørsmål om korleis ein ville ha handla i bestemte situasjonar, haldningsspørsmål m. v, hevdar ho. Alternativet er å orientere seg i den retninga der folk faktisk handlar kvar dag, og der det vi er interessert i, faktisk går føre seg (Andenes 1995).

³ Sjå og kap. 3.1 der eg viser til Bourdieu og omgrepa økonomisk pol og ein kulturell pol.

Kvardagsliv vert ofte nytta på ein måte som tonar ned sosiale, økonomiske og kulturelle forskjellar som om det skulle være ein fristad for tradisjonelle verdiar (Gullestad 1992). Det er derfor viktig å minne om at kvardagslivet omfattar tilværet både heime, eventuelt på jobb og andre sosiale samanhengar. Mennesket er sjølvstekt ikkje unnateke utveksling med det omkringliggjande moderande samfunnet, som om det var ei klassefri sone. Skal ein få eit grep om dei kulturelle og klassemessige forskjellane som er relevante for å forstå variasjonar i korleis folk handlar kvar dag, kjem ein ikkje utanom å utforske kvardagslivet, hevdar Gullestad.

Menneske oppheld seg alltid i ein spesifikk situasjon. Det er dei spesifikke situasjonane eg vil freiste løfte fram i denne studien. Eg vil og snakke med tilsette i tiltaksapparatet for arbeid i bydel for å få eit blick inn frå den kanten.

1.6. Problemstilling

Korleis opplever ”ikkje-vestlege” menn som vert definert til å ha eit alvorleg psykisk helseproblem, kvardagslivet sitt, og kva er dei viktigaste utfordringane?

Eg vel å fokusere på dei fire områda handlingsplanen for integrering og inkludering av innvandrарfolkesetnaden ser som avgjerande for å lykkast, nemleg (1) arbeid, (2) oppvekst, (3) utdanning og språk samt (4) likestilling og deltaking. Ved å løfte opp dei erfaringane mennene har sjølve, kan det gje eit supplement til ei meir gruppeanalytisk tilnærming med teoriar om utstøying og marginalisering. Eg vil i denne studien ha fokus på individet, og den det gjeld.

Eg vel å nytte følgjande teoretiske perspektiv; Interseksjonalitet sett i høve eit minoritetsperspektiv og familie/kjønnspektiv. Samstundes vert det sentralt å sjå mennene og teksten min i eit meistringsperspektiv som eit tillegg til det meir patologiske blikket diagnose og diagnostikk representerer, og som dominerer fagfeltet psykisk helse på ein psykiatrisk poliklinikk.

1.7. Oppgåva si oppbygging

Etter dette innleiingskapitlet, kapittel ein, gjer eg i kapittel to greie for politiske føringar og relevant forskning, for å setje problemstillinga inn i ein politisk- og forskingsmessig samanheng. I kapittel tre legg eg fram teoretiske perspektiv for denne studien. I kapittel fire gjer eg greie for val av metode og i kapittel fem fylgjer ein presentasjon av data. Drøfting av resultata vert gjort i kapittel seks før eg avslutningsvis i kapittel sju diskuterer styrke, moglegheiter og avgrensingar ved studien. Til slutt følgjer moglege implikasjonar for praksis generelt og for sosialt arbeid spesielt. Eg peikar og på implikasjonar for vidare forskning.

Kapittel 2

Politiske føringar samt relevant forskning.

Fokuset eg har valt ligg i skjeringspunktet mellom helse- og sosialpolitikk. Studien omhandlar menn som er definert til å ha eit alvorleg psykisk helseproblem og som er avhengig av gode helsetenester. Det er og menn som på mange måtar lever ”på sida av” samfunnet med omsyn til arbeid. Ein kan stille spørsmål om korleis deltaking i familie- og samfunnsliv generelt er. Utgangspunktet for forskinga er lokalisert til ein psykiatrisk poliklinikk. Eg vel derfor å sjå nærare på nokre politiske føringar som er overordna og styrande for arbeidet ved ein psykiatrisk poliklinikk.

2.1. Politiske føringar

Sjølv om dei fleste i Noreg har hatt ei positiv utvikling på dei viktigaste levekårsområda, viser *Utjamningsmeldinga* (St.meld. nr. 50 1998-99) at utviklinga har gått i retning av marginalisering blant enkelte grupper i folkesetnaden. Svak økonomi i større eller mindre grad fell saman med låg utdanning, svak tilknytning til arbeidsmarknaden, dårleg helse og relativt dårlege butilhøve. Meldinga peikar på at ”ikkje-vestlege innvandrar” (ein term som også vert nytta i offentlege dokument) og personar som får ulike offentlege stønader til livsopphald, er overrepresentert blant dei med låg inntekt. Den viktigaste årsaka til låg inntekt er i følge meldinga først og fremst svak tilknytning til arbeidsmarknaden. Yrkesdeltakinga er lågare for flyktningar og innvandrarakar frå ikkje-vestlege land enn for gjennomsnittet for folkesetnaden i yrkesaktiv alder (op.cit.).

Meldinga viser til at undersøkingar kan tyde på at den sosiale ulikskapen i helse på visse område kan ha auka i 1980- og 1990 åra. Ulikskapar tyder på å ha vorte mindre blant yrkesaktive, men har auka mellom yrkesaktive og yrkespassive. Dei yrkesaktive har og hatt ei positiv utvikling i helse, medan dei yrkespassive har hatt ingen eller negativ utvikling i helsetilstanden. Kva dette kan komme av er komplisert, men moglege forklaringar som er nemnt i meldinga kan vere ulik helseåtfærd og tøffare krav i arbeidslivet, noko som gjer at terskelen for å delta i arbeidslivet er vorte høgare.

Ikkje-vestlege innvandrarar er og særskilt nemnt i meldinga til å ha dårlegare butilhøve enn resten av folkesetnaden. For innvandrarar kan bustadproblema skuldast diskriminering på bustadmarknaden eller også at dei er busett i visse bydelar med låg standard på bustadmassen. Det er i dei større byane, og særleg Oslo, ein finn både dei med dårlegast og dei med beste levekår. Bustadproblema i Noreg er og særleg konsentrert i Oslo og då Oslo indre aust. Her bur ein stor del av menneske med låg inntekt, arbeidsledige, mange mottakarar av økonomisk sosialhjelp og ein konsentrasjon av innvandrarar (op.cit.).

I *Utjamningsmeldinga* skildrar styremaktene tiltak for å betre levekåra for vanskelegstilte personar. Ikkje-vestlege innvandrarar er nemnt blant desse. Det skal settast i verk ei arbeidslinje med nye tiltak for meir fleksibel stimulering til arbeidsdeltaking for personar med nedsett arbeidsevne. Manglande norskkunnskapar og kompetanse, eller følgje av diskriminering i arbeidslivet er nemnt som årsaker til låg deltaking i yrkeslivet (op.cit.). Stortingsmelding nr. 25 (1996-97) *Åpenhet og helhet om psykiske lidelser og tjenestetilbudene* tok sikte på å gje grunnlag for betre og meir samanhengande tenester til menneske med psykiske lidingar. Stortingsmeldinga peika på behovet for ei generell kompetanseheving og kvalitetsutvikling innan psykisk helsevern. Brukarmedverknad samt at pasientar innan psykisk helsevern skulle vernast mot tilfeldig og utilstrekkeleg underbygt behandling, vart vektlagt. Som ei oppfølging av St.meld. nr 25 la regjeringa fram St.prp. nr 63 (1997-98) *Opptappingsplan for psykisk helse 1999-2006*. Opptappingsplanen for Psykisk helse hadde som mål å sikre god allmennhelse i folkesetnaden og er viktig i høve til målet om utjamning av levekår.

Opptappingsplanen er vidareført i *Nasjonal strategiplan for arbeid og psykisk helse (2007 – 2012)*. Eit inkluderande arbeidsliv vert sett som eit svært viktig mål. Målet er at flest mogleg kjem i arbeid. Det er viktig både for den enkelte og for samfunnet. Målet er at flest moglege menneske med psykiske lidingar i størst mogleg grad skal få bruke ressursane sine i arbeidslivet, og at teneste og tiltak skal legge til rette for dette. Gjennom denne strategien er målet å bygge bru mellom arbeids- og velferdsforvaltinga og helsesektoren for denne gruppa. *Nasjonal strategiplan for arbeid og psykisk helse* er eit supplement til St.meld. nr 9 (2006 – 2007) *Arbeid, velferd og inkludering*.

Det er ulike regjeringar som står bak desse stortingsmeldingane. Dei politiske føringane for feltet psykisk helse, arbeid og inkludering sett i høve også ikkje-vestlege innvandrarar, verkar samstemte. Slik eg tolkar desse dokumenta er det stor semje om målsettinga om at flest mogleg skal kunne nytte ressursane sine i arbeidslivet. Ein kan stille spørsmål ved at det trass politisk semje, likevel er så få aktive i arbeidsmarknaden.

2.2. Relevant forskning

Forskingssområdet mitt omhandlar altså norske menn med bakgrunn frå Asia, som har komme til Noreg som flyktingar. Dette er menneske som ikkje frivillig har valt å migrere for å søke arbeid. Eg vel å presentere følgjande studiar som eg meiner er relevante då desse studiane set lys på ulike sider ved problemstillinga.

Innvandring til Noreg frå andre verdsdelar er eit relativt nytt fenomen. Det finst likevel enkelte tidlege norske forskingsrapportar som omhandlar flyktingar sin psykiske helse (Eitinger 1958). Dei seinare tiåra har vi fått ei relativ stor breidde og volum i forskning på etniske minoritetar og behandling. Særleg innan psykisk helsevern har fokus på flyktingar vore på behandling av traumatiserte pasientar.

Psykososialt senter for flyktingar har vore eit kraftsenter i dette arbeidet og har stått for kombinert forskning og klinisk arbeid med flyktingar i 14 år fram til senteret dessverre vart lagt ned i 2004. Senteret har og gjeve rettleiing for behandlarar ved poliklinikken der eg arbeider, for å styrke klinisk praksis for denne gruppa. Den forskingsmessige verksemda er no delvis overført til Nasjonalt kompetansesenter for vald og traumatisk stress (NKVTS) og delvis til Nasjonalt kompetansesenter for minoritetshelse (NAKMI).

Vi ser ovanfor at dei politiske føringane også for denne gruppa som både har bakgrunn i eit anna land (innvandrarar) og psykiske helseproblem, er at arbeidslinja er sentral som sikring mot fattigdom. Espen Dahl og Thomas Lorentzen (2007) har føreteke ein studie av effektar av ulike arbeidsmarknadstiltak for sosialhjelpsklientar. (Alle i utvalet er avhengig av ei eller anna form for stønad, sosialhjelp eller trygd). Dahl og Lorentzen konkluderer med at dei beste tiltaka for å nå målet om ”fleire i arbeid, færre på trygd” er retta mot sosialhjelpsmottakarar som står nærare arbeidsmarknaden. Desse tiltaka er omfattande ved at dei gjerne strekker seg over tid, noko som derfor er både ressurskrevjande og kostbart.

Det er tiltakskjeder som kombinerar kvalifisering (t.d. AMO kurs) og arbeidstrening eller som kombinerer kvalifisering og lønnstilskot som gjev positive effektar på inntekt og yrkesdeltaking. Effekt av tiltakskjeder som inneheld sysselsettingstiltak (t.d. KAJA) viser seg vere ubetydeleg. Dahl og Lorentzen peikar og på at sjølv om arbeidsinntekta i gjennomsnitt er høgare i tiltaksgruppene som kombinerer kvalifisering og arbeidstrening/lønnstilskot enn i samanlikningsgruppene (sosialhjelpsmottakarar som ikkje deltek i tiltak eller som deltek i sysselsettingstiltak) er det likevel mange deltakarar som ikkje oppnår ei ”anstendig” arbeidsinntekt, dvs. inntekt over folketrygdas minsteyting.

Dahl og Lorentzen har analysert effektar av ei rekke ulike tiltaksprogram for arbeid, sysselsetting og kvalifisering. Dei erfarer at det er ein klar samanheng mellom tiltakstype, kven

som får tilbod om kva (seleksjon) og effektar. Resultata deira tyder på at ”bakkebyråkratane” føretek ei matching av tiltak og deltakarar på ein slik måte at dei dyraste, og truleg mest effektive programma og tiltakskjedene, vert reservert dei sosialhjelpsklientane som står nærast arbeidsmarknaden og som ikkje har for store problem. Denne positive rekrutteringa til tiltak, det dei omtalar som ”creaming” av langvarige sosialhjelpsmottakarar, gjev positive effektar for dei få, men er ikkje nødvendigvis store og sosialpolitisk betydningsfulle.

Dahl og Lorentzen stiller og spørsmål om kor mange av langtidsmottakarane som kan hjelpast ut av rolla som sosialhjelpsmottakar med denne typen tiltak. Dei viser til ein studie av van der Wel et al (2006) som seier at om lag 60 prosent av langtidsmottakarar av sosialhjelp har dårleg mental helse og rundt halvparten har eller har hatt tilleggsproblem (alkohol- eller narkotikaproblem). Dei stiller spørsmål ved om dei svakaste, det vil seie fattigdomssatsinga si eigentlege målgruppe, i det heile teke har fått hjelp, eller om dei er haldne utanfor fattigdomssatsinga fordi tiltaka ikkje er tilpassa deira behov.

Dahl og Lorentzen konkluderer med at det framleis er behov for ein anstendig og varig stønad for vanskelegstilte med små moglegheiter til å komme seg inn på den ordinære arbeidsmarknaden. Dei meiner at vi må akseptere at ordinært arbeid og eiga inntekt er eit urealistisk mål for mange sosialhjelpsmottakarar, særleg langtidsmottakarar. Andre mål må formulerast, hevdar dei, målsettingar som t.d. mindre bruk av rusmiddel, høgare livskvalitet, meir orden og struktur i kvardagen, betra meistringskontroll og utvida sosialt nettverk.

Forskinsinteressa mi omhandlar kvardagslivet med spesielt fokus på deltaking i familieliv og meistring av utfordringar i dagleglivet. Rita Elisabeth Eriksen (2007) si doktoravhandling omhandlar kvardagen som langtidssosialklient. Doktoravhandlinga er ein kvalitativ studie som baserer seg på 21 informantar, 9 kvinner og 12 menn. Ut frå korleis ho har namngjeve informantane (norske namn), kan det tyde på at desse er etnisk norske.

Eriksen har fokus på meistring i eit (brukar) medverknadsperspektiv. Studien fokuserer på å få meir innsikt i korleis sosialhjelpsklientar meistrar ei rekke utfordringar som kan vere meir eller mindre komplekse. Deira opplevde utfordringar i kvardagen spenner over eit vidt område frå arbeidsløyse, dårleg råd, flytting, helseplager, bustadproblem, vald, misbruk, brotne relasjonar, media sin tendens til å skape og reflektere verdiar om sosialklientar og til styremaktene sine iverksettingar av nye sosialpolitiske reformer.

Forskaren har hatt ei open tilnærming i intervjusituasjonen, meir som ein samtale der informantane i stor grad var førande for kva som vart form og innhald i intervjuet. Dei to viktigaste opplevde utfordringane i informantane sine skildringar er arbeidsløyse og å leve med dårleg økonomi over tid. Desse utfordringane vert erfarte som basale i informantane sine

livsverdenar, då dei legg rammer som innverkar på deira meistingsmoglegheiter og avgrensingar elles i livet.

Ulikt syn på sjukdom og helse gjev spesielle utfordringar i ein behandlingssammenheng. Til dømes ulikskapar når det gjeld å skildre og forstå plager og lidning. Eg vil her vise til masteroppgåva til Trine Melvær; *Etniske minoritetspasienters møte med psykisk helsevern* (2007). Ho studerte seks informantar sine behandlingserfaringar med individuell samtalebehandling ved psykiatriske poliklinikkar. Ho konkluderer m.a. med at det er viktig at fagfolk utviklar ein kultursensitiv arbeidsmåte, uavhengig av kva system ein arbeidar i. Melvær forstår kultur som førestillingar på ideplanet, som vert utvikla frå oppveksten i ein kontekst, og utgjer ei ramme for tolking av verda. Ho meiner det kan vere nyttig å arbeide for ei meir open haldning til klientars oppleving. Ho peikar og på at det er klart at psykisk helsevern ikkje kan behandle bort mykje av den urettferd minoritetar opplever.

Tonje Holt og Juliane Liland Monstad (2006) har utført ei kvalitativ studie av psykologars arbeid med flyktningar. Studien baserer seg på kvalitative intervju av 11 psykologar ved poliklinikkar i Oslo-området som arbeider med flyktningar i psykoterapi. Dei konkluderer m.a. med at det er viktig å sjå heile pasienten sin sosioøkonomiske situasjon og møte denne, før psykoterapi vert aktuelt. Det er tidkrevjande arbeid kjem det fram i studien. Det er eit poeng at Holt og Monstad ikkje stiller spørsmål ved (eller reflektert over) om psykologar har den kompetansen som vert etterspurt – og kanskje derfor vert arbeidet med å løyse sosioøkonomiske problem opplevd meir omfattande og krevjande, fagleg og tidsmessig?

Tove Håpnes og Berit Berg (2004) har utført ein pilotstudie om innvandrarkvinner si tilknytning til arbeidslivet. Studien konkluderer med at ikkje-vestlege kvinner/innvandrarkvinner har det enno vanskelegare på arbeidsmarknaden enn menn. Individuelle avgrensingar handlar i mange tilfelle om språk og sider ved levekåra, t.d. avgrensingar i høve helse, omsorgsansvar m. v. Men studien peiker på at dei fleste barrierane vert skapte i møtet mellom individuelle føresetnader, strukturelle og kulturelle forhold. Det individuelle eller kulturelle kan sjeldan sjåast isolert då det er i samspelet mellom fleire forhold at problematikken vert skapt og oppretthalden. Håpnes og Berg har vore innom område knytt til kvalifisering og integrering i arbeidslivet. Vanskane og mytane er gjort greie for i studien.

2.3. Oppsummering

På bakgrunn av presenterte politiske føringar og forskning som omhandlar ”ikkje-vestlege menn” summar eg opp at dei kan forståast som marginaliserte på ei rekke levekårvariablar.

Mange har så dårleg funksjonsevne at dei har vanskar med å fungere i kvardagen. Nettopp oppleving av at mange såkalla ikkje-vestlege menn tilsynelatande har vanskar med å fungere i kvardagen, var og bakgrunn for at ein kollega og eg våren 2005 tilbaud eit gruppetilbod for denne pasientgruppa, med fokus på meistring av kvardagslivet. Det vart likevel tydeleg at det trengst meir forskning for å kunne forstå korleis mennene faktisk lever kvardagsliva sine for å kunne hjelpe denne gruppa på ein betre måte. Mange fell som nemnt også ut av arbeidslivet.

Studiar over levekår er i hovudsak basert på kvantitative metodar. Slik kunnskap er nyttig for å forstå ein del fenomen, men den kan vere vanskeleg å nytte i praktiske tilnærmingar mellom pasientar og profesjonelle. Ei rekke utfordringar i ikkje-vestlege personar sine nye liv i Noreg er dokumenterte, men deira ressursar er ikkje tilsvarende lyssett.

Målet mitt er å få meir kunnskap om ikkje-vestlege menn sine individuelle meistringar. Eg fann ingen treff på søk på studiar som tok utgangspunkt i ikkje-vestlege menn sin kvardag, der meistring vart lyssett i djupna eller der fokus var på deira ressursar. Eg fann heller ikkje studiar for denne gruppa; ikkje-vestlege menn med bakgrunn i krig og flukt der fokus er på deltaking i arbeidslivet. Det verkar vere behov for meir kunnskap om ikkje-vestlege menn med utgangspunkt i individet. Innan fenomenologien vektlegg ein at mennesket si oppleving av verkelegheita kan vere ulik avhengig av den ståstad aktøren har. Det er sentralt for meg å ha eit ressursorientert perspektiv for behandling og meistring i denne studien av ikkje-vestlege menn sine livsverdenar. Den inkluderer også dei næraste, familien deira.

Kapittel 3

Teoretiske perspektiv

3.1. Innleiande refleksjonar

Det individorienterte psykiatriske blikket kan skygge for å sjå mennesket som meistrande aktør i ein samanheng, i ein kontekst. Eg meiner det er viktig som klinisk sosionom og tilsett ved ein psykiatrisk poliklinikk å ”sjå personen i situasjonen”, slik faget sosialt arbeid løfter opp. Det same gjeld ved forskning. Forsking om folk sine kvardagsliv vert ofte gjort innfor eit sosiokulturelt perspektiv som handlar om å studere kva folk faktisk gjer (Solem m.fl. 2008). Solem, Tilden og Thuen tek til orde for at behandlingstilgjeldende miljø aktivt bør bidra med praksisnær forskning for å gje terapeutar auka forståing og kunnskap om familien som system, og om ytre faktorar som påverkar familiesystemet. Slik kunnskap vil truleg og bidra til meir nyttig behandling for dei det gjeld, hevdar dei.

May-Britt Solem (2000) tek til orde for bruk av multimetodisk tilnærming og multiperspektiv tilnærming både i klinisk arbeid med familiar og i forskning. Eit biopsykososialt fagleg perspektiv der interpersonlege og kontekstuelle faktorar vert sett som sentrale og betydningsfulle, bør inkludere ei heilskapsvurdering der salutogene (helsefremjande) faktorar og inngår som ein nødvendig del av bilete, hevdar ho. Denne tenkinga får fram kompleksiteten mennesket lever og handlar i, og vil vere nyttig også ved analyse.

Pierre Bourdieu (1997) føreset ein tosidig forskingsstrategi der ein må studere både dei sosiale omgjevnadane og korleis individa kroppsliggjer ulike haldningar (habitus) til desse omgjevnadane. Bourdieu såg føre seg samfunnet som eit multidimensjonalt rom. Det som karakteriserer heile det sosiale rommet er ein todelt dominansstruktur mellom ein økonomisk pol (pengar og eigedom) og ein kulturell pol (utdanning, kunst, vitskapleg og litterært arbeid). Mengda av og kvaliteten til desse ulike sosiale ressursane – eller kapital som Bourdieu kallar dei, avgjer individa sine sosiale plasseringar i samfunnet. Kulturelle tradisjonar og verdier er skapte av tidlegare generasjonar og utgjer system som gjev mening og rom for handling (Andenes 1995). Dei kulturelle tydingssystema er ikkje gjevne på førehand og uforanderlege einingar, men veks fram gjennom sosiale transaksjonar som regulerer forholdet mellom person og omgjevnader (op.cit.). Dei kulturelle tydingssystema som vi alle handlar ut frå, vil vere ulike ut frå at vi har ulik kulturell bakgrunn eller kapital. Handlingsrommet vil og vere ulikt ut frå

kva posisjon den enkelte har, til dømes om posisjonen er som minoritet eller majoritet (Eriksen 1997), og kva den enkelte ser som mogleg (Andenes 1995, Bourdieu 1997).

Bourdieu (1997) peikar på at individet kroppsleggjer ulike haldningar til omverda ut frå tidlegare erfaring og levd liv, ein habitus, som formar handlingane, kva individet ser som moglege alternativ eller disposisjon for handling. Han overskrid altså aktør/struktur dualismen gjennom sine sentrale omgrep habitus, felt og kapital. Vi har mykje å lære av Bourdieu i det han var svært opptatt av å overskride dualismar, eller som han sjølv formulerte det, ”å bryte med en hel serie av i sosial henseende meget sterke motsetninger – individ/samfunn, individuell/kollektiv, bevisst/ubevisst, engasjert/uengasjert, objektiv/subjektiv etc – som synes være konstituerende for enhver normalt konstituert tankegang” (Bourdieu 1997, s. 12 gjengjeve etter Solem m. fl. 2008). Det er viktig å stille spørsmål ved det gjevne, og ved sjølve måten vi tenker eller konstruerer samanhengar på. Då kan vi kanskje sjå noko nytt, noko vi ikkje har tenkt om på same måte tidlegare.

Som sosionom ynskjer eg å tilføre eit meistringsperspektiv inn i psykisk helse som supplement til det meir individorienterte psykiatriske perspektivet med fokus på diagnose og patologi. Altså legge meir vekt på å finne ut av kva strategiar menneske nyttar for å takle kvardagen sine utfordringar og moglegheiter. Ved å fokusere på ”personen i situasjonen”, i familien og i samfunnet, vert perspektivet for å forstå kvardagslivet utvida. Studien omhandlar menn med ”ikkje-vestleg” opphav, menn eg har fått innblikk i familielivet til ved bruk av livsformsintervju (Andenes 1991).

Informantane sine erfaringar og korleis dei opplever kvardagen, den sosiale praksis, kan undersøkast ved å nytte ein kvalitativ studie. Kvalitative metodar eignar seg for å utforske meningsinnhaldet i sosiale fenomen, slik det vert opplevd for dei involverte sjølve. Eg vel derfor å sjå kort på handlingsteori før eg konkret ser på teoretiske perspektiv for denne studien.

3.2. Handlingsteori

For å forstå folk sine handlingar, kvifor dei gjer som dei gjer, må vi knytte handlingar til kva dei vil, altså motiv for handling, og kva dei ser som mogleg ut frå sin situasjon/posisjon.

Jensen og Johnsen (2006) peikar på at vi som menneske handlar med innsikt og bevisstheit og altså har motiv for det vi gjer:

Handlinger og motiver udspringer af den virkelighedsopfattelse, som vår *livsverden* udstyrer os med. På baggrund af vores virkelighedsopfattelse, bliver der mening og sammenhæng i det vi gør, og denne mening kan gøres forståelig for andre gennem sproglig formidling. En persons livsverden er et *reservoir* af selvfølkelig viden (Jensen og Johansen 2006:207).

Kva betyr noko, kva er verd å investere i? Dette kjem altså an på korleis vi ser og forstår verda (livsverden).

Bourdieu definerer omgrepet habitus for noko av det same. Habitus er ei grunnorientering som er historisk og kulturelt konstruert i mennesket gjennom livet. Ein gjeven historisk tilstand i eit felt dannar dei ytre sosiale forholda for individa, men eit viktig spørsmål for Bourdieu var at desse ytre tilhøva ikkje kunne forklare korleis individa handla. I staden meinte Bourdieu at aktørane kroppsleggjer ulike haldningar til omverda – ein habitus som formar handlingane. Habitus må forståast som eit sett av handlingsdisposisjonar forma av dei erfaringar aktøren har gjort. Desse erfaringane er strukturert slik at dei kan overførast til stadig nye område og nye situasjonar. Ein får såleis eit samspel mellom den subjektive erfaringa som aktøren har, og den ytre tilstanden i eit gjeve felt (Bourdieu 1997).

Den ytre tilstanden i eit felt, eller sosiale strukturar, er ikkje noko som berre avgrensar handlingane våre, men er og det som set oss i stand til å handle i verda. Det å handle i verda er også å realisere spesifikke interesser, og inneber at handlingsvilkåra vert omdanna. Samfunnet vert sett som ein meningssamanheng, konstituert av intensjonale sjølvfortolkande aktørar si verksemd, utan at sosial handling dermed vert redusert til meining (Andenes 1995 viser til Giddens 1976). Giddens strukturasjonsteori handlar om korleis kompetente aktørar kontinuerleg reproduserer og endrar sine handlingsvilkår. Handlingsromma vil vere avhengig av den posisjonen aktøren eller mennesket opererer innafør. Makt vert sentralt i dette, og eg har derfor valt å sjå på maktdimensjonen ved analyse av empirien.

3.3. Interseksjonalitet

Interseksjonalitet er først og fremst utvikling av eit teoretisk perspektiv som koplar makt og ulikskap til individa sine moglegheiter til å agere som subjekt innom ramma for samfunnet sine strukturar, institusjonelle praksisar, og rådande ideologiar (Jensen og Johnsen 2006).

Interseksjonalitet set søkelys på korleis kategoriar som etnisitet, klasse, kjønn, nasjonalitet og alder verkar saman, men og bidreg til at desse bakgrunnsvariablane definerer individ som like og ulike i høve til maktposisjonar (Otterstad 2008). Interseksjonalitet gjev ei opning inn i diskusjonen om makt, likestilling og likeverd. Omgrepet tek sikte på å forsøke å ikkje definere kvinner, innvandrar eller arbeidarklasse som gruppe eller kategori. I staden forsøker ein å sjå korleis makt kjem til uttrykk i arbeidsliv, familie og fritid. For å forstå korleis makt er konstruert, må ein halde seg til både tid og rom, historia og det globale fellesskapet, påpeiker de Los Reyes (2005). Dei ulike gruppene sine livsvilkår vert skapt i relasjon til kvarandre, seier ho.

Utvalet mitt er deltakarar og aktørar i ulike makt- eller avmaktsposisjonar. Ved å nytte eit minoritetsperspektiv, eit familie/kjønnspektiv og eit meistringsperspektiv samstundes, kan blikket mot dei fem integrerte (?) mennene gje oss anna forståing og kunnskap om motiv og moglegheit for handling, enn om analyse skulle basere seg på kvart enkelt perspektiv isolert. Målet er å få fram informanten som aktør i sitt handlingsrom. Styrken ved analysen ved å nytte ulike teoretiske perspektiv vil ligge i at mange ulike aspekt ved kvardagspraksisane kan trekkast fram (Otterstad 2008).

Eg studerer kvardagslivet til såkalla ikkje-vestlege menn. Menn som er/har vore pasientar ved ein psykiatrisk poliklinikk. Desse mennene vil i denne konteksten, psykiatrisk poliklinikk, ofte ha kombinasjonar av problem som gjer at ei oppskriftsmessig (manualbasert) tilnærming og intervensjon vanskeleg kan gjennomførast. Merksemd rundt t.d. diagnoser kan føre til at vi som terapeutar leitar etter kjenneteikn hjå pasienten som passar til diagnosen, slik at vår forståing vert stadfesta. Dermed risikerer vi å miste av syne individuelle nyansar som kunne ha betydd "ein forskjell som gjer ein forskjell" både i forståing og intervensjon (Solem m.fl. 2008). Eit meistringsperspektiv kan gjere ein forskjell.

Dette er menn som kom til Noreg i vaksen alder og vart nordmenn, altså norske statsborgarar. Dei kan likevel i nokre samanhengar framleis bli sett som minoritet. Eit minoritetsperspektiv kan synleggjere sider ved ulik maktposisjon som individ har til å agere som handlande subjekt i ein kontekst. Ofte gløymer vi at desse ikkje-vestlege mennene og er del av ein familie som til dømes ektemenn, fedre og forsørgjarar. Og dei er menn. Eit familie/kjønnspektiv set personen inn i ein relasjon, ei ramme for samfunnet sine strukturar, institusjonelle praksisar, og rådande ideologiar.

Eg vel nedanfor å sjå nærare på følgjande teoretiske perspektiv; minoritetsperspektiv og familie- og kjønnspektiv ved også å legge vekt på dimensjonen makt. Avslutningsvis her vil eg legge ut eit meistringsperspektiv som kan vere eit supplement til det meir tradisjonelle patologiske perspektivet, som ein kan seie dominerer ved ein psykiatrisk poliklinikk der fokus i stor grad er på diagnose og diagnostisk arbeid.

3.4. Minoritetsperspektiv

Formålet til *Lov om forbud mot diskriminering på grunn av etnisitet, religion*

mv. (diskrimineringsloven) (2005) er å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar og å hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamning, hudfarge, språk, religion og livssyn. Denne lova regulerer også tilsettingsprosessane i arbeidslivet.

Innvandring til Noreg har eksistert lenge. Hanseatane i Bergen (1400-1760), og finske handverkarar på 16-1700 talet var markerte innslag saman med svenskar. Sigøynarar, tatarar og samar utgjorde dei “synlege minoritetane” og vart utsett for omfattande diskriminering og forfølgning.⁴ Også den jødiske gruppa har merka rasistiske haldningar i Noreg, og skriftleg har det kome til uttrykk i Grunnlova vår. *Noregs Grunnlov*, dokumentet som skulle være retningsgivande for det frie Noreg, tok med ein paragraf som utelukka jødar frå å komme inn til Noreg.⁵

Generelt kan vi seie at det eksisterer to hovudtypar etniske minoritetar i Norden i dag, urbefolkninga og migrantar. Det er den siste gruppa eg har fokus på i denne studien. Minoritetar eksisterer berre i kraft av majoritetar. Dei oppstår i ein relasjon mellom to eller fleire grupper (Eriksen 1997). Det er ikkje nødvendigvis tilfellet at minoritetar er undertrykte og makteslause, at dei vert dominerte av majoriteten. Det er likevel viktig å forstå at medlemar i minoritetsgrupper gjerne har ein del liknande problem som skuldast at dei nettopp tilhøyrrer ein minoritet. Dei kan ha problem med å få innpass på arbeidsmarknaden eller har dårleg politisk representasjon. Når styrkeforholdet er ujamnt, er det den svakaste gruppa som må tilpasse seg den sterkaste. Til dømes må samar og innvandrarar lære seg norsk språk. Det vert vanlegvis ikkje kravd at nordmenn lærer seg minoriteten sitt språk (op.cit.). Det seier seg sjølv at dei som har norsk som morsmål får eit overtak i høve dei som har eit anna morsmål (i Noreg). Å meistre språket til majoriteten vil vere eit ”konkurransefortrinn”, eller med Bourdieu sine termar – ein viktig kapital.

Fokuset mitt er på innvandrarar som ikkje frivillig har valt å busetje seg i Noreg. Immigrasjon handlar om prosessen å flytte frå eit land eller region til eit anna med føremål å slå seg ned. Det er vanleg å skilje mellom frivillig og ufrivillig immigrasjon (Torgersen 2005; Varvin 2003). Den første gruppa inneheld arbeidsimmigrantar og den andre kategorien består av flyktningar og asylsøkarar. Informantane mine tilhøyrrer alle gruppa som i utgangspunktet ikkje frivillig har valt å reise frå landet sitt for å slå seg ned i Noreg. Dei har ei historie med krig og flukt. Denne gruppa ser også ut til å møte større utfordringar i å skulle tilpasse seg det nye livet i eit nytt land (Varvin 2003). Det kan være mange grunnar til det, hevdar Varvin. Dei som har flykta på grunn av krig eller forfølgning har vanlegvis hatt mindre tid til å bli vand med tanken på å måtte forlate alt, enn til dømes arbeidsimmigrantar som reiser for å få eit betre liv.

⁴ <http://www.hvitebusser.no/Webdesk/netblast/pages/index.html?id=104001> (lasta ned den 28.11.08)

⁵ <http://www.dmt.trondheim.no/historie.html> (lasta ned den 28.11.08)

Arbeidsimmigrantar har meir tid til å planlegge avreisa og vil vere meir førebudd på kva dei vil møte. Ufrivillege immigrantar har nok og større risiko for å ha vore utsette for forfølgning og belastningar før og under flukta. Det er rimeleg å tru at menneske også opplever store belastningar ved å bu på asylmottak i uvisse om dei får opphald eller ikkje, og uvisse knytt til kor ein eventuelt får tildelt såkalla bussettingskommune.

Folk som får opphald i Noreg skal bu og leve kvardagsliva sine her som meir eller mindre integrerte borgarar. Integreringsomgrepet vert definert på ei rekke ulike måtar både i faglitteratur og i andre samanhengar. Det er vanleg å skilje mellom omgrepa integrasjon og assimilasjon (Gullestad 2002). Som mål vert termen assimilasjon knytt til eit ynskje om at ”innvandrara” fullstendig skal overta fleirtalet sin kultur, og integrasjon til eit ynskje om at dei skal delta fullt ut, utan nødvendigvis å måtte gje opp alle sine nasjonale og religiøse særtrekk. Det vil vere majoriteten som avgjer når nokon er tiltrekkelig integrert (op.cit). Det auka mangfaldet reiser spørsmål om kva det vil seie å vere norsk og i kva grad og på kva måtar ”innvandrara” får lov til å prege det samfunnet dei vert integrert i. Integrasjon er derfor eit problematisk omgrep, hevdar Gullestad.

Eg nyttar ein definisjon av integrering som inneber at det skal vere samsvar mellom individet sine personlege ressursar og deira moglegheiter til å gjere karriere på sentrale velferdsarenaer. Ein godt integrert flyktning har dei same moglegheitene i utdannings-, arbeids- og bustadmarknad som ein person som tilhører majoritetsbefolkninga med tilsvarende ressursar. Omvendt vil eg karakterisere låg integreringsgrad med manglande samsvar mellom individuelle ressursar og utteljing i velferdsarenaene (Djuve og Hagen 1995). Forhold som motverkar at det vert samsvar mellom individuelle ressursar og utteljing i velferdsarenaene kan vere basert på rasisme.⁶

3.5. Familie- og kjønnspektiv

Familien som institusjon er i sterk endring, med auka førekomst av samlivsbrot, eineforsørgjarar, stefamiliar, etniske minoritetsfamiliar og fleirkulturelle familiar. Det føregår dessutan store verdimessige og politiske endringar som direkte eller indirekte påverkar familiarne sine levekår og oppvekstvilkår til barn og unge (Solem m.fl. 2008).

Historisk sett har bestemte typar familiar vore opphøgd til norm. I den vestlege verda var ”familien” i etterkrigstida lenge einetydande med ein bestemt familietype – den kjønnsdifferensierte kjernefamilien der far, mor og barn bur saman (Ellingsæter og Leira 2004).

⁶ Eg vil kome attende til tema diskriminering og rasisme, t.d. ved drøfting i kapittel 6.5.

Denne familietypen har og vore basis for ”indeksfamilien”, standardfamilien i ulike offentlege økonomiske utrekningar. Over tid har den tradisjonelle kjernefamilien gått sterkt attende i omfang. Levin (1994) har problematisert konstruksjonen familie i boka *Stefamilien – variasjon og mangfold*. Ho konkluderer med at familie er eit fleirtydig omgrep og at; ”Det finnes en rekke eksempler på diskrepanser mellom mer eller mindre offentlige bestemte familiebegrep og menneskenes egne definisjoner” (Levin 1994:305). Det kan vera fruktbart i tillegg til å definere familie ut frå eit samfunnsperspektiv å ta omsyn til dei meir fenomenologiske definisjonane og sjå familie som eit prosessuelt omgrep. Ein må då vere klar over kva type familie ein til einkvar tid snakkar om, seier ho.

Frå 1970-talet har ein meir modernisert variant etablert seg der kjønnsdifferensieringa med omsyn til omsorg og forsørging er mindre uttalt. Ein kan sjå dette som del av samfunnsutvikling og uvikling av likestilling mellom kjønna. Kvinnene fekk lønna arbeid utanfor heimen. I Noreg er det lagt vekt på å styrke relasjonane mellom barn og foreldre, og familiepolitiske reformer har vore grunngjeve i eit ynskje om å etablere nye band, spesielt mellom fedre og barn (Leira 2002).

I løpet av nokre få tiår har idealet om den mannlege forsørgjaren og det kvinnelege husmoridealet meir eller mindre forsvunne til fordel for ei norm om den likestilte familien der både ansvar for forsørging og omsorgsansvar er felles (Ellingsæter og Leira 2004). Klasseperspektivet har fått lite merksemd i seinare års norske velferdsforskning. Mykje talar for at vår tids fokus på individualisme og individualiseringsprosessar på vesentlege måtar underkommuniserer familien sin betyding som økonomisk eining og interessefellesskap (op.cit.).

Med auka innvandring har vi fått ein tilvekst av familiar med meir tradisjonelle familiestrukturar. Familiemønster blant ikkje-vestlege innvandrar i Noreg i dag minner på mange måtar om det familiemønsteret som var vanleg for 40 – 50 år sidan i Noreg. Dette gjeld både når dei etablerer familie, kor mange barn dei får og korleis menn og kvinner organiserer deling av lønnsarbeid og omsorgsoppgåver (op.cit.). Det skulle tilseie at det tillegg mennene i desse ”ikkje-vestlege” familiane store forventingar om å sørgje for inntekt og at kvinnene skal vere heime og ta seg av omsorgsoppgåver. Er det noko som tyder på at det er slik i desse konkrete familiane eg har fått innblikk i kvardagslivet til?

3.6. Meistringsperspektiv

Eg ynskjer som nemnt å tilføre eit alternativt perspektiv til det meir tradisjonelle patologiske perspektivet, eit meistringsperspektiv. Antonovsky (1991) har utvikla omgrepet salutogenese. Perspektivet legg vekt på å fokusere på helsebringande faktorar i motsetnad til patotogenese der fokuset er på faktorar som er årsaker til sjukdom.

Sentralt omgrep i salutogenetisk modell er kjensla av samanheng (Sense of Coherence (SOC)). Antonovsky sin definisjon av dette er:

Følelsen af sammenhæng er en global holdning som udtrykker, i hvilken udstrækning man har en omfattende og varig – men samtidig dynamisk – følelse af tillid til (i) at de stimuli, som man får fra den indre og ydre verden gennem livet, er strukturerede, forudsigbare og begribelige, (ii) at de ressourcer, som er nødvendige, for at man skal kunne møde de krav, som disse stimuli stiller til en, er tilgængelige, og (iii) at disse krav er udfordringer, som det er værd at investere og engagere sig i (Antonovsky 1991:41 etter Jensen og Johnsen 2006:88).

Antonovsky tenker seg at det handlar om ei global haldning til at dei påverknadene ein vert utsette for i livet er begripelege, mogleg å handtere og meiningsfulle for ein sjølv. Fokus på faktorar som aukar psykologisk motstandsdyktigheit (PMD) ved stress vrir perspektivet over mot krefter som verkar helsefremjande.

Ein kan forstå meistring slik den vert opplevd på to hovudnivå, individnivå og i høve omgjevnad. Individnivået tek utgangspunkt i enkeltmennesket (individuell meistring). Korleis opplever aktørane utfordringar i sine livssituasjonar? Korleis opplever menneske sitt strev på å mestre kvardagen sine utfordringar? Omgjevnaden består av to typar nettverk, det uformelle (relasjonar mellom aktøren og familien hans, venner, naboar og kollegar) og det formelle (relasjonar mellom aktøren og personar i velferdssystema) (Eriksen 2007). Meistringsprosessar føregår både på individnivået og mellom individnivået og omgjevnadsnivået.

Kapittel 4

Metode og forskingsdesign

4.1. Innleiande refleksjonar

Eg har valt kvalitativ metode for denne studien ved å samtale med fem norske menn med bakgrunn frå Iran og Irak ved bruk av livsformsintervju. I tillegg nyttar eg fokusgruppe med tre personar som jobbar profesjonelt med å implementere dei politiske føringane for den såkalla arbeidslinja, der målsettinga er ”fleire i arbeid, færre på trygd.” Fordelen med ei kvalitativ undersøking er at det er mogleg å utforske klientens/pasientens og den profesjonelle hjelparen sine erfaringar og perspektiv og i større grad la dei tale for seg sjølve. Dei kvalitative intervju/samtalane er meint å gje innsikt i erfaringsnære perspektiv og omgrep, med utgangspunkt i konkrete erfaringar knytt til dagleglivet (Lopez 2007). Kvalitative metodar er forskingsstrategiar som eignar seg for å utforske meiningsinnhaldet i sosiale fenomen, slik det vert opplevd for dei involverte sjølve innan deira naturlege samanheng (Malterud 2003). Den kvalitative forskingstradisjonen støttar seg til vitskapsteoriar frå postmodernisme og sosialkonstruksjonisme, der forskaren vert sett som ein aktiv deltakar i utviklinga av kunnskapen i alle ledd av kunnskapsutviklinga. Kunnskap vert sett som sosialt konstruert og er i ein kontinuerleg utviklingsprosess.

Til forskjell frå kvantitative undersøkingar som kan omfatte fleire hundre personar, er undersøkinga denne oppgåva er basert på, samtale med eit fåtal personar. Kva kan ein slutte ut frå ei undersøking av berre fem ikkje-vestlege menn? Generalisering er ei teoretisk slutning om forholdet mellom dei undersøkte fenomena og forståinga av tilsvarande fenomen i allminnelegheit. Det er vanleg å tenke at akseptabel generalisering må vera basert på representative utval av ein viss storleik, personar eller einingar, og bruk av sannsynlegheitslogikkar (Andenes 1995). Andenes hevdar at ein og kan resonnerer rundt generalisering på andre måtar, der ein ikkje baserer generalisering på tilfeldige utval, men på at vesentlege kjenneteikn ved dei undersøkte einingane er likeverdige med dei einingane ein generaliserer til, og at skildringane av fenomen er presise, nøyaktige og omfattande (op.cit.). Det føreset ”tjukke” skildringar av fenomen.

Eg vil i denne studien som tidlegare nemnt, ikkje undersøke effektar av behandling, men har som mål å lyfte opp kvardagsskildringar for å seie noko om moglegheiter og barrierar, gleder og sorger, altså livspraksisar, eit fåtal ikkje-vestlege menn, har delt med meg i form av

fokus på gårdagen ved livsformsintervju. Målet er at stemmene til informantane skal komme fram gjennom presentasjon av utvalde sitat og brokkar frå samtalar vi har hatt saman. Kva desse innblikka i kvardagslivet gjev av tankar, refleksjonar og ny kunnskap vil eg komme attende til i dei tre neste kapitla; resultat- og drøftingskapitla. I dette kapitlet vil eg skildre korleis eg metodisk har gått fram.

Innleiingsvis vil eg dele tankar om forskingstradisjon eg er inspirert av og som vert førande i dette arbeidet. Eg vil så skrive ut dei kvalitative metodar eg har nytta. I dette kapitlet vil eg og dele med lesaren refleksjonar over rolla som forskar og informant, og kven informantane i denne studien er. Avslutningsvis vil eg gje lesaren eit blick inn i analysemetoden eg har nytta i studien, som bygger på Amedeo Giorgi (1985) sin fenomenologiske modell.

4.2. Kunnskap forstått som skapt i ein prosess

Den kvalitative forskingstradisjonen støttar seg som nemnt på vitskapsteoriar frå postmodernisme og sosialkonstruksjonisme. Kunnskap vert sett som sosialt konstruert og er i ein kontinuerleg utviklingsprosess. Kunnskapsutvikling er og ein kontinuerleg og utviklande prosess for meg som forskar. Gjennom dette forskingsprosjektet er eg vorten kjent med kompleksiteten det er å forske på kvardagsliv til såkalla ikkje-vestlege menn. Qureshi (2008:128) peiker på at:

Debatten blant politikere, journalister og forskere om de nye innvandrerne i Norge fra begynnelsen av 1970-tallet og frem til nå har i påfallende grad fokusert på problemer, og den gir ofte inntrykk av at det i hovedsak handler om manglende integrering, kulturforskjeller, ulike æresbegreper, begrenset kjennskap til norsk språk, norsk kultur og norske verdier.

Generell forskning er på tilpassing og integrering og ikkje på forskjellar og toleranse for ulikskap, hevdar han.

Eg står i fare for å stadfeste dei same resultatane i denne studien dersom eg ikkje nettopp stiller kritiske spørsmål ved, reflekterer over og let meg inspirere av kva andre forskarar er opptekne av. Spørsmål stilt til eksisterande kunnskap og gjerne konstruerte ”sanningar” som vi ikkje reflekter over og held for sann eller gyldig kunnskap. Teoretiske modellar kan gje viktige innspel i denne ”runddansen” det er å freiste forstå noko som ein ikkje har sett på same vis tidlegare. Ein runddans mellom teori, empiri og eiga forforståing som til slutt skal ende opp i ein samanhengande heilskap, ei masteroppgåve.

Forskingstradisjonen hermeneutisk tilnærming vektlegg fenomenet forforståing som del av forståing eller tolking. Mening i ein tekst eller handling vert forstått ut frå ein kulturell eller historisk samanheng. Sjølv termene hermeneutikk kjem frå gresk og tyder utlegningskunst eller

tolkingskunst og har røtene sine attende til antikken (Nynorskordboka 1993). Hermeneutisk tilnærming synest vere egna til å fortolke handlingar, munnlege ytringar og tekstar. Mykje av det ein freistar forklare er meiningsfulle fenomen, t.d. åtferdsmønster, normer, reglar, verdiar, sosiale rollemønster og liknande. Anthony Giddens (1990) har introdusert termen ”dobbel hermeneutikk.” Med det peikar han på at samfunnsvitskapane bygger på ei verd som allereie er fortolka av dei sosial aktørane sjølve, samstundes som vitskapen går utover denne og rekonstruerer aktørane sine eigne fortolkingar i eit vitskapleg språk.

Det er gjennom språket og omgrepa som vi brukar og har til rådvelde, vi tenker og formidlar oss til omverda. Språk og omgrep kan framheve enkelte aspekt ved fenomen og skjule andre. Sosialisering er ikkje minst eit spørsmål om kva idear, normer, interesser og moglegheiter dei ulike lag av folket har i eit og same samfunn, i tillegg til kva ideologi som vinn herredømmet (Qureshi 2008). Dei fleste samfunna har i seg paradoks, motsetnader, ambivalens og ulemper som ulike lag av folket held seg til på forskjellige måtar, hevdar Qureshi (2008). Han viser til Ansari og Qureshi (1996) som peiker på at forskning om gjestearbeidarar og nye etniske minoritetar er prega meir eller mindre av myter sett saman av eurosentrisme, etnosentrisme, sensasjonsjournalistikk og populistiske politiske antakingar om forskjellar mellom ”oss” og ”dei.” Poenget er at språket og det ”vi” tek som gitt må utfordrast ved å stille kritiske spørsmål til vår eigen forforståing og kunnskap, altså måte å sjå og forstå verda.

Når først eit ”vi” er etablert, finst det og nokre andre, hevdar Otterstad (2008). Gjennom etableringa av eit vi vert avstand mellom majoritet og minoritet konstruert, ofte skildra som at minoriteten er underlegen eller marginalisert. Forskjellar og ulikskapar vert understreka og gjentekne, ofte er dette omtalar av negativ karakter. Slike negative omtalar av dei andre vert bekrefta gjennom diskriminerande merkelappkategoriar som eg og no står i fare for å reprodusere når eg skriv fram denne teksten. Otterstad viser til Montecinos poeng – at majoriteten sine behov for kunnskapar om dei andre moglegvis favoriserer majoriteten. Majoriteten skaffar seg kunnskapar om minoriteten sitt språk, religion og kultur ut frå ein fordelaktig majoritetsposisjon.

I kvalitativ forskning er det sentralt å vere open om eigen posisjon og legge det ope for lesaren. Qureshi (2008:129) peikar på: ”En klar regel for ”innvandringsforskningen” hittil har vært at den har vært utført av etnisk norske forskere.” Vidare: ”Innvandrere brukes hovedsakelig som informanter, som kilder til kunnskapsproduksjon – enten som ledd i oppdragsforskning, til stortingsmeldinger, handlingsplaner eller i forbindelse med egne høyere

studier som for eksempel hovedfag eller doktorgrader.” Det er i denne tradisjonen eg er, som etnisk norsk middelaldrande nordmann, som ”kunnskapar” av master i sosialt arbeid.

Innan kvalitativ forskning opererer ein med ulike typar av metodar. I denne undersøkinga nyttar eg livsformsintervju og fokusgruppe. I tillegg føretek eg eit andregongs intervju, eller samtale med ein av deltakarane i livsformsintervjuet, Elar (namn eg har gjeve ein av informantane). Samtalen med Elar er gjort for å sjå nærare på hans erfaring i arbeidslivet, både før og etter at han kom til Noreg. (Eg spurte fleire i utvalet, men Elar var den som sa ja til å delta).

4.3. Livsformsintervju

”Livsformsintervju” (Andenes 1991) er ein godt etablert metode for å utforske kvardagen slik den konkret vert levd. Opphavleg var metoden utvikla for samtale med barn, men vert no nytta til samtale med folk i alle aldersgrupper for å få innblikk i daglegliv. Målet med livsformsintervju er å lage ein samtale som er basert på at informanten skal fortelje om livet sitt, med felles fokus på nylege og verkelege hendingar ved å gå gjennom gårdagens store og små hendingar. Metoden opnar opp for at dei som deltek i samtalen også får høve til å delta i utforskinga av dagleglivet, vert medforskarar ved at fokus for samtalen er egne erfaringar som vert delte i samtalen.

Ein tek utgangspunkt i gårdagen som eksemplarisk prinsipp for kvardagslivet. Samtalen tek sikte på å studere deltakarane si eigenoppleving av dagleglivet. Sentralt i samtalen er å få tak i ”overgangssituasjonar” der det erfarte og handling vert fokusert. Innfallsporten er å spørje om kva personen gjer i løpet av ein dag og kvifor han gjer det. Ein spør både om det situasjonsspesifikke og om heilskapen, dvs. at den spesifikke situasjonen inngår i eit dagsløp og i ein meir omfattande samanheng (op.cit.). Siktet er å utforske ikkje berre korleis informanten faktisk innrettar seg, men og tenkinga hans omkring det. Spørsmål er av typen: Kva gjorde du då? Er det ofte slik? Er det nokre gonger det er annleis? Korleis forstår du det? Fortel meg noko om ... - noko meir om... . Ein må stille seg open til forteljningane og kva ord dei (og vi) brukar. Andre ser ikkje verda som meg. Eg kan ikkje vere sikker på at dei andre fortolkar som meg. Det vert derfor viktig å stille spørsmål og undre seg saman med informanten.

Det er gårdagen som gjev struktur til samtalen. Målet er å forstå folk sine handlingar, kvifor dei gjer som dei gjer, kva er det som motiverer, kva betyr noko? Kva ser dei av moglegheiter og barrierar eller med andre ord handlingsrom i sine livsverdenar?

Livsformsintervjua (samtalane) vart tekne opp på lydfil og transkribert. Før eg tok kontakt med informantane måtte eg lære meg metoden "livsformsintervju", både ved gjennomgang av metode litteratur, men og ved praktisk øving. Kvale (1997) framhevar at forskaren er det viktigaste verktøyet i kvalitativ forskning og derfor vil kvaliteten på den seinare analyse, verifisering og rapportering av materialet vere avhengig av nødvendige førebuingar til forskingsintervjuet. Eg gjennomførte tre "prøvesamtalar" i forkant med familie og studiekollegar, samtalar eg og transkriberte. Ved å gjere det fekk eg litt erfaring med metoden. Dette var nyttig då eg erfarte at det er sentralt å "dvele" ved tema som dukkar opp, slik at informanten og får tid og rom til å dele sine tankar og refleksjonar i samtalen. I tråd med ei sosialkonstruktivistisk tilnærming vert empirien skapt i prosessen mellom dei to partane i intervjuet.

Malterud (2003:130) peikar på:

Det er fort gjort å styre samtalen altfor mye mot det feltet der vår egen eksisterende kunnskap allerede befinner seg. Da beveger vi oss bare innenfor rammene av forforståelsen. Men selvfølgelig skal vi vise informanten hva slags kunnskap vi er ute etter, ellers risikerer vi bare å snakke om helt forskjellige ting. Det er en kunst å være tilstrekkelig åpen og fokusert på samme tid. Det kan lønne seg å ha is i magen og avvente nysgjerrig når informanten begynner å fortelle om noe som kan virke som en avsporing. Ofte er det langs slike sidespor at den nye kunnskapen befinner seg.

Eg valte å dele intervjuet eller samtalen i to. Første del fokuserte på bakgrunnsopplysingar, når dei kom til Noreg, sivil status med vidare. Siste del hadde fokus på gårdagen. Dette var eit val eg gjorde for å etablere ein "mjuk" start på samtalen.

Etter at eg hadde gjennomført fem livsformsintervju og transkribert dei, fann eg at materialet gav viktige signal om nye spor som det vart aktuelt å gå vidare på meir i djupna, nemleg arbeid.

Sentrale aktørar som er sette til å møte dei utfordringar det er å sikre at menneske som er "på sida av arbeidslivet", får høve til å nytte ressursane sine ved å delta i arbeidslivet, er tilsette ved arbeids- og kvalifiseringstiltaket "Vilje viser vei" i bydel, "frontsoldatane" i velferdsstaten. Eg valde derfor å spørje der om dei (tre personar, alle kvinner) kunne setje av ein times tid i samband med dette forskingsprosjektet. Fokus skulle vere på deira erfaringar med samarbeid med såkalla ikkje-vestlege menn og arbeid. Dette gjer eg ved bruk av fokusgruppe.

4.4. Fokusgruppe

Ein bestemt måte å innhente kvalitative data frå gruppesamtalar vert kalla fokusgruppe (Malterud 2003). Metoden er velegna til å produsere kunnskap om kompleksiteten i danningar

av betydingar og sosiale praksisar som elles er vanskeleg å fange opp i individuelle intervju. Gruppeintervju i fokusgruppe kan mobilisere assosiasjonar og fantasi, ved at gruppedynamikken bidreg til å skape forteljingar. Fokusgruppe er spesielt godt egna om ein vil lære om erfaringar, haldningar eller synspunkt i eit miljø der mange menneske samhandlar (Kvale 1997). Det kan likevel vere ein viss fare for at gruppeeffektar som konformitet og polarisering kan oppstå og hemme variasjonar i deltakarane sine forståingar og erfaringar (op.cit.).

Malterud (2003) peika på at fokusgruppe vanlegvis er sett saman av 5 – 8 informantar som snakkar saman ein time eller to under leing av ein mentor, ein som tek ansvar for at alle kjem til ordet og at deltakarane held seg til tema. I denne samanhengen var eg mentor. Det var berre tre deltakarar i fokusgruppa, og alle kom til ordet. Deltakarane i fokusgruppa kjente meg frå før i samband med at eg representerer poliklinikken i samarbeidet med prosjektet Vilje Viser Vei. Gjennom dette samarbeidet visste eg at dei som arbeider i Vilje Viser Vei har mykje erfaring og kunnskap frå tiltaksarbeid med ikkje-etniske norske og personar, som er på sida av arbeidslivet som følgje av m.a. psykiske problem.

Forskingmessig kan ein stille spørsmål ved kva det kan bety at deltakarane i fokusgruppa kjenner meg som samarbeidspartnar frå poliklinikken, i ei anna rolle enn forskarrolla. Korleis det kan påverke interaksjonen i fokusgruppa og interaksjon med meg som samarbeidspartnar og forskar, er vanskeleg å ha ei klar formeining om. Det eg erfarte var at deltakarane i fokusgruppa snakka og reflekterte ope saman, og at det var ei trygg stemning i gruppa trass i at eg hadde med lydopptakar. Tema eg bad dei snakke om, var om dei erfarer at det er forskjell å arbeide med etniske nordmenn og menn med etnisk minoritetsbakgrunn. Kva er eventuelt likt/ulikt? I tillegg bad eg dei dele eventuelle konkrete eksempel der dei hadde lykkast med ”å få fleire i arbeid og færre på trygd”, altså oppnå dei politiske målsettingane, arbeidslinja, som deltakarane i fokusgruppa har til oppgåve å implementere - i praksis.

Fokusgruppa utgjorde 15 sider ved transkripsjon.

Til sist gjennomførte eg ein samtale med Elar der han fortel si historie om sine erfaringar relatert til arbeid.

4.5. Samtale om arbeid

Føresetnaden for eit godt materiale er at respondenten kjenner seg trygg og ivareteken. Den rikaste kunnskapen får vi tak i dersom informanten vert invitert til å dele erfaringane sine i form av konkrete hendingar som leier fram til ei opplevd historie. Intervjuet skal ha ei deskriptiv

orientering. I følge Kvale (1997) skal intervjuet opne opp for kunnskap som er forankra i informanten si livsverd, altså levande kunnskap slik den ser ut for den som lever det livet vi snakkar om.

Elar fortalde om livet sitt før og etter at han kom til Noreg. Samtalen varte om lag 30 minuttar og omhandla livet før flukt, flukta og den første tida i mottak, etablering i kommune og no busett med familie i Oslo. Fokus var på arbeid og arbeidsrelatert aktivitet. Historia utgjer ti sider transkripsjon og vil bli presentert i redigert form i resultatkapitlet, punkt 5.3.

4.6. Refleksjon ved rolla som forskar og informant

Sentralt i forskning er at det skal vere frivillig å delta. Eg spurte mennene ved avslutting av gruppetilbodet om eg fekk lov å ta kontakt seinare, om det vart aktuelt. Eg informerte om at eg planla eit forskingsprosjekt i forlenginga av gruppetilbodet som skulle ende opp i ei masteroppgåve (skriftleg arbeid). Ein sa det då slik: ”Dersom erfaringane i gruppa vår kan hjelpe andre til å få det betre, er det veldig bra.” No er ikkje fokus direkte relatert til sjølve gruppetilbodet som informantane var ein del av, og som og var utgangspunktet for denne studien. Eg kjenner likevel sterkt på ansvaret det gjev, ynskje om at erfaringar kan hjelpe andre til å få det betre.

Ansvaret for at studien sin relevans og nytte kan vege opp den belastning og eventuelle risiko og ulempe det kan vere for den enkelte å delta som informant eller medforskar, er noko eg som forskar kjenner på. Malterud (2003) viser til at det er fire former for risiko eller belastningar som deltakarane kan utsetjast for gjennom ein kvalitativ studie. Det kan vere *psykisk uro, misbruk, fordreiing* eller *gjenkjenning*. Særleg viktig vert det å utvise aktsemd i studiar som tek opp sensitive tema eller innhentar kunnskap frå utsette grupper. Forskaren sitt ansvar ligg i å overvege verknaden av ulike måtar å gjennomføre datainnsamlinga på, og å bruke erfaringane undervegs til å lære korleis samtalen verkar. Då går det an å styre unna dialog som viser seg å aktivere ubehageleg stoff i større grad enn det som var meininga, hevdar ho. I tillegg vil eg hevde at forskaren og har eit særskilt ansvar for korleis resultata av studien vert presentert slik at ikkje ”kulturelle sanningar” får leve vidare utan kritisk refleksjon.

Kvar er det best at samtalen eller intervjuet finn stad, var gjenstand for refleksjon. Korleis ville det vere for informantane å møte meg som forskar og ikkje behandlar eller gruppeleiar? Korleis ville det vere for meg å møte dei som informantar i eit forskingsprosjekt og ikkje som pasientar? Ville kontoret (arbeidsplassen min) kunne brukast til dette møtet? Ville det vere lettare å ivareta rolla som forskar i ein annan kontekst? Ei sentral forskningsetisk

forplikting er at forskaren må klargjere si eiga rolle i prosjektet, både for seg sjølv og i forhold til informantane (op.cit.). Eg valte, også av praktiske grunnar, å gjennomføre samtalanane på kontoret. Kontoret er ein kjent stad for pasientane og ein stad der vi kunne snakke saman utan å bli forstyrra. Det var heller ingen av informantane som kom med forslag om at møtet skulle vere ein annan stad. Kanskje det kom av at ingen såg moglegheita for at samtalen kunne vere ein annan stad, eller at dei tok det for gitt at dette bestemte Helge (forskaren)?

Eg opplevde at to av informantane ved gjennomføring av livsformsintervjuet hadde spørsmål dei ynskte hjelp til. Ein informant hadde same veka mista mellombels uføretrygd grunna at NAV trygd hadde gjort ein feil ved å tilstå ytinga, og derfor trekte den attende. Han var sjølvsgatt fortvila over å miste inntekta si med den usikkerheita det medfører for heile familien hans. Ein annan hadde nettopp fått avslag på søknad om byte av kommunal bustad, og ynskte hjelp til å klage. Eg løyste dette ved å setje av tid etter samtalen for den eine, og den andre fekk eigen konsultasjon nokre dagar seinare. Malterud (2003) peikar som nemnt ovanfor på at det er viktig at forskaren gjer tydleg si rolle i prosjektet i høve rolla som forskar, eller terapeut/hjelpar.

Eg opplevde at det var viktig og gav meining for informantane at eg gjekk inn i deira problemstilling, og møtte dei på deira ynskje, ut frå kva eg hadde høve til. Eg ville oppleve det uetisk å avvise fordringa. Likevel erfarte eg spørsmåla om å yte hjelp som eit dilemma i høve til å utføre rolla som forskar og ikkje terapeut. Eg trur det var lettare å fremje spørsmåla nettopp ved at vi var på kontoret, ein stad slike spørsmål elles vert tekne opp. Eg har i ettertid og tenkt på om eg ville fått meir ”helse- og meistring” i materialet mitt dersom møtet ikkje hadde funne stad på ein psykiatrisk poliklinikk. Ein psykiatrisk poliklinikk gjev på eit vis ein kontekst der ofte sjukdom og ”uhelse” vert sentralt, og der folk kjem for å få hjelp.

4.7. Utvalet

Utvalet gav seg på eit vis sjølv. Eg tok kontakt med deltakarane som hadde følgd gruppetilbodet ved poliklinikken. Det var seks menn, også kalla ikkje-vestlege menn. Eg har valt å kalle dei Ali, Behar, Ceran, Daran, Elar og Farad. Ein informant, Farad, var forsvunnen og ikkje mogleg å få kontakt med. Farad hadde heller ikkje fått opphaldsløyve i Noreg. Utvalet vart derfor redusert frå seks til fem personar. Dei fem andre som hadde delteke i behandlingstilbodet, sa ja til å delta i forskingsprosjektet. Empirien utgjer følgeleg fem samtalar med livsformsintervju. Eg gjennomførte samtalar med dei på kontoret våren 2007.

Dette er som tidlegare nemnt eit spesielt utval i den forstand at alle har flykta frå fødelandet og er ufrivillige immigrantar til Noreg. I tillegg er dette og personar som er tilvist ein psykiatrisk poliklinikk av fastlege, og menn som vert definert til å ha eit alvorleg psykisk helseproblem.

Kriteria for å delta i gruppetilbodet vil indirekte også vere dei same som gjeld for utvalet i denne studien. Det var ansvarleg for inntak ved poliklinikken (ein psykologspesialist) som føretok utveljing av pasientar til behandlingstilbodet ut frå problematikk i tilvisingane og vurdering av ”rett til nødvendig helsehjelp.” Ein føresetnad var at dette skulle vere menn med ikkje-vestleg bakgrunn som snakka ”godt nok” norsk til å kunne delta i ein samtale utan bruk av tolk. Det skulle i tillegg vere frivillig å delta i gruppebehandling som alternativ til tradisjonell individuell behandling.

Språkkunnskapane skulle kollegaen min og eg, i samarbeid med pasienten, vurdere om var brukbar til samtale i gruppe. Vi gjennomførte ein til to samtalar, men kvar pasient i forkant av gruppetilbodetilbodet. Det viste seg i praksis seinare at vi kanskje overvurderte språkkunnskapane og at tolk kunne vore ynskjeleg. Eg valte derfor i samråd med to informantar å bruke tolk ved gjennomføring av livsformsintervjuet, noko eg vil komme attende til nedanfor.⁷

Eg vel å presentere utvalet også med psykiatriske termar slik det kjem fram av journalar. Informasjonen er følgeleg ikkje del av den kvalitative studien som bygger på livsformsintervju, men vil gje lesaren eit blick inn i den ”medisinske verda.”

4.8. Utvalet sett med diagnostisk blick

Diagnostisering vert av mange vurdert som ein grunnleggande aktivitet ved poliklinikken. Det er krav frå sentrale styresmakter at pasienten vert diagnostisert i løpet av dei to til tre første møta ved poliklinikken. Det er også ein føresetnad for å få refusjonsytingar (betaling) frå Folketrygda.

Diagnostisering vert av mange og vurdert som ein føresetnad for å kunne yte god behandling, og den er i hovudsak eit arbeidsområde (domene) for legar og psykologar. Dette er likevel eit område det er viktig å ha kunnskap om for andre yrkesgrupper, kanskje nettopp fordi det vert lagt slik vekt på? I psykisk helsearbeid kan vi slå fast at diagnosar og diagnostisk aktivitet, dominerer korleis ein skal forstå og tilby behandling/samarbeid. Dette gjeld og som premiss for medikasjon og behandling (samtale/terapi) generelt.

⁷ Bruk av tolk, sjå kap. 4.10.

I norsk helseteneste nyttar vi no den internasjonale sjukdomsklassifikasjonen; *ICD-10. Den internasjonale klassifikasjon av sykdommer og beslektede helseproblemer*. Enkelt kan vi seie at *ICD-10* er ei samling symptom og kommentarar som ei stor gruppe rådgjevarar og konsulentar i fleire land meiner dannar eit passende grunnlag for å definere grenseoppgangar mellom kategoriar i klassifikasjon av såkalla psykiske lidningar.

Alle informantane har fått diagnose. Eg vel å presentere kva diagnosar som er nytta generelt, utan å knytte det opp til kvar enkelt informant. Dette fordi diagnose av mange vert oppfatta som svært kjenslevart og bør derfor underleggast streng teieplikt. Likevel vurderer eg at ein kort presentasjon av kva diagnosar fagfeltet nyttar på utvalet mitt, høyrer heime i denne studien. Eg vel derfor å omtale kva diagnosar som er nytta, samla. Desse funna er henta frå datasystemet DIPS, og er altså ikkje del av samtale med pasientane. Det er verdt å nemne at pasientar sjølvst har tilgang til opplysingar som gjeld seg sjølve, og har som hovudregel fullt innsyn i eigen journal, jamfør *Lov om pasientrettigheter* (1999).

Diagnosar i *ICD-10* systemet er kategorisert i grupper med bokstav (F) og tal (med ein eller to desimalar, alt etter presisjonsnivå). Eg vel å ikkje gå nærare inn på dette i denne samanheng, men viser til *ICD-10 handboka* som og ligg ute på Internett.⁸

Pasientane eller informantane er kategorisert i gruppe ”depressiv episode” med ulik alvorgrad (F32) eller kategorien ”tilpasningsforstyrrelser og reaksjon på alvorlig belastning” (F43.1). Funnet er for så vidt ikkje overraskande når ein tenker på at utvalet (pasientgrunlaget) er menn som vart tilvist poliklinisk behandling og som vart vurdert å ha ”rett til nødvendig helsehjelp”, samt å kunne ha nytte av å delta i gruppebehandling. I følge diagnosesystemet er dette personar med alvorleg psykisk sjukdom.

4.9. Utvalet sett med medikamentelt blikk

Alle mennene i utvalet brukar, eller har brukt, medisin i varierende grad. Ut frå at medikasjon er ein del av det samla behandlingstilbodet ved poliklinikken, vel eg å ta med opplysingar om medisin. Medisin er eit fagområde ved poliklinikken som først og fremst lege/psykiater administrerer i samarbeid med psykiatrisk sjukepleiar.

Bruk av medikament er opplysingar henta frå gjennomgang av DIPS (datasystemet) og delvis opplysingar frå livsformsintervjuet. Medisin som vert nytta er; Cipralex, Imovane, Remeron, Sarotex, Seroxat, Sobril, Tolvon og Zoloft. Som del av å kvalitetssikre medikamentelle opplysningar, kontakta eg ein kollega som er overlege. Han opplyser at alle

⁸ <http://www.who.int/classifications/icd/en/> (lasta ned den 21.11.2008).

pasientane (informantane) har minst eit antidepressivt middel. Nokre har angstdempende og søvn medikasjon i tillegg. Ein har eit eldre antidepressiva (Sarotex), resten nyare.

Dette biletet er nok ikkje utfyllande. Informantane har i tillegg til behandling ved poliklinikken, også kontakt med fastlege (og andre legar) som tilbyr medikamentell behandling. Alternativ medisin til den offisielle skulemedisinen kan komme i tillegg, og kan elles vere aktuelt å nytte uavhengig av etnisk tilhøyre. Det er knytt strenge rutinar og prosedyrar vedrørande administrering av medisin ved poliklinikken, og generelt i samfunnet. Det er berre legar med autorisasjon som kan skrive ut og legalt tilby medikamentell behandling.

Felleskatalog over farmasøytiske spesialpreparat (2008) kan gje nærare informasjon om kva preparat dette er.

4.10. Bruk av tolk

Sjølv om kriteriet for å delta i gruppetilbodet var at deltakarane skulle snakke tilfredsstillande norsk, valte eg/vi likevel nytte tolk i samtalen med Ceran og Daran. Å bruke tolk er noko eg er vand med frå arbeidet ved poliklinikken. Ved gjennomgang av samtalen i etterkant der eg brukte tolk, ser eg at det har gjeve meir rom til refleksjon. Samtalen er ikkje så prega av spørsmål og svar. Eg opplever at det er fleire utfordringar ved bruk av tolk. Mellom anna kjem det ein ekstra person inn i rommet. Ein kan ikkje vere sikker på om meiningsinnhaldet vert noko endra i omsetjingsprosessen. Likevel vurderer eg at fordelar er større enn ulempene. Vi veit at det er lettare å få fram nyansar på eige språk, særleg når språkkunnskapane er heller svake. Skilnad på venn og kjenning er t.d. lettare å ordsette på eige språk.

Eg reagerte på at tolken tilsynelatande sa lite i høve informanten. Då eg stilte spørsmål til tolken i etterkant av samtalen, sa tolken at arabisk er eit biletleg språk og at han oversette meiningsinnhaldet. Tolken kunne og nytte andre ord enn ord ein etnisk nordmann ville ha nytta, t.d. ”destabilisert”, ord som kan gje ulike assosiasjonar og tolking. Tolken, som opphavleg er frå Palestina, nemnde også at eg nytta ordet ”meistring”, eit ord som kunne vere vanskeleg å omsetje. Meistring kan t.d. oppfattast meir som det engelske ordet ”mastery”, altså særst god handtering av noko, og ikkje meir som takling, handtering m. v. Språk er utfordrande, også i forskning, med eller utan tolk.

4.11. Transkripsjon – frå tale til tekst

Malterud (2003) tilrår at forskaren utfører transkripsjonen, sjølv om dette er tidkrevjande. Den som var deltakar i samtalen hugsar gjerne moment som kan vere oppklarande eller er av tyding for meininga i teksten. Det vil og styrke validiteten av analysearbeidet.

Eg valte å transkribere for å få ein tettare relasjon til teksten. Det var og eit kostnadsspørsmål. Eg deltok i skrivegruppe for masterstudentar våren 2007 og valte å dele transkripsjon frå ein samtale i denne gruppa. Det førte til latter. Ein medstudent sa: ” Ja, dette er ikkje enkelt, Helge”. Og det var nok rett. Latteren kom av at dei følte på kor eg streva med å få fram samtalen og tankar om kva som hadde vore innhaldet i gårdagen. Mykje av teksten var svært korte setningar med uttrykk som; hmm, vel, hugsar ikkje, ja, nei. Kvardagen for denne personen var tilsynelatande prega av at det skjedde svært lite som synest verdt å hugse. Det er nok og det inntrykket eg umiddelbart erfarte i andre møter også. Ved å transkribere teksten sjølv, fekk eg høve til å gjere meg kjent med sider av materialet som eg ikkje la så godt merke til under intervjuet. Dette kunne vere latter eller uro når spesielle tema vart omtalt.

Ved gjennomgang av transkripsjonane etter livsformsintervjua, såg eg at eg har mangelfulle data om helse og sosiale forhold. Det var då eg særleg la merke til fråvær av lønna arbeid. Eg valte derfor å utfylle opplysingane eg hadde frå livsformsintervjua ved å gå inn i journal. Eg gjekk systematisk gjennom kvar journal og noterte alt som var skrive av behandlarar relatert til arbeid for den enkelte informant. I tillegg fann eg diagnose- og medikamentelle opplysingar frå DIPS (dataverktøyet ved poliklinikken). Desse opplysingane førte eg inn i ein tabell for å få systematisk oversikt over datamaterialet.

4.12. Analysemetode – mønster i materialet

Den konkrete og praktiske framgangsmåten for systematisk analyse av kvalitative data vil kunne variere frå prosjekt til prosjekt. Malterud (2003) skisserer nokre sentrale val eg som forskar må ta i høve til val av analysestrategi. I kva grad skal eg legge vekt på teori i høve empiri i analysen er eit val. Eg har lagt vekt på empiri samstundes som teori og gjev føringar for heile arbeidsprosessen. Det vert ein vekselverknad mellom empiri og kva teori som er ”passande”. Som ”fersk i forskingsfaget” gjev det ein tryggleik å følgje råd som skal sikre at prosjektet vert gjennomført på ein forsvarleg måte. Malterud vektlegg refleksivitet og systematikk som viktige føresetnader for at analysen kan levere vitskapleg kunnskap.

Data i dette prosjektet vart skapt ved samtale (intervju og fokusgruppe) og materialiserte seg på lydfilet som eg etterpå skriv ut i tekst. I tillegg gjekk eg systematisk gjennom journalen til dei fem (seks) informantane i utvalet. Målet var å finne fram til generelle mønster som kan

gjerast om til teoriar eller generelle omgrep. Denne tilnærminga, ”frå empiri til teori” vert omtala som ein induktiv metode (Malterud 2003; Johannessen, Tufte og Kristoffersen 2006). Indusere tyder ”å føre inn i” og går kort ut på at ein trekk slutningar frå det spesielle til det meir ålmenne.

Teoriutvikling fører gjerne til nye skildringar, og utvikling av nye omgrep kan reise spørsmål om teoretiske modellar (Malterud, 1993). Abstraksjonen har skjedd i pendlinga mellom analyse av empiri og søking etter teori som skulle hjelpe meg til å forstå empirien. Analysen av livsformsintervjua tek utgangspunkt i informantane sine fenomenologiske skildringar av deira kvardagsliv.

Malterud (2003) tilrår å ta utgangspunkt i Giorgis fenomenologiske analysemetode. Modellen består av fire trinn (Giorgi 1985):

1. å få eit heilskapsinntrykk
2. å identifisere meningsdannande einingar
3. å abstrahere innhaldet i dei enkelte meningsdannande einingane
4. å samanfatte tydinga av dette.

Eg fekk eit første overblikk over empirien då eg transkriberte lydfilene og las gjennom livsformsintervjua. Det same gjorde eg med fokusgruppe intervjuet. Ved gjentekne gjennomlesingar danna det seg eit heilskapsinntrykk av materialet eller empirien. Då eg byrja å arbeide med tekstane, vart det sentralt å identifisere meningsdannande einingar. Det gjorde eg ved å ”kode” tekstane. Neste trinn var å abstrahere innhaldet i dei enkelte meningsdannande einingane som materialiserte seg, og til slutt samanfatta eg kva dette kan bety for denne studien.

4.13. Kodeprosessen

Kodeprosessen kan i praksis gjerast på mange forskjellige vis. Eg føretrakk å gjennomføre kodinga fysisk og materielt. Det vil seie at eg gjekk gjennom første livsformsintervjuet (transkripsjonen) og merka tekstbitar med ulike fargar ut frå kva tema eg såg materialiserte seg i teksten ved gjennomlesinga. Eg nytta altså ein induktiv metode. Eg gjorde det same med neste tekst og kunne då nytte kategoriar (tema) frå første transkripsjon og legge til nye tema der det var aktuelt ved dei påfølgjande tekstane. Slik gjorde eg til eg hadde koda (fargelagt) alle fem transkripsjonane frå livsformsintervjua. (Eg gjorde tilsvarende med teksten frå fokusgruppa). Eg hadde då fylgjande ti tema; sivil status, bustad, økonomisk situasjon, trygd/langvarig sosialhjelp, helse/behandling, venner/familie i Noreg, relasjonskontakt med heimlandet, arbeid/tidlegare yrkesaktivitet, aktivitet i høve til å oppnå kontakt med hjelpeapparatet og

kvardagsliv (kva skjer i kvardagen/rutinar). Kategorien ”kvardagsliv” vart mest omfangsrik og inneheld og ”resttema” som ikkje ”passa inn” for å belyse problemstillinga. Kvardagsliv vart for upresist, og eg valte arbeide meir med denne kategorien og kom fram til familieliv som dekkande.

Overnemnde tema er ikkje utvikla som følgje av systematisk refleksjon, men meir det eg såg ”der og då” ved innleiande gjennomgang av tekstane. Malterud (2003) peikar på at det kan dreie seg om 4-8 tema som intuitivt vekker vår merksemd. Tema er ikkje utvikla som følgje av systematisk refleksjon, men meir ein posisjon der eg freista ha ei open naiv haldning til kva tekstane vil gje. Når eg ser på dei tema som kom fram, er nok ikkje desse heilt tilfeldige, men sannsynleg også resultat av eigen opplæring og fagbakgrunn, erfaring og interesser, eller habitus. Vi vil alltid tolke teksten ut frå vårt faglege perspektiv og ståstad, noko som gjev rom for fleire gyldige alternative tokingar samstundes (op.cit.). Til slutt gjekk eg gjennom tekstane frå livsformsintervjua og leita etter informantane sine opplevingar av samanheng i kvardagen (SOC) og nytta ved det også ein deduktiv metode ved analyse av empirien.

4.14. Systematisering av empirien

Lista over tema vart systematisert. Fleire av tema var meir det eg kan kalle bakgrunnsvariablar, til dømes sivil status, bustad, økonomisk situasjon. Kategorien kvardagsliv måtte eg som nemnt arbeide meir med. Eg hadde no gått gjennom teksten ”på langs”. Etterpå sorterte eg tema ”på tvers”, dvs. eg tok meiningsberande tekstdelar ut frå samanhengen dei var i og fysisk lagra dei i eit nytt dokument, samla tematisk frå dei ulike informantane. Dette kan samsvare med Giorgis modell trinn 2-3. Eg har no fått eit heilskapsinntrykk frå materialet (1), og har identifisert meiningsdannande einingar (2) og skal abstrahere innhaldet i dei enkelte meiningsdannande einingane (3) ved å dekonstruere tekstane, altså ”klippe ut” meiningsberande tekstbitar frå råmaterialet og ”lime dei inn” tematisk i ein ny samanheng, eit nytt dokument.

Denne prosessen inneber ei systematisk dekontekstualisering, der deler av teksten vert henta frå sin opphavlege samanheng før eg seinare kan lese teksten i samanheng med tilnærma tema frå andre informantar og fortette meiningsinnhaldet ved abstraksjon. Eg måtte heile tida skjele til den teoretiske referanseramma for studien.

4.15. Abstraksjon

I analysens tredje trinn er meininga å abstrahere den kunnskapen som kvar av kodegruppene representerer. Giorgi tilrår (i følgje Malterud) at vi går gjennom kvar enkelt av dei

meningsberande einingane innan kvar kodegruppe, og omskriv det konkrete innhaldet i tekstbiten til abstrakt meining. Dette kan bli for omfattande, og Malterud (2003) tilrår at ein heller kan arbeide vidare med den enkelte kodegruppa som eining. Dersom materialet er rikt og relevant, kan vi sortere i subgrupper. Kva subgrupper vi festar oss ved, vil prege det perspektivet vi les materialet vårt ut frå. Vi tolkar teksten ut frå vårt faglege perspektiv og ståstad (op.cit.).

Materialet mitt (transkripsjonane) er heller ”magert” med gjennomgåande lite tekst. Det er også ei utfordring. Det vert ”mindre materiale” å kondensere eller fortette. Det er meininga med denne metoden å kondensere, altså fortette innhaldet i kvar kategori, og eventuelt subgruppe. Derfrå kan ein utvikle kunstige sitat også kalla artefakt. Ut frå at eg har heller lite tekst, har eg valt å gripe fatt i det informantane faktisk seier, med pasientane sine eigne ord, og har i liten grad fortetta meininginnhaldet. Eg har likevel arbeidd i retning av abstrahering og meiningfortetting i dei sitata eg nyttar som utgangspunkt for resultatpresentasjon i neste trinn.

I analysen sitt fjerde trinn skal vi setje saman bitane igjen – rekontekstualisere. Dersom målet er å utvikle nye omgrep, har vi underveges justert vår terminologi atskillig etter kvart som materialet viser oss meir om kva som kan vere relevante kategoriar for inndeling og sortering seier Malterud (2003).

4.16. Presentasjon av data

Utvalte sitat frå livsformsintervjua, er utgangspunkt for presentasjonen av data i neste kapittel. Eg deler historia til Elar som innleiing til presentasjon av dei fem tema som materialiserte seg ved livsformsintervjua. Til slutt presenterer eg refleksjonar frå fokusgruppa.

Eg ynskjer at informantane sine stemmer skal komme tydeleg fram i presentasjonen av resultatane. Det dominerande språket i denne oppgåva er nynorsk. Talemålet til informantane ligg nærare opp til bokmål. Eg vel likevel å nytte nynorsk der eg gjengjev resultat ved å nytte sitat. Sitata ligg likevel tett opp til kva som faktisk vart sagt. Eg vel å nytte informantane sine ord, men har redigert bort ”lydar” som eee, eh, mmm, m. v. for at sitata skal framstå som meir lesarvennlege.

4.17. Offentlege godkjenningar til forskingsprosjektet

Regional etisk komité (REK) ser studien som kvalitetssikring av behandlingstilbodet ved sjukehuset (psykiatrisk poliklinikk), og har gjeve løyve til prosjektet då det er forankra i leiinga ved sjukehuset. Det vert stilt strenge etiske krav til å forske på pasientar. Krava vert skjerpa ved

at pasientane er definert som psykisk sjuke og at dei kjem frå eit anna land. Ut frå dette skreiv eg våren 2006 søknad til Regional komité for medisinsk forskningsetikk Sør-Norge (REK Sør), med skisse av forskingsprosjektet. Eg var og i telefonisk kontakt med REK Sør og fekk råd derfrå. Eg vart råda til å forankre prosjektet i leiinga ved sjukehuset. Komiteen behandla søknaden i møte den 07.09.2006 og konkluderte:

”Komiteen oppfatter prosjektet som kvalitetssikring av psykisk helsearbeid. Den omfattes derfor ikke av komitenens mandat om fremleggelsesplikt.” Dei ynskte lykke til med prosjektet.

Pasientopplysingar vert handtert etter strenge reglar i det praktiske arbeidet ved poliklinikken. Tillit til at personlege, ofte kjenslevare opplysingar, vert handtert med respekt, og diskresjon er sentralt. Dette er og nedfelt i ulikt lovverk t.d. *Lov om pasientrettigheter* (1999), *Lov om spesialisthelsetjenesten m.m.* (1999), *Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern* (1999), for å nemne nokre.

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS (NSD) har eit særskilt ansvar for å vurdere forskingsprosjekt og fungerer som personvernombod. Ombodet fekk all nødvendig informasjon om prosjektet i september 2006. NSD konkluderte med at behandling av personopplysingar er meldepliktig i høve *Lov om behandling av personopplysninger § 31* (2000). Dei la til grunn at prosjektet er forankra i leiinga ved sjukehuset, og at prosjektet vert gjennomført som ledd i klinikken sitt kvalitetssikringsarbeid. Ombodet la og til grunn at all behandling av personopplysingar finn stad ved poliklinikken og at berre anonyme data vert behandla ved høgskulen, som del av masteroppgåve.

Krav til handtering av personopplysingar, dvs. lydfiler, transkripsjonar og gjennomgang av journal, var i tråd med slik eg hadde planlagt studien i samråd med leiinga ved poliklinikken og rettleiar frå Høgskolen i Oslo (HiO), May-Britt Solem. Utvalet er relativt lite då det omfattar fem (seks) personar. Det er derfor rimeleg lett for meg som forskar, å halde oversikt. Materiale med personopplysingar er under studien låst ned i eiga skuff på kontoret. Elles er namn og nokre faktaopplysingar endra litt for å sikre anonymitet utan at eg meiner det skal påverke meiningsinnhaldet i vesentleg grad. Identifiserberre opplysingar skal slettast ved slutten av prosjektet. Pasientane som deltek i studien, kan nok kjenne seg att. Dette må ivaretakast. Informantane har fått tilbod om at eg går gjennom studien med den einskilde før endeleg ferdigstilling, noko tre av dei har takka ja til.

Kapittel 5

Presentasjon av data

5.1. Kven er informantane i denne studien? – ein kort presentasjon

Fem av informantane har vorte norske statsborgarar, den sjette, Farad, er forsvunnen – uvisst kvar. Farad hadde då han gjekk i gruppetilbodet våren 2005, fått avslag på søknad om opphaldsløyve, og hadde anka avslaget for andre gong. Eg freista kontakte han i samband med dette prosjektet, men han var umogleg å få tak i.

Alle seks kom til Noreg i vaksen alder i tidsrommet 1990 til 2003. Den yngste var 21 år og den eldste 44 år ved innreise til Noreg. Ali, Behar og Daran, har fått opphald med status som flyktning via flyktningekommisæren i FN, såkalla kvoteflykingar. To menn, Ceran og Elar har opphald på humanitært grunnlag, og Farad er altså forsvunnen. Kanskje han er vist ut av landet?

Oversikt over informantane

	Ali	Behar	Ceran	Daran	Elar	Farad
Fødd	1954	1955	1967	1965	1970	1975
Nasj.	Irak	Irak	Irak	Irak	Iran	Afghanistan
Til Noreg	1990	1991	1999	1999	1991	2003
Opph.status	Flyktning FN	Flyktning FN	Hum	Flyktning FN	Hum	Avslag opphald, anka 2.gong
Sivil status	Gift	Gift 1997	Gift	Gift 2002	Gift 1996	kona drept
Barn	Vaksne barn i Irak	Ingen barn	To barn 7 og 13 år	To barn 2 og 3 år	To barn 3 og 5 år	Eit barn 7 år/drept?
Bustad	Kjøpt leiligheit	Leiger privat	Leiger kommunal	Leiger kommunal	Leiger kommunal	Leiger privat
Arbeid/aktiv.	ingen	ingen	Attføring	Praksis.plass	Ingen	Pr.plass.+avisbod
Økonomi	Søkt uføretr.	Uføretr. 06.06	Attføringspengar	Sos.hjelp	Sos.hjelp	Ikkje rett til sosialhjelp

Tabell 5.1: Deltakarar i undersøkinga.

5.2. Innleiande betraktningar

I dette kapitlet skal eg presentere resultatane av undersøkinga. Eg gjer det ved å ta utgangspunkt i livsformsintervjua som gjev eit blikk inn i kvardagslivet til korleis desse mennene lever (kvardags) liva sine. Utgangspunktet er mennene sine egne forteljingar om kvardagen, representert ved gårdsdagen.

Som det kjem fram av Metodekapitlet, er materialet heller ”magert”. Arbeidet med å trekke ut og systematisere hovudinnhaldet med utgangspunkt i forskingsspørsmåla og problemstillinga vart derfor ein krevjande prosess. Eg måtte gjere ei rekke avvegingar undervegs, mellom anna vart det aktuelt å trekke inn ei fokusgruppe som vart sett saman av tre tilsette i tiltaket Vilje Viser Vei.

Datamaterialet viser at det skjer heller lite i kvardagen som det synest ”verd å hugse.” Det er få refleksjonar tilgjengeleg i materialet, slik eg les det. Materialet står fram på mange måtar som ”taust”. I følgje Norman Fairclough (1989) er det ofte vel så viktig å legge merke til det som ikkje vert sagt, og søke etter kva ein eventuelt ”kan lese mellom linjene.”

Eg finn det påfallande at arbeid stort sett er fråverande, både som tema og aktivitet i kvardagsliva til informantane. Politisk er det, slik eg viser innleiingsvis i denne oppgåva, ei overordna målesetting ”å få fleire i arbeid og færre på trygd.” Eg valte derfor å snakke med personar som direkte har ansvar for å implementere dei politiske målsetjingane, arbeidslinja, i praksis, nemleg tilsette i tiltaket ”Vilje Viser Vei.” Tema eg bad deltakarane i fokusgruppa snakke om, var om dei erfarer at det er skilnad på å arbeide med etniske nordmenn og menn med etnisk minoritetsbakgrunn. Kva er eventuelt likt/ulikt? I tillegg bad eg dei dele eventuelle konkrete eksempel der dei hadde lykkast i ”å få fleire i arbeid og færre på trygd.” Resultata frå fokusgruppa kan gje eit ”sideblikk” inn mot kvardagsliva til informantane og representere eit tillegg til informantane sine forteljingar.

Eg har gjennom analyseprosessen forsøkt å fange både det typiske og det særegne i det kvar av mennene formidlar gjennom livsformsintervjua. Følgjande fem hovudtema har materialisert seg:

- familieliv
- aktivitet for å oppnå kontakt med hjelpeapparatet
- relasjonskontakt med heimland
- venner
- arbeid

Eg vel å løfte fram ulike sitat for å synleggjere funna frå livsformsintervjua. Eg har valt eit særleg fokus på tema arbeid. Som ein guide inn i dette intervjumaterialet, har eg valt at Elar

kan fortelje om tida før og etter at han kom til Noreg. Historia hans er ikkje statistisk representativ, heller ikkje er den typisk på alle vis. Likevel, når han fortel og reflekterer over sine erfaringar, kjem han på mange vis innom fleire av dei tema som eg vil setje søkelyset på i den påfølgjande analysen.

Resultata frå fokusgruppa vil eg legge fram etter at dei fem tema som materialiserte seg ved livsformsintervjua, er presenterte.

5.3. Elar fortel

Det mørke håret rammar inn ansiktet som markerte linjer allereie har sett seg i. Dei vitnar om ein bakgrunn som er prega av mørke, håpløyse og apati. Likevel glimtar han tidvis til i eit smil. Elar rømte i 1991 frå Iran, og kom etter kvart til Noreg. Han følgde den tradisjonelle vegen, via asylmottak, norskkurs før han etter eit år stod med stadfestinga på at han kunne opphalde seg lovleg i Noreg.

Han vil ha jobb, søkte på fleire stillingar, men dei negative svara formeleg stod i kø. Gjengangeren var: ”Beklagar!” ”Eg flytta til Oslo og måtte då klare meg på eigen hand. Eg budde den første tida hos ein kamerat.” Elar skaffa seg ulike jobbar, først i ei kantine, deretter var han portør på Aker sjukehus, parkeringsvakt og pizza-sjåfør. Den foreløpig siste stillinga var som dørvakt, og no har han vore arbeidsledig sidan 2006.

”Eg er godkjent dørvakt, og denne jobben fann eg sjølv. Eg ville prøve ut om eg kunne arbeide, men det gjekk ikkje. Det var mange konfliktrar og for mykje bråk der, så eg trakk meg attende.” Elar arbeidde berre åtte dagar i månaden og då blei lønna også deretter. Legen søkte yrkesattføring for han. Han fekk attføring og vart sendt til Real Industrier, eit arbeids- og opptreningscenter. ”Det er eit trykkeri med mange kjemiske papirfargar. Sidan eg har astma, så klarte eg ikkje være der,” fortel han. Han fortalte om problema sine, men han blei likevel tvinga til å fortsette hos Real Industrier. ”Dersom eg ikkje var på tiltaket, ville eg miste attføringa. Derfor var eg der i ti månader. Då dei ville forlenge tiltaket med ti månader, sa eg nei. Eg mista derfor attføringa,” fortel han. Dermed blei kontakten med NAV broten, kommunikasjonen var lik null. Legar søkte om midlertidig uføretrygd for han, men også det fikk han avslag på. ”Eg var for ung, var grunngevinga.” Det siste året har han levd på sosialhjelp. ”Eg gleder meg til å få svar! NAV har lova å sjå på søknaden min om støtte til eit transportkurs.” Han peikar på at han er vand til å få avslag og dette gjer noko med psyken hans. ”Eg er meir positiv no, derfor trur eg 20 prosent på at eg får positivt svar.”

Den stramme økonomien hans hindrar han i å ta private kurs. ”Eg kan kanskje ta eit taxi-kurs, men det kostar ni tusen. Det har eg ikkje råd til. Korleis kan eg då leve med familien min?” spør han. Elar manglar utdanning, og derfor meiner han at manuelt arbeid som å vaske eller arbeide i en fabrikk, passer han best. Men astmaen avgrensar muligheitene hans. ”Eg får panikk! Eg treng ein sjølvstendig jobb utan mange menneske. Ein sjåførjobb er sjølvstendig, og den vil gjera framtida mi lysare.” Han ønskjer seg ein jobb, for han er lei av å sitje heime. Elar er gift og har to barn. I heimlandet har han mor og søsken, og han engasjerer seg og i deira liv og det som skjer i heimlandet.

5.4. Familieliv

Mennene er gifte. Ali har kona si og dei vaksne barna sine i heimlandet Irak, elles bur alle saman med ektefelle. Fire av mennene har barn. Ceran, Daran og Elar har to barn kvar. Barna er i alderen to til 13 år.

Generelt lever desse mennene veldig tradisjonelt i heimen i den forstand at kvinnene syter for mat på bordet, og mannen som både ektemake og far, tek tilsynelatande lite ansvar. Til dømes seier Behar at ”kona mi lagar mat og set den i kjøleskapet, så om eg blir svolten, eg et ikkje mykje.” Men også hjå familien til Ceran råder dei tradisjonelle kjønnsrollene, men Ceran understrekar at han ”prøver å hjelpe til med å førebu frukost.” Det er kona som tilsynelatande har ansvar for middagslaginga. Også Elar si kone lagar middag. Det mest utradisjonelle når det gjeld kjønnsroller, skildrar Behar når han fortel at kona må jobbe, dvs. ho er utarbeidande. Elar si kone går på skule, og han har ei dotter som går i barnehage. Det er kona som hentar dottera i barnehagen. Litt seinare på dagen har Elar ansvar for å hente sonen i hans barnehage. Mora vert dermed rollemodellen for dottera og faren for sonen. Far og son går på butikkar i lag. Men heime kan han sjå TV saman med begge barna, prate og sjå på TV.

Elar seier han er av nomadefolk, og far hans var tydelegvis rollemodellen hans og ”læraren” i korleis han skulle ferdast med dyr og natur. Dette vidarefører Elar til sonen og vert berar av den tradisjonelle kulturen. Elles finn eg ingen døme i materialet som tyder på utradisjonell kjønnsrolletenking.

Derimot viser alle som fedre omtanke og omsorg, spesielt for barna. Dette kjem spesifikt til uttrykk hjå Daran når han fortel at når barna kjem frå skulen, set han seg ned og et saman med dei. Han kan gå tur åleine ute om natta, men når han kjem heim, sjekkar han situasjonen for barna og får stadfesta at dei ligg i sengene sine og søv. Han løfter samtidig opp verdien av samværet med barna. Det får Daran til å føle seg betre. Han kan kose med ungane

sine, vere trygg med dei og leike med dei. Det kan verke som om Daran gledar seg over å løfte opp veslejenten og slenge henne opp i lufta. Daran er også mottakeleg for fysisk klemming av barna når dei har pussa tennene før dei går til sengs. Likevel seier Daran at det er kona mi eller mora deira som hjelper dei (barna) for det meste. ”Nei, eg hjelper dei om det er noko som eg veit at det er mi, altså, at eg må hjelpe dei fordi eg er pappa deira, gjer eg det, og det er andre som er mammas, kva skal eg seie, domene, så mamma gjer det.”

5.5. Aktivitet for å oppnå kontakt med hjelpeapparatet

Noreg som velferdsstat gjev universelle rettar og plikter. Rett til nødvendig helsehjelp er nedfelt i ulike helselover, og rett til ”tak over hovudet” er nedfelt i *Lov om sosiale tjenester* (1991). Det norske samfunnet bygger på ”alle i arbeid”, der førstevalet er arbeid og lønnsinntekt. Trygder og økonomisk sosialhjelp er siste utveg, som eit tryggleiksnett. Noreg har eit hjelpesystem det er vanskeleg å ha full kunnskap og oversikt over. Især skulle ein tru dette om ein har redusert helse eller også skortande overskot/energi og der ”storfamilien” tradisjonelt har hatt tilsvarende funksjon som velferdsstaten representerer i Noreg.

Fellestrekk er at mennene veit at dei kan få hjelp frå ulike instansar/etatar i Noreg. Daran understrekar at: ”I landet mitt finst ikkje moglegheiter til hjelp. For å få hjelp må ein vende seg til familien”. Dette står som ein kontrast til moglegheitene det norske velferdssamfunnet gjev. Ali, til dømes, har avtalar med både lege og psykolog ved poliklinikken. Dersom han ikkje møter til timeavtalar, seier han at legen ringer han opp. Samstundes opplyser han at han opplever timeavtalar som stressande. ”Dei lagar mykje stress her med timeavtalar, eg likar ikkje avtalar lengre.”

Ceran seier: ”Eg har stadig møte hjå forskjellige instansar. Eg har smerter i beina, så eg går til behandling der, og så har eg vondt i ryggen, og så har eg møter her på poliklinikken og hjå psykologen. Og så er døtrene mine svake og sjuke, så eg må følge dei til fastlegen.” Han opplyser at han har to møte med ulike instansar kvar veke. Ceran fortel at han har kontakt med ein forskar i samband med at han er del av eit forskingsprogram om traumatiserte flyktingar. Han har konsultasjonar ved Ullevål universitetssykehus. Ved manglande frammøte ved sjukehuset vert han oppringt slik han fortel: ”Ja, eg hadde ein avtale med Ullevål sjukehus i går, og dei kontakta meg på mobilen og fortalte at eg burde ha vore hjå dei.” Ceran har saksbehandlar hjå UDI. Same dag som han skulle vore på Ullevål universitetssykehus prioriterte han å gå til UDI. ”Fordi eg ikkje hadde sånn direkte avtale med UDI, møtte eg opp

for eg ville spørje om saka mi. For å komme til saksbehandlar hjå UDI, må eg trekke kølapp og vente på turen min.” Vidare ber han meg om hjelp fordi:

Vi orkar ikkje halde fram å bu i denne leilegheita for eg opplever den som ein slags, kva skal eg seie, den tek kvelartak på oss. Vi har fremja ein søknad om byte av bustad. Søknaden vart først avslått, men seinare vart vi sett på venteliste. Det vil vere det beste om vi kan komme oss ut av dette området til ein annan stad. Og eg har snakka med psykologen om det. Psykologen bad meg ta det opp med deg. Det einaste eg krev er at psykologen eller du tek telefonkontakt med bustadkontoret. Bustadkontoret seier at dei ikkje kan gje meg ein leilegheit fri frå misbrukarar, hasjbrukarar eller, og det er ikkje akseptabelt for meg altså.

Ceran seier han ønskjer å sleppe møte med forskjellige instansar:

Møta kan gjere meg trøytt og sliten. Eg meiner at det ikkje går ein månad før eg må på fire fem forskjellige stader for å få oppfølging av beina, ryggen, fastlege, ikkje berre her på poliklinikken, men og andre stader. I tillegg så tek eg ein del røntgen bilete. No vil eg ikkje seie meir, eg føler meg

Daran vert oppfordra av fastlegen sin til å spørje NAV trygd om kvifor dei har stoppa utbetaling av uføretrygda hans. ”Eg har berre snakka med fastlegen min, og eg berre lurar på om eg skal ta kontakt med ein advokat i samband med stansinga av trygdeutbetalinga. Eg vart råda til å ta kontakt med sosialkontoret.”

Elar har kontakt med sosialkontoret, men føler han ikkje når fram der. Han treff ikkje saksbehandlaren og får ofte beskjed om at saksbehandlaren vil ringe attende. ”Irritert, ikkje sint. Kvifor tek dei ikkje telefonen? Eg veit ikkje.”

5.6. Relasjon til heimland

Ali ringer til kona og familien sin i Irak for å høyre kva som skjer der. Han får då høyre sterke forteljingar om nedslakting av folk og avkutting av hovud. Død og massegraver vert ein del av samtalen med heimlandet og kvardagen hans. Ali vert trist av dei mange drapa i heimlandet sitt.

Daran fortel: ”Eg føler meg forferdeleg psykisk nedbroten på grunn av den siste hendinga i Bagdad. Bror min vart slått ned, og ein annan bror mista forretninga si på grunn av ein stor eksplosjon.” Den vanskelege situasjonen i heimlandet får Daran til å føle seg veldig medteken og trøytt. Han har likevel ei positiv undertone. Han karakteriserer situasjonen i Irak som svært uforståeleg, men trass i det så ventar han at ting skal bli betre.

Men så blir det dessverre verre, plutselig får vi telefon om at ein er blitt drepen og andre er blitt øydelagde eller sånn. Det destabiliserer tankane våre, eg har ikkje moglegheiter til å tenke klart. Det som skjer er at eg vert, det aukar depresjonen min, angsten min, ja. Kva skal eg gjere når eg høyrer slike nyhende? Heile verda svartnar føre auga mine, eg føler meg hjelpelaus, kva skal eg gjere?

Det som får han til å føle seg betre, er å vite at familien hans har det betre. Likevel stiller Daran kanskje eit retorisk spørsmål; ”Kva kan de her på klinikken gjere for å få meg til å gløyme problema?”

Også Elar brukar mykje tid på fjernsyn, Internett og aviser for å få med seg internasjonale nyhende, og spesielt om situasjonen i Iran. Han er geografisk kjent i krigsområde som vert omtala i media. Bombeeksplosjonar påverkar han og får han til å tenke det verste.

Media, spesielt fjernsyn og Internett vert veldig styrande for dagleglivet til informantane og den psykiske tilstanden deira. Alle brukar media til å hente inn informasjon om heimlandet sitt. Informasjonen er elendeskildring. Det gjeld til dømes bilbombing, krig, drap. Desse brotstykkane av verkelegheita i heimlandet vert styrande både fysisk og psykisk.

Ali seier ”Det er masse trøbbel der i Irak og som i Saddam perioden. Eg har prøvd å gløyme kva som skjedde der før.” Behar har tilgang på mange tv-kanalar og brukar mykje tid på å få med seg nyhende frå heimlandet sitt, Irak.

Eg ser på forskjellige kanalar, arabiske kanalar. Mange kanalar snakkar om Irak. Fordi i går og overigår var det fem bilbomber, og mange vart drepne. Førre dag var det over 130 drepne. I går nesten 28 eller 30. Nesten kvar dag. Kvar gong når eg vaknar om natta, slår eg på TV. Ser på nyheitene, ser på kva som skjer i Irak.

5.7. Venner

Nynorskordboka (1998) definerer venn som ein person ein har godhug for; særst god kjenning. Den same boka karakteriserer omgrepet vennskap som eit tilhøve mellom vener; kjensle av godhug og velvilje for einannan. Omgrepet kjennskap vert forklart med det å kjenne til til dømes ein person (op.cit.).

Kva er vennskap? Kva er kjennskap? Veit framandspråklege, altså dei som ikkje har hatt norsk som sitt opphavlege morsmål, skilnaden på uttrykka vennskap og kjennskap? Det er vanskeleg å definere grensene for kva som er vennskap og kva som er kjennskap. Eg ser på vennskap som noko meir varig og djupare kjenslemessig og intimitet (godhug). Kjennskap kan definerast som eit meir overflatisk forhold. Til dømes på Facebook ser vi det som eg vil kalle ei form for utvatning av omgrepet venn. På Facebook opererer nokre personar med over tusen venner. I praksis seier det seg sjølv at det er umogleg å ha ein intimitet til så mange forskjellige personar på same tid. Venner stiller til dømes opp for kvarandre, gjev støtte i vanskelege stunder, skapar sosial tryggleik og lyttar når ein treng snakke. Venner gjev også gode råd. Det motsette av vennskap er fiendskap, eit destruktivt forhold. I Apokryfene⁹ står det at ” En trofast

⁹ Apokryfene er namn på religiøse tekstar, spesielt innafor dei jødiske og kristne tradisjonar.

venn er et sterkt forsvar, og den som har funnet en slik, har funnet en skatt”(Aune 2008).¹⁰ Den no avdøde palestinske leiaren, Yasir Arafat sa: Velg dine venner med omhu. Dine fiender vil velge deg” (op.cit.).¹¹ Arafat sine ord føler eg kan vere dekkande for informantane mine sitt forhold til venner og vennskap.

Den som er tydlegast på at han har venner er Daran. Han har ein tidlegare kollega som venn som han møter ein til to gonger i veka. Vennen er frå same land som Daran. Men han møter også andre som han ikkje har eit tett vennskapleg forhold til. ”Eg har berre ei overflatisk kontakt med dei. Eg møter dei på gata, vi helsar på kvarandre, ikkje noko meir. Eg har ikkje dei som venner.”

”Eg har veldig lite kontakt med irakarar her, og eg har veldig få venner. Den einaste vennen eg omgåast med av og til, er ein palestinar,” seier Ceran. Han går ikkje til moskeen for å møte andre menneske, han ber i staden heime. ”Nei, eg er fornøgd med min tilstand, men eg er redd menneske.” Elar ser ut til å ha fleire kjennskap, men kanskje ingen nære venner. Han seier at mange kjenner han og helsar på han. ”Eigentleg kjenner eg alle frå tidlegare arbeidsplassen min.”

5.8. Arbeid

På intervjutidspunktet har Ali, Behar og Elar ingen tilknytning til arbeidslivet. Ali har søkt uføretrygd. Behar er uføretrygda. Elar hadde fått avslag på mellombels uføretrygd og søkt yrkesattføring. Han ventar på svar på søknaden. Ceran er i eit attføringsopplegg. Farad hadde ikkje opphaldsløyve (og arbeidsløyve?), men var likevel på ein praksisplass, eit opplegg i samarbeid med NAV arbeid (då a-etat). I tillegg var han avisbod for å spe på inntekta slik at han kunne klare bukostnadene sine. Han hadde ikkje rett til økonomisk sosialhjelp som følgje av manglande opphaldsløyve. Dette var medan han deltok i gruppetilbodet. Eg har undra meg over at han likevel kunne få tilbod frå NAV arbeid, då han ikkje hadde arbeidsløyve? Kanskje det var ein ”glipp”?

Ein av informantane har studert ved eit universitet, elles har ingen av dei andre utdanning utover yrkesskule. Det fører til problem i den norske arbeidsmarknaden der det vert stadig mindre behov for manuell arbeidskraft og kompetanse retta mot høgskule- og universitetsutdanning vert meir etterspurd. Ali har lang arbeidserfaring med arbeidsdagar på over 12 timar. Behar har hatt fast jobb i åtte år. Ceran har berre tre månaders arbeidserfaring i

¹⁰ <http://www.ordtak.no/index.php?emne=Venn> (lasta ned den 28.11.2008).

¹¹ <http://www.ordtak.no/index.php?emne=Venn> (lasta ned den 28.11.2008).

Noreg. Daran var i jobb der han vart skada. Elar har hatt forskjellige typar manuelt arbeid, men vart så dårleg at han vart sjukmeld og byrja i behandling ved psykiatrisk poliklinikk.

5.9. Fokusgruppe

Fokusgruppa mi var sett saman av tre kvinner, i aldersgruppa ca. 30 til 45 år. Alle er tilsett i det offentlege og arbeider med å avklare arbeidsevna hjå klientane og gjennomføre særskilte tiltak for å få folk i arbeid. Utgangspunktet mitt for fokusgruppa var håpet om at intervjuet ville initiere tankar og kunnskap knytt til hjelpetenesta si side. Kvale (1997) peikar spesifikt på at intervjuet i fokusgruppa er godt egna til å lære om erfaringar, haldningar eller synspunkt i eit miljø der mange menneske samhandlar.

Deltakarane i fokusgruppa møter dagleg både menn og kvinner, unge og eldre, med ulik etnisk og kulturell bakgrunn. Klientane, eller brukarane, gjev dei tilsette ulike utfordringar då kvar enkelt har sine særskilde behov. Behova er oftast samansette, og målgruppa er langtidsarbeidsledige som mottek økonomisk sosialhjelp. Deltakarane i fokusgruppa arbeider på oppdrag frå sosialtenesta. I tillegg er det eit tett samarbeid mellom prosjektet Vilje Viser Vei og psykisk helseteneste både i bydel og i 2. linjetenesta (psykiatrisk poliklinikk).

Ei av dei mest markerte utfordringane synest ligge i det genuine at alle i prosjektet Vilje Viser Vei er kvinner, og det er også årsaka til at fokusgruppa er sett saman av berre kvinner. Som vestlege kvinner har dei opplevingar med brukarar som mest sannsynleg ikkje samsvarar med norsk lov og kultur. Dei skildrar opplevingar som truleg må forståast som kvinneundertrykkande. Til dømes peikar Mari på at ein del mannlege klientar har eit heilt anna samkvem med kvinner enn det ho er vand med. Ho framhevar at hennar måte, den vestlege måten å kle seg på, skil seg markant ut frå informantane sine kvinner. ”Det er stor forskjell på etnisk norske kvinner og kvinnene i desse mennene sine heimland. Vi kler oss vestleg, medan deira kvinner er veldig tilslørt.” Mari seier vidare at: ”Eg oppfattar ofte at eg ikkje vert behandla med respekt av afghanske menn. Dei ser veldig ned på meg, noko også afghanske kvinner og gjer på eit vis.” Ho legg til: ”Eg har snakka med mange, både iranske og irakiske kvinner, som seier at mykje av årsaka til at dei går med burka og hijab, er for at dei vil skilje seg ut frå dei norske kvinnene som dei ser på som meir lettsindige.” Mari trur dette har med fordommar å gjere, fordommar som går begge vegar.

Gunn har også opplevingar som direkte kan knytast til hennar kjønn. Ho filosoferar over klientane si forståing av henne som ein sakshandsamar. ”Grensene der opplever eg at enkelte innvandarmenn ikkje skjønar. Til dømes har eg opplevd å bli invitert ut av innvandarmenn.”

Ho har måtta vere tydleg på at ho er på jobb som sakshandsamar, dette er jobben hennar, og på kontoret er ho ikkje i ei privat setting.

Elsa fortel om stolte menn som heilt tydleg er prega av at dei er heva over kvinner. Elsa fortel: "Eg har opplevd at somaliske menn føler seg veldig krenka når dei kjem inn på kontoret mitt og møter meg som saksbehandlar."

På den andre sida har Mari positive erfaringar når ho fortel om opplevingar med menn frå Irak og Iran. "Irakiske og iranske menn er veldig takknemlege. Dei er veldig sånn takk, takk, dei har ei heilt anna haldning."

Alle kvinnene i fokusgruppa poengterer at det er viktig å ha kunnskap om andre kulturar for dei trur at det kan gjere møtet med menn frå andre land lettare. "Eg som hjelpar, så er det viktig å kjenne forskjellige kulturar. Folk har ulikt reaksjonsmønster. Kulturkunnskap er superviktig i forhold til korleis vi behandlar desse forskjellige," seier Mari.

Men kva krav kan eller skal kvinnene som saksbehandlarar stille til menn? Bør dei få ekstra fortrinn, bør nokre etniske grupper framhevast? Lovverket peikar i alle fall på at norske statsborgarar har krav på den same hjelpa og tenestene uavhengig av kjønn og alder. Fokusgruppa tok også opp desse spørsmåla. "Enkelte ikkje-etnisk-norske menn kan vere lettare å krenke enn etniske nordmenn. Eg vel å vere meir varsam i forhold til kva eg foreslår og korleis eg foreslår tiltaka. Eg tek omsyn til korleis forslaga vert tekne imot", seier Gunn. Mari fortel at respondentgruppa kjøpslår med henne heile tida. "Om dei får litt, så skal eg få noko, då har ein nesten den handelsteknikken som dei brukar i heimlanda sine. Det er litt vanskeleg for meg å gå inn på nokre gonger, men den kan også vere litt morosam."

Mari peikar også på at det er legitimt å ha forskjellige forventingar til forskjellige folk. Til det responderer Gunn: "Men då må det vere forskjellige forventingar utifrå behov og problematikk, meir enn ut frå etnisk nasjonalitet. Men sjølvsagt er eg definitivt open for at eg har, eg er ikkje fordomsfri, så har eg sikkert farga glas i den settinga. Men eg veit ikkje kor medviten eg er det." Til spørsmålet om dei er meir redd for å støyte etniske minoritetar enn etnisk norske, poengterer Mari at ho ikkje vil støyte nokon. Gunn framhevar at ho ikkje har fordomar, altså motiv basert på rasisme. "Eg er oppteken av å formidle adekvate krav. Du skal yte viss du kan," understrekar Gunn.

Dei har lite erfaring med å skaffe menn frå etniske minoritetar arbeid i Noreg. Ingen kunne vise til døme der dei hadde skaffa menn av ikkje etnisk norsk bakgrunn lønna arbeid, men dei framheva at desse mennene ynskjer faste stillingar. Gunn konkretiserer møtet med ein deprimert og suicidal mann frå Rwanda. Han var i Noreg, og kona og barna var i Kenya. Han sakna familien, og veldig mykje av timeavtalane ho hadde med han, gjekk med til å snakke om

korleis han kunne få familien sin til Noreg. ”På denne tida var det ikkje aktuelt å tenke på arbeid,” seier Gunn, og held fram med følgjande:

Det var vel meir snakk om å halde han i livet, gje han eit slags meiningsinnhald i kvardagen i Noreg. Etter kvart så fekk vi faktisk leiinga på sosialkontoret til å gå med på å innvilge pengar til flybillett slik at han kunne henta familien sin. Då endra mykje seg ekstremt for han. Eg avslutta oppfølginga kort tid etter. Neste gong eg trefte han, så arbeidde han som vaskerimedarbeidar. Kona hans var komen til Noreg, han hadde fått livsgnisten attende, og han hadde starta eiga bedrift. Og det gjekk kjempebra. Dette er jo ei stjernehistorie. For han var det avgjerande at familien kom til Noreg.

Kapittel 6

Drøfting

6.1. Familieliv

Ceran er som far og rollemodell oppteken av at barna har det godt. Men samstundes kan han tilsynelatande vere fråverande som rettleiar og grensesettar. Dette baserer eg på følgjande utsegn: ”Jo, altså, det eg gjer det er at eg kjøper til dei (barna) barneleiker nokre gonger, og nokre gonger følgjer eg den minste til skulen.” Men eg trur han har ei større rolle i livet til ungane enn det han gjev uttrykk for, og i beste fall ikkje er medviten om. Eg trur han overser verdien av det han faktisk gjer og seier til ungane sine. Kanskje Ceran berre ser det rutineprega dagleglivet, mens barnlege auge ser faren si åtferd og handling både som lærerik og givande. Han ser kanskje ikkje kva han faktisk gjev av seg sjølv i form av haldningar og handlingar til barna. Barn lærer heile tida, og dei hermar dei vaksne. Når ein vaksen heng opp til dømes jakka si, barnet ser det, så lærer det kva det skal gjere med jakka når ein kjem inn. Mykje kan forståast som om Ceran ikkje er medviten nok om kva han framstår som som omsorgsperson og rollemodell, sett i forhold til barna si læreevne.

Ein far med ein passiv livsstil og dårleg helse kan framstå som ein mindre god rollemodell for barna når det gjeld framtidig yrkeskarriere og inntektsserverv. Ein rollemodell ser vi opp til. Ofte er fedre rollemodellar for sønene sine og mødre for døtrene. Når barna blir eldre og kjem i dei tidlege tenåra, vert gjerne skodespelarar, popstjerner og liknande deira nye rollemodellar. I ei stortingsmelding som Bondevikregjeringa¹² la fram, heiter det om farsrolla:

Det siste tiåret har vært en periode med stor oppmerksomhet rundt farsrollen. Det har blitt en alminnelig og styrket oppfatning at fars medvirkning i barns liv er viktig. Det er viktig for barn å ha en mannlig rollemodell å identifisere seg med, og her har far en særstilling (St.meld. nr. 29 (2002-2003)).

Det er dei gode rollemodellane vi vil elske fram. Dei skal skape haldningar og normer, vere med på å skape framtid for barna. Vi veit at mange yrkesval vert basert på foreldra sine yrke og inntekt. Ein far utan arbeid og avhengig av offentlege tilskot i form av trygd/sosialhjelp, bryt med samfunnsrollemodellen om ”alle i arbeid.” Barn likar ofte heltar som til dømes Supermann, Tarzan eller kjendisar som artistane Tshawe og Madonna eller

¹² Regjeringa Bondevik II.

idrettsheltar som Aksel Lund Svindal. Heltane vinn og oppnår resultat. Den rolla må ofte pappa finne seg i å verte samanlikna med, uavhengig av kor tett kjenslelivet er mellom far og barn. Informantane mine står i ein kontrast til heltane, dei har ikkje vunne medalje eller pokal. Dei er sjuke og arbeidslause, men dei kan likevel vere heltar for barna sine. Men i den store samfunnssamanhengen kjem informantane mest truleg til kort. Det norske samfunnet er sterkt prega av til dømes konkurranse om dei best betalte jobbane og titlane, plassering i hierarki, generell velykkaheit og framsyning av materiell velstand. Og sett i den samanhengen har dei lite å vise fram for ungene sine.

Den offisielle politikken er ”alle i arbeid, færre på trygd.” Kvinnene er på full fart inn i dei mannsdominerte ”nye yrka” (SSB 2008).¹³ Vi veit at samfunnet er oppteken av likestilling og at jenter og gutar skal ha same moglegheiter til utdanning og i yrkesliv. Men kva utslag vil dette gje i ein familie der far er langtidssjukmeldt, utan yrkesidentitet og tenker tradisjonelt? Kva moglegheit har far til å stimulere ungene sine fagleg? Korleis vil framtidsutsiktene verte for informantane sine ungar? Det er naturlegvis for tidleg å gje eit fasitsvar på desse spørsmåla, men Bondevikregjeringa viser i stortingsmeldinga si om farsrolla til ei amerikansk undersøking:

Amerikansk forskning om barn som er vokst opp uten fedre viser at de kommer dårligere ut økonomisk, helsemessig, atferdsmessig, fullfører sjeldnere høyere utdanning og gjør gjennomgående en dårligere yrkeskarriere enn de som er blitt stimulert av to foreldre (St.meld. nr. 29 (2002-2003) *Om familien - forpliktende samliv og foreldreskap*).

Rolla som ektemake er nesten fråverande i intervjua. Det vert referert at ”kona mi går på skule, kona mi lagar mat” eller at ”eg kranglar med kona mi” og ”eg sat åleine.” Kona er nesten usynleg som ektemake og partnar. Ingen nemner noko om seksuallivet sitt. Det kan verke som om kona berre vert synleggjort som mor til barna og ”hushjelp.” I eit ekteskap har mannen forpliktingar i høve kona. Samstundes kan det verke som om ikkje mennene ser kona som ein likeverdig samtalepartnar der ein gjensidig kan støtte kvarandre. Det verkar som om mennene ikkje ser moglegheitene som ligg hjå kona/partnaren.

Mennene er komne til eit anna land enn dei har hatt oppveksten sin, eit land etniske nordmenn likar å tenke på som komplekst og avansert på dei fleste område. Det er likevel ingen i utvalet som gjer uttrykk for at dei ikkje taklar det norske samfunnet fordi dei har hatt oppveksten sin i eit anna land, så kanskje ulikskapen mellom samfunna likevel ikkje er så stor? Det kan tyde på at mennene har eit handlingsreportoar frå oppveksten som og er gangbart i

¹³ http://www.ssb.no/vis/magasinet/slik_lever_vi/art-2008-08-08-01.html (lasta ned den 26.11.2008).

Noreg, eller med Bourdieu sin term, ein habitus som i utgangspunktet og strekk til i det norske samfunnet.

6.2. Aktivitet for å oppnå kontakt med hjelpeapparatet

Noreg som velferdsstat gjev universelle rettar og plikter. Norske statsborgarar har rett til nødvendig helsehjelp og ”tak over hovudet.” Målet er at alle skal ha lønna arbeid, trygder og økonomisk sosialhjelp er siste utveg. Dei offentlege tilskota skal fungere som eit tryggleiksnett. Det norske samfunnet er endra frå at storfamilien tok ansvar for den einskilde. I dag har velferdsstaten overteke det meste av storfamilien si rolle, noko som kan skuldast folk sin mobilitet og busetnadmønster, i tillegg til at også kvinnene byrja å arbeide utanfor heimen på 1970-talet.

Fellestrekk er at informantane orienterer seg i den norske velferdsstaten og har funne ut om moglege hjelpeinstansar trass i at dei ikkje alltid er nøgd med den hjelpa og svara dei får, slik som til dømes Elar fortel i samband med at han var råda til å kontakte sosialkontoret: ”Irritert, ikkje sint. Kvifor tek dei ikkje telefonen? Eg veit ikkje.”

Det er nærliggande å stille ein del kritiske spørsmål rundt forventingar og krav til det norske velferdssystemet:

- Får informantane lite eller mykje hjelp?
- Får dei den hjelpa dei faktisk har krav på?
- Daran fortel at i heimlandet hans får han ikkje hjelp frå det offentlege. Nyttar han eller utnyttar han det norske velferdssystemet?
- Bidreg Daran nok sjølv i forhold til eigne behov? (Hjelp til sjølvhjelp)
- I kva grad skal norske skattebetalarar vere ansvarlege for til dømes Ali og Cerans velferd?

Det norske lovverket slår fast at alle norske statsborgarar har like rettar. Alle informantane er norske statsborgarar og er derfor verna av det norske lovverket.

Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern (1999) sin formålsparagraf, § 1-1, slår fast:

Formålet med loven her er å sikre at etablering og gjennomføring av psykisk helsevern skjer på en forsvarlig måte og i samsvar med grunnleggende rettssikkerhetsprinsipper. Formålet er vidare å sikre at de tiltakene som er beskrevet i loven, tar utgangspunkt i pasientens behov og respekten for menneskeverdet.

I *Lov om sosiale tjenester m.m., § 1-1, (1991)* er formålet med lova gjeve som følgjer:

å fremme økonomisk og sosial trygghet, å bedre levevilkårene for vanskeligstilte, å bidra til

- a) økt likeverd og likestilling og forebygge sosiale problemer,
- b) bidra til at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig og til å ha en aktiv og meningsfylt tilværelse i fellesskap med andre.

I *Grunnlova § 110* heiter det: ”Det paaligger Statens Myndigheder at lægge Forholdene til Rette for at ethvert arbejdsdygtigt Menneske kan skaffe sig Udkomme ved sit Arbeide.”

Desse lovene er basis for informantane sine rettar. Uavhengig av subjektive meiningar og politiske overtydingar, så har vi eit lovverk som konfirmerer at velferdsstaten stiller opp etter folks behov. Det er derfor irrelevant å sette informantane sin bakgrunn i forhold til det norske lovverket og dei rettane lova gjev. Det viktigaste spørsmålet vert om dei får den hjelpa dei har krav på? Det er ikkje eit eintydig svar på dette spørsmålet, men eg registrer at dei får mykje hjelp både i bydel og frå 2.linjetenesta.

Utjammingsmeldinga slår fast at lønnsarbeid er den viktigaste sikringa mot fattigdom. Ingen av informantane har lønna arbeid, og den økonomiske situasjonen pregar kvardagslivet deira. Det er umogeleg å behandle vekk fattigdom ved ein psykiatrisk poliklinikk. Fattigdom er som oftast eit spørsmål om politikk og omfordeling av godar (Dahl og Lorentzen 2007). Dahl og Lorentzen konkluderer med at det framleis er behov for ein anstendig og varig stønad for vanskelegstilte med små moglegheiter til å komme seg inn på den ordinære arbeidsmarknaden.

Det andre handlar om at informantane lever på eit vis i ei ”krigssone.” Dei har nær familie som bur i krigsområde og vert dermed heile tida minna om krigen i heimlandet. Inntrykka frå fjernsyn og Internett vert særst sterke, og dei har i svært liten grad moglegheiter til å handle i forhold til det dei ser, høyrer eller les. Angsten, redselen for at noko skal skje med deira nærmaste i heimlandet, vert styrande. Ønsket om å hjelpe og verne vert sterkt, men dei har ikkje moglegheit til å realisere ønska sine. Situasjonen i heimlandet vert meiningslaus, og dei har ikkje høve til å handtere den. Dei har ikkje ressursar til å stoppe krigen, til å stoppe bombinga. Informantane er i krigssona psykisk, men fysisk på eit heilt anna geografisk område. Dette kjem klart fram mellom anna hjå Daran når han spør retorisk: ”Kva kan de her på klinikken gjere for å få meg til å gløyme problema?”

Det pålegg tilsette i hjelpeapparatet eit særskilt ansvar i å bry seg. Tilsette må sjå pasienten og bry seg om han. Viktigheita av det forstår vi av informantane sine forteljingar når dei til dømes seier om legen at ”han er så snill, ringer meg ofte. . . .”

Det kan tidvis sjå ut som om informantane i stor grad har mykje kontakt med ulike hjelpeinstansar innan helse- og sosialsektoren. Det kan tolkast at dei, uavhengig av språkbarrierane, orienterer seg godt i hjelpeapparatet. Hjelparane i helse- og sosialsektoren kan heller ikkje stoppe krig og elende i det dagleg kliniske arbeidet med pasientar. Slike forhold

som fred og ikkje krig, ligg utanfor vår makt å endre. Dei må endrast på andre plan, politisk, økonomisk og/eller religiøst.

6.3. Relasjon til heimland

Heimlandet, minnet om barndomen, far og mor, slekt og venner ber folk med seg. Det er ein del av bakgrunnen og ein person si såkalla kulturelle vogge. Folk som har rømt frå heimlandet sitt, har flykta på grunn av engasjementet sitt og dei konsekvensane det har skapt. Eit heimland i krig er grobotn for tunge og vanskeleg tankar og refleksjonar. Vi ser kor prega informantane er av krig, bombing og drap i heimlandet. Oppslag i media får informantane til å "leve i" krigssona. Dei vert dag og natt minna om krigen og elendet deira nærmaste lever under. Media skapar ein nærleik til elendet og heimlandet som mine informantar har vanskeleg for å distansere seg frå. Dei får elendet inn i stova. Samstundes som dei ser blodige bilete, har dei ikkje høve til å gjere noko med krigen.

Informantane vert passive tilskodarar og derfor er det forståeleg at tankane vert det som Daran karakteriserer som "destabiliserte." Dei fortel om fortviling, søvnmangel og redsle, og kroppsleggjer det ved fysisk smerte. For det meste vert forholdet til heimlandet som eit stort sår som ikkje gror, men håpet finst likevel der, i alle fall håpar Ali at livssituasjonen i heimlandet skal verte betre.

Forutan krigsskildringane, får vi eit lite innblikk i livet som det ein gong var, nostalgia. Særskilt kjem dette fram hjå Elar som dreg oss med tilbake til nomadelivet. Han fortel om nomadelivet til sonen sin, om kvelden, når dei går til ro. Dette er tidspunktet sonen er mottakeleg og har ro til å spørje og lytte til far sin. Dette er eit ypparleg høve for Elar til å vere kulturberar og kulturformidlar. Det er også ein eineståande sjanse til å få vise kven han ein gong var og opplevde i sitt liv som nomade.

6.4. Venner

Informantane fortel at dei er mykje åleine. Dei har eit fellestrekk i at dei er redd og har vanskar med å stole på andre menneske. Denne skepsisen mot, og avstandstakinga frå andre menneske, må sjåast i forhold til opplevingane deira i heimlandet. Alle er prega av overvaking, ikkje å vite kven dei kunne stole på i dagleglivet. Ali, Behar og Daran er kvoteflyktningar. Dei har fått opphald i Noreg på grunn av forfølgingar, tortur og fengselsopphald i heimlanda sine. Dei har opplevd drap på nære familiemedlemmar. Dei traumatiske opplevingane må sjåast som ein viktig del av grunnlaget for at dei er i behandling ved psykiatrisk poliklinikk i Noreg. I dag er

dei ikkje på det stadiet at dei kan stole på folk og knyte vennskapsband. Den greske filosofen, Chilon frå Sparta, seier: ”Søk dine venner oftere i deres motgang enn i deres medgang (Aune).”¹⁴ Informantane mine er ikkje der i dag som Chilon frå Sparta seier, for dei har tilsynelatande meir enn nok med seg sjølv og tankane sine.

Eit meistringsperspektiv vektlegg verdien av å ha omgang og samkome med andre menneske anten det er familie, venner, naboar eller arbeidskollegaer. Mine informantar brukar veldig mykje tid åleine til å tenke og gruble. Dei fortel at dei har få venner, altså har dei eit lite sosialt nettverk. Menneska er sosiale, og lever og fungerer generelt sett i grupper. Menneska kommuniserer og blir gjennom det sosialiserte. Dialogen, anten den er verbal eller non-verbal, fungerer mellom anna som korreksjonar i forhold til opplevingane våre av verda. I meistringssamanheng er interaksjonen mellom menneske særst viktig, for den legitimerer mellom anna folks tankar og handlingar. Men den viktigaste verdien er at samkomet hjelper folk til å meistre den daglege dont betre. Målet må vere at dei får auka livskvaliteten, og den aukar i samband med oppleving av meistring (Antonovsky 1991).

6.5. Arbeid

Gjennomgåande hadde fleire av informantane arbeidd mykje den første tida i Noreg, og målet deira er å skaffe seg lønna arbeid. Målestokk for å vere vellykka vert (i Noreg og truleg andre stadar i verda) ofte målt etter storleiken på lønnsutbetaling og yrkestittel. Bourdieu omtalar dette, som nemnt tidlegare, som økonomisk- og kulturell kapital. Dette er ein kapital som plasserer den enkelte i samfunnet, og gjev mennesket ulikt handlingsrom. Informantane mine har gjennomgåande lite utdanning. Behar er eit unntak då han har 16 års skulegong, derav fire år på universitet. Han arbeidde ein kort periode som lærar i heimlandet før han måtte flykte. I Noreg starta han med norskopplæring, men måtte gje opp å få godkjent utdanninga si, og starta i staden å arbeide som bakar.

Ein kan stille spørsmål ved om gruppetilhøyret, å høyre til majoritets- eller minoritetsgrupper, kan avgjere om ein lukkast eller mislukkast i arbeidslivet. Vi veit at forskjellsbehandling på grunn av etnisk bakgrunn eller hudfarge førekjem ved tilsettingar i arbeidslivet. Det er også ein av årsakene til at dette momentet er teke med i *Lov om forbud mot diskriminering på grunn av etnisitet, religion m. v* (2006).

Diskriminering eller forskjellsbehandling på grunn av etnisk bakgrunn eller hudfarge kan forekomme ved ansettelse, arbeidsdeling og andre forhold i arbeidslivet.

¹⁴ <http://www.ordtak.no/index.php?emne=Venn> (lasta ned den 28.11.2008).

Minoritetenes ansettelsesforhold og arbeidsvilkår er lite flatterende for norske arbeidsgivere, og etnisk diskriminering er ikke noe som bare skjer unntaksvis (Ung.no).¹⁵

Rasisme er eit ord som dei fleste har høyrte, men det er ikkje sikkert at alle er einige i korleis ordet skal definerast. I ei gransking som vart gjort av MMI i 1998, svarte 82 prosent at dei meinte rasisme var eit problem i Noreg, og som det burde gjerast noko med (Lunde).¹⁶

Det kan verte med omgrepet rasisme som med uttrykket “ureining”, det høyrst ikkje bra ut. Men kva er det eigentleg - og kva kan vi gjere med det? Slik er det også med rasisme. Det er også noko som dei fleste ikkje synest er bra, men få veit noko særleg om kva og korleis rasisme er i Noreg.

Rasisme handlar om deg og meg. Vi har alle ansvar for at diskriminering, urettferd og rasisme ikkje skal få øydeleggje livet for andre. Rasisme dukka ikkje opp då dei første innvandrarane kom til Noreg. Ideane om “oss” og “dei andre” har eksistert i hundrevis av år. Menneske med ein annan hudfarge har vorte sett som mindre verdt enn kvite, som eit problem og som ein fare i mange år. Under slavetida vart afrikanarar tvangsfrakta på båtar for å jobba. Dei vart handsama som dyr - ikkje som like gode menneske som kvite.

Innvandring til Noreg har eksistert lenge. Hanseatane i Bergen (1400-1760), og finske handverkarar på 16-1700 talet var markerte innslag saman med svenskar. Sigøynarar, tatarar og samar utgjorde dei “synlege minoritetane” og vart utsett for omfattande diskriminering og forfølgning (op.cit.).

Noregs Grunnlov, dokumentet som skulle være retningsgivande for det frie Noreg, tok med ein paragraf som utelukka jødar frå å komme inn til Noreg (Utne, Paltiel og Paltiel. 2002).¹⁷

Rase er eit ord som tidlegare vart brukt om grupper av menneske, men det finst i dag ingen vitenskapelig måte å dele folk på jorda inn i ulike rasar. Ein har forska i hudfargar, blodtypar, beinstrukturar og hovudformer - utan å greie å lage båsar med skarpe skilje mellom, som vi kan bruke for å sortera alle verdas menneske i. Det finst altså ingen slike “naturlege” båsar kvar vi enkelt og greitt kan ordne alle folk i. I dag bruker ein ord som “kulturar” eller “religion” for å lage båsar å putte folk i.

Det som er felles for alle former for rasisme, er at ein puttar folk inn i båsar og så tillegg heile gruppa eigenskapar, meiningar eller handlingar. F.eks.: “Alle pakistanarar stel.” Ingen kan

¹⁵ http://www.ung.no/nyheter/63_Rasisme_i_arbeidslivet.html (lasta ned den 28.11.2008).

¹⁶ <http://www.hvitebusser.no/Webdesk/netblast/pages/index.html?id=104001> (lasta ned den 28.11.2008).

¹⁷ <http://www.dmt.trondheim.no/historie.html> (lasta ned den 28.11.08).

jo kjenne alle som er i ei slik stor gruppe, og vi lagar då meiningane våre ut frå fordomar. Vi stigmatiserer pakistanarane.

Rasistisk diskriminering i arbeidslivet vil seie at arbeidssøkaren ikkje får ein jobb fordi han/ho er “annleis” enn dei andre, får eit nei, ikkje på grunn av kompetansen, men på grunn av sin fysikk og bakgrunn. Og dette kan nokre gonger vere lett å sjå for di arbeidsgivaren vedgår omstendet. I fleire tilfelle er det vanskelegare å vise den faktiske årsaka til eit avslag (Lunde).¹⁸

For ei tid sidan var det ein gut som søkte jobb som ambulanse-sjåfør i ein kommune på Vestlandet. Guten hadde jobba som ambulansesjåfør i Bergen i fleire år, hadde gode attestar og fekk jobben. Han var adoptert frå Sør-Amerika, og då kommunen oppdaga dette, sa dei nei likevel, fordi dei var redde for kva pasientane ville seie når dei oppdaga at sjåføren ikkje var kvit.

”Hele folket i arbeid” var Arbeiderpartiet sitt geniale slagord føre stortingsvalet i 1933. Verda opplever for tida kanskje den verste krisetida sidan den internasjonale økonomiske krisa på 1930-talet (Dagsavisen 29.11.2008). Krisa var prega av at produksjonen svikta, verdshandelen gjekk i stå og folk vart drivne ut i ei arbeidsløyse utan sidestykke. Moglegheiter forsvann, og dei svakaste måtte stilla seg bakarst i køen. Situasjonen i Noreg byrjar å minne om den for nokre tiår sidan. Og det gjer tankane kring integrering i arbeidslivet endå vanskelegare.

Kva kjenneteiknar ei vellukka integrering? I denne samanhengen så blir det lagt vekt på i *vedlegg til St.prp. nr 1 (2007-2008)* at deltaking i arbeidslivet er sentralt. Å vere i lønna arbeid, vert mellom anna sett på som viktigaste verkemiddel mot fattigdom. Ingen av informantane mine har korkje fast eller mellombels lønna stilling. Forskarane Dahl og Lorentzen (2007) konkluderer i studien sin med at det norske folk må akseptere at ordinært arbeid og eiga inntekt er eit urealistisk mål for mange sosialhjelpsmottakarar, og særleg langtidsmottakarar. Andre mål må formulerast. Dei hevdar fokuset må ligge på følgjande moment: høgare livskvalitet, meir orden og struktur i kvardagen, betra meistringskontroll og utvida sosialt nettverk. Slik situasjonen synest å vere for informantane i denne studien, er arbeid for fleire av dei ikkje aktuelt på samtaletidspunktet. Det viktigaste synest å vere å sikre ei forutseieleg inntekt det går an å leve av, og heller fokusere på ei meistringslinje, enn ei arbeidslinje.

¹⁸ <http://www.hvitebusser.no/Webdesk/netblast/pages/index.html?id=104001> (lasta ned den 28.11.2008).

6.6. Fokusgruppe

Møtet mellom kvinnene som arbeidde i Vilje Viser Vei og deira mannlege brukarar, kan opplevast som møte mellom ulike kulturar, på fleire vis. Vi snakkar om kvinne- versus mannskultur, vestleg versus ikkje-vestleg. I tillegg kan også religiøse overtydingar ha påverka møta.

Deltakarane i fokusgruppa møter dagleg både menn og kvinner, unge og eldre, med ulik etnisk og kulturell bakgrunn. Brukarane gjev dei tilsette ulike utfordringar då kvar enkelt har sine særskilde behov uavhengig av etnisk tilhøyre. Behova er oftast samansette, og målgruppa er langtidсарbeidsledige som mottek økonomisk sosialhjelp.

Ei av dei mest markerte utfordringane synest ligge i det genuine at dei er kvinner. Som vestlege kvinner har dei opplevingar med nokre brukarar som i utgangspunktet tilsynelatande ikkje samsvarar med norsk lov og kultur. Dei skildrar opplevingar som eigentleg kan forståast som kvinneundertrykkande. Til dømes peikar Mari på at ein del brukarar har eit heilt anna samkvem med det motsette kjønn enn det ho er vand med. Mari kler seg vestleg, kan bruka utringa toppar, ettersittande bukser. Den vestlege måten å kle seg på, skil seg markant ut frå informantane sine kvinner som synest veldig tilslørt med bruk av hijab. Dei kjem med sterke signal om at den vestleg måten å kle seg på, faktisk skapar problem.

Kvinnene i fokusgruppa opplever å ikkje få den respekten dei meiner å ha krav på, og dei har ei oppleving av å verte sett ned på. Alle i fokusgruppa knyter dei tradisjonelle muslimske plagga burka og hijab til religiøs overtyding. Overraskande nok bringer kvinnene fram kanskje ei uventa historie om at bruken av burka og hijab handlar om å skilje seg ut frå dei norske kvinnene som dei ser på som meir lettsindige. Det kan opplevast både sterkt og respektlaust å vere etnisk norsk kvinne og verte karakterisert som lettsindig på grunn av klednaden. Slike karakteristikkar står i kontrast til den offisielle politikken i Noreg om at det er opp til det enkelte mennesket å bestemme sjølv kva slag kle det vil bere. Det er likevel personar i det norske samfunnet som hevdar at om ei kvinne kler seg som ei ”hore”, kva no det er, så må ho rekne med å verte utsett for valdtekt. I slike debattar går da politikken på å unngå å gjere kvinnene ”ufrie”, men at det faktisk er mennene som må gå i seg sjølv og vurdere eigne kvinnehaldningar. Det kan derfor vere lov å vurdere om ikkje brukarar bør vurdere/revurdere eigne haldningar og kvinnesynet sitt.

Alle i fokusgruppa har opplevingar som vert knytt til kjønn deira. Dei fortel om opplevingar som kanskje ikkje ein mannleg medarbeidar ville ha erfart. Grensene mellom jobb og privat vert viska ut når nokon også nyttar timeavtalen til å invitere saksbehandlaren ut. Dette krev at kvinna som saksbehandlar må vere tydleg på at ho er på jobb. Kontoret er med andre

ord ikkje ei privat setting. Kvinnene må vere budd på ei rekke reaksjonar frå brukarane som konsekvens av at dei er kvinner. Og dei skal naturlegvis ikkje akseptere disrespektfull åtferd, men kva er eigentleg alternativet? Eg trur kvinnene i fokusgruppa vil kome til å møte den same problematikken vidare, for kulturskilnaden mellom den norske og ein del andre kulturar er så stor at det mest sannsynleg tek lang tid å endre. Men det må vere lov å vise kva som er akseptabelt og ikkje, for det er berre på det viset at haldningar og åtferd kan endrast.

Diskrimineringslova slår fast at diskriminering på grunn av kjønn er forbode i Noreg. Kvinnekamp og kamp om likestilling har vore og er ein pågåande prosess i Noreg. Kampen om likestilling mellom kjønna har lang tradisjon og går attende til slutten av 1800-talet med kamp om stemmerett. Likestillingskampen intensiverte seg frå 1970-talet, og spesielt i samband med at kvinner fekk jobb utanfor heimen (Ellingsæter og Leira 2004). Norsk likestillingspolitikk er ein eksportartikkel, og den har prega fleire større internasjonale fora, som ulike kvinnekonferansar, mellom anna i Beijing i 1995. Noreg er pioner på likestillingsområdet og er mellom dei første landa som skreiv under protokollen frå kvinnekonferansen i Beijing (St.meld.nr. 29 (1999-2000)).

Eit av dei viktigaste verkemidla i den norske likestillingspolitikken har vore å få kvinner til å kombinere rolla som forelder med å vere utearbeidande yrkeskvinne. Tida då dei norske kvinnene "berre" skulle vere ei fødselsmaskin og kjøkkenet var arbeidsplassen deira, er omme. Det er tydeleg at ein del av våre nye landsmenn ikkje har kome så langt kulturelt, politisk og religiøst. Mykje kan tyde på at møtet mellom ein "konservativ" kultur og ein "radikal" kultur som den norske likestillingspolitikken kan representere, får fram kjensler som til dømes krenkingar. Ein del av desse mennene er vand med at kvinnene skal vere underdanige, og møtet med ei sjølvstendig, sterk norsk kvinne, kan føre til konflikhtar. Naturlegvis skal korkje norske kvinner eller det norske samfunnet akseptere ei åtferd som diskrediterer norske kvinnelege saksbehandlarar. Det vil vere uhøyrst og ufornuftig å akseptere haldningar som går på tvers av kva norske kvinner og menn har kjempa fram gjennom fleire tiår.

Men kva krav kan eller skal kvinnene som saksbehandlarar stille til menn? Bør dei få ekstra fortrinn, bør nokre etniske grupper framhevast? Lovverket peikar i alle fall på at norske statsborgarar har krav på den same hjelpa og tenestene uavhengig av kjønn og alder. Fokusgruppa tok nettopp opp desse spørsmåla, og dei viste til døme på at ikkje etnisk norske menn kan vere lettare å krenke enn etniske nordmenn. Dette påverka også arbeidet deira, då dei vel å vere meir varsam i forhold til forslag og tiltak. Samstundes må dei også halde seg til kjøpslåing som på mange måtar kan vere eit framandelement i den faglege tenkemåten.

Deltakarane i Fokusgruppa er profesjonelle. Dei kan lovverket sitt og veit korleis dei skal gå fram for å løyse oppgåver profesjonelt. Dei er ein del av eit system, og klare fasitsvar finst som oftast ikkje. Derfor vil kombinasjonen av bruk av lovverk, faglege analysar og vurderingar saman med ein porsjon sunn fornuft, gje gode resultat. Likevel må det stillast nokre kritiske spørsmål til mål og verkemiddel. Over såg vi at nokre menn frå etniske minoritetar har eit kvinnesyn som ikkje alltid samsvarar med norsk lov. Påverkar dette kvinnelege saksbehandlarar, om det gjer det, kva betyr det for saksarbeidet? Vi ser at den suicidalen afrikanaren får ein nesten ny personlegdom når kona og barna hans får kome til Noreg. Dei fekk kome til Noreg med god hjelp av saksbehandlaren. Blir saksbehandlaren og sosialkontoret verkemiddel for at målet skal nåast; nemleg å få familien til Noreg og ei økonomisk trygg framtid? I kva grad klarer saksbehandlarane å skilje mellom seg sjølv som ein profesjonell offentlig saksbehandlar og seg sjølv som ein empatisk omsorgsperson? Eg har ikkje eit eintydig svar på desse spørsmåla, men spørsmåla må saksbehandlarane heile tida ta opp til refleksjon og vurdering. Dei må vere sjølvkritiske og gjere medvitne og fagleg ”gode” avgjersler. Tilsette i hjelpetiltak som på mange måtar representerer majoritetsfolkesetnaden og lover fatta av majoriteten (på eit demokratisk vis) har makt, og dei kan påverke sterkt folk si framtid.

6.7. Oppsummering

Utgangspunktet for empirien var å få tilgang til kvardagslivet til såkalla ikkje-vestlege menn som har vore/er pasientar ved ein psykiatrisk poliklinikk. I dette kapitlet har eg freista å framstille resultatane i ei form som avdekkjer mest mogleg korleis desse mennene meistrar kvardagen sin og kva utfordringar dei møter. Gjennom analysearbeidet har eg strukturert materialet slik at det skal framstå som oversiktleg og dekkande i høve kvardagsskildringane som mennene så generøst ga i livsformsintervjuet. Eg har freista setje livsformsintervjua inn i både ein politisk samanheng og i høve lovverk.

I tillegg til livsformsintervjua, som kan representere eit ”innanfrå” perspektiv, gjev fokusgruppa innblikk i korleis tilsette i eit hjelpesystem for arbeid (arbeidslinja) reflekterer over møtet med arbeidsledige og etnisitet. Dette ”sideblikket” kan representere samfunnsstruktur, eller systemverda slik Habermas (1982) nyttar omgrepet.

Vi ser at informantane er store delar av tida si åleine. Det skjer tilsynelatande lite i livet deira, og dei kan vere prega av at dei snur døgnrytmen, er mykje inne i leilegheita og tidsperspektivet vert på eit vis forstyrra. Familien vert den viktigaste sosiale kontakten deira. Tida brukar dei på å gruble og følgje med på elendet, krig, bombing og drap i heimlandet. Dei

har rømt frå krigens terror, men har den framleis med seg. Krigen pregar både dagen og livssituasjonen deira, og utviklinga av krigen vel dei å følgje med på, men dei kan diverre ikkje påverke elendet i heimlandet. Dei finn fram i hjelpesystemet, trass i at dei ikkje har eit liknande velferdssystem i heimlandet. Deltakarane i fokusgruppa er ein del av hjelpeapparatet, og desse skildrar opplevingar i møta sine med menn frå etniske minoritetar som kan gå på tvers av det norske lovverket. Kvinnene i fokusgruppa framhevar at mennene kjøpslår med dei, og det kan tyde på at det skjer oftare enn kva etnisk norske menn gjer. I dette synleggjer kanskje møtet med den såkalla norske kulturen og ikkje-vestlege kulturar.

Kapittel 7

Avsluttande konklusjonar

7.1. Med blick mot kvardagslivet

Eit overordna mål i denne granskinga var å gje eit blick mot fem norske menn frå Irak og Iran, og deira familie, sine kvardagsliv. Eg har valt å trekke fram tema frå problemstillinga i resultatanalysen og sett dei tema som materialiserte seg i lys av teori.

Informantane i undersøkinga ga uttrykk for at arbeid og meistring er viktig for velveret deira, og derfor er det å skaffe seg fast jobb eit spesifikt mål. Alle informantane står utanfor arbeidslivet. Dei har felles at dei har få eller ingen venner, og det betyr at dei tilbringer lite av tida si saman med venner. Familien vert derfor ein viktig del av dagleglivet deira, men og saknet av familien i heimlandet påverkar sterkt tilværet. Mennene har evna til å skilje mellom venn og kjenning, mellom vennskap og kjennskap. Dei er på hels med fleire, men deira psykiske (og sosiale) situasjon kan vere årsak til at dei ikkje knyter seg tettare til andre enn sin heilt næraste familie.

Eg har i granskinga mi ynskja å rette fokuset på meistring av kvardagslivet med serleg fokus på arbeid. Felles for informantane er at dei har vore i arbeid, men i dag står alle utanfor arbeidslivet. Offentlege tilskot som trygder eller økonomisk sosialhjelp er viktige bidrag for å klare økonomiske forpliktingar. Dei gjev overraskande nok ikkje uttrykk for at dårleg økonomi i seg sjølv er tyngande, men framhevar at den norske sosiale velferda står i ein kontrast til praksisen i heimlandet der familien måtte trø til etter behov. Det interessante i undersøkinga er at det ikkje er vanskeleg å finne fram i byråkratiet, men derimot poengterer dei at byråkratiet/hjelpesystemet kan vere veldig energikrevjande å halde seg til.

Fleire av informantane peikar på at det særleg er vanskeleg å halde seg til sosialkontor og trygdekontor då dei erfarer at trygda uteblir eller at søknad om økonomisk sosialhjelp ikkje vert behandla snøgt nok. Informantane vil vere trygge for at pengane kjem inn på konto til rett dato slik at dei veit kva dei har å halde seg til. Det uførutseielege skapar utryggleik og frustrasjon og utfordrar oppleving av kontroll og meistring.

Noko av det mest interessante er, trass i helseproblem, ser det ut til at dei ikkje har vanskar med å orientere seg i hjelpeapparatet. Dei har heller ikkje problem med å halde seg til kompleksiteten i det norske samfunnet. Det kan tyde på at ”bagasjen” dei hadde med seg frå heimlandet, eller kunnskapsgrunnlaget, også strekk til i det norske samfunnet.

Interseksjonalitet er først og fremst eit teoretisk perspektiv som koplur makt og ulikskap til individ sine moglegheiter til å agere som subjekt innom ramma for samfunnet sine strukturar. Dette er sosiale strukturar som plasserer individet i ulike posisjonar som gjev ulike moglegheiter og avgrensingar, jamfør Bourdieu sine omgrep økonomisk- og kulturell kapital. Vi må sjå etnisitet og klasse som sosiale konstruksjonar, som noko som heile tida vert skapt, gjenskaft eller dekonstruert i eit samfunn i stadig endring. Med fare for å understreke og gjenta, og ved det etablere ein avstand mellom minoritet og majoritet, slik Otterstad (2008) åtvarar mot, tillet eg meg likevel å peike på at informantane mine, i Noreg, tilhøyrer ein underklasseposisjon. Dei har ikkje utdanning som vert verdsett, har dårlege butilhøve, berre ein eig bustaden sin. Arbeid vert sett som den viktigaste sikringa mot fattigdom. Ingen er i dag i arbeid. Det kan sjå ut som om dei har lite handlingsrom i den posisjonen dei lever. Det er vanskeleg å kunne utleie at den underklasseposisjonen dei er i, kjem av at dei tilhøyrer ein minoritet, men slik eg ser empirien min, spelar dette inn. Fleire var velståande før dei måtte flykte.

Mennene held seg aktivt til det offentlege hjelpeapparatet, og det kan tolkast at det også er ein måte å auka deira makt som minoritet. På poliklinikken kan vi bli bedt om å skrive spesialistuttalar som kan styrke ”deira sak” overfor andre system, t.d. bustadkontor eller NAV.

Under tema fokusgruppe peikar dei profesjonelle hjelparane på at dei ikkje stiller dei same krava til menn frå etniske minoritetar, men er meir varsame og stiller truleg mindre krav. Det verkar som det skjer ei forfordeling av etniske nordmenn. I tillegg opplever kvinnene i fokusgruppa at deira kompetanse nesten vert diskreditert. Nokre menn som dei kjem i kontakt med går faktisk så langt at dei vert krenka når dei ser at dei får ei kvinne som saksbehandlar/hjelpar. Det kjem fram haldningar som klart bryt med norsk lovverk når det gjeld diskriminering. Samstundes fryktar desse saksbehandlarane å bli definert som rasistar.

Empirien min avslører at den definerte maktbalansen mellom klient/pasient og hjelpar på ein måte kjem i ubalanse. Det skjer ei maktforskyving når menn byrjar å kjøpslå med hjelpeapparatet. Å kjøpslå må forståast som ein del av mennene sin kulturelle bakgrunn (kapital) og det gjev dei tilsynelatande eit utvida handlingsrom. Dette utfordrar både fagpersonane sin kompetanse og det lovverket som gjeld på området. Kvinnene opplever at forhandlingsteknikken kan være vanskeleg. Men dei er diffuse på om dette gjev ekstra fordelar for dei som forhandlar aktivt.

7.2. Styrke, moglegheiter og avgrensingar ved studien

Kvalitative studiar skal på same måten som kvantitative studiar dømast etter den vitskaplege kvaliteten sin. Kunnskapsutviklinga i kvalitative studiar skal i følge Malterud (2003) vere systematisk og reflektiv, og prosessen skal vere tilgjengeleg for innsyn og utfordring. Resultata skal delast med andre med sikte på å kunne overførast utover den lokale konteksten studien er gjennomført. Dei metodiske prosedyrane som skal ivareta desse føresetnadene, må utformast i samsvar med spørsmåla som skal svarast på og det materialet som skal handsamast. Einkvar studie vil ha meir eller mindre openberre styrkar og svakheiter, så og med denne studien. Eg vel å ta utgangspunkt i omgrepa truverd, tolking av resultata og overførbarheit.

1. *Truverd* i kvalitative studiar handlar om i kva grad forskinga vert utført på ein tillitsvekkande måte. Eg meiner eg har vore open til å forklare for lesaren eigen bakgrunn og bakgrunnen for korleis tema og spørsmål er utvikla. Under Metodekapittelet har eg gjort greie for korleis data vart utvikla. Eg har presentert data i form av sitat og samantrekkingar. Data har eg vurdert i forhold til både teori, lovverk og eiga forforståing. Eg har delt refleksjonar med lesaren og har og gjort greie for eigne vurderingar av empirien.

Eg kjenner informantane som brukarar eller pasientar og har hatt ein terapeutisk relasjon til dei. Det kan skape spesielle utfordringar i forskning. Det har vore ei utfordring å tydeleggjere forskarrolla, både for meg sjølv som forskar og terapeut, men og ei utfordring for informantane som tidlegare pasientar å halde seg til meg som forskar. Ulike roller kan skape dilemma i møte med informantane som eg har vist til tidlegare i oppgåva (4.6). Eg opplever at det har vore ein føresetnad for å få lov til å møte informantane, at dei har sagt ja til å delta i studien, at dei allereie visste kven eg var, og at vi hadde etablert ein relasjon. Dette er menn som med god grunn ofte kan ha vanskar med å etablere tillitsfulle relasjonar, slik eg og har vist i empirien.

2. *Tolking av resultata*. Arbeidsgivar har lagt til rette for at eg har kunna gjennomføre dette forskingsarbeidet. Eg har i eit år kombinert klinisk arbeid med forskning og har fått frigjort 20 prosent av arbeidstida mi til forskning. Arbeidsgivar har ikkje gjeve føringar til forskinga, som altså har vore fri. Forskingsarbeidet har skjedd uavhengig av omsynet til kva resultata skulle verte for poliklinikken, (så langt eg kan bedømme sjølv) og dette har eg ikkje opplevd som vanskeleg. Eg har reflektert over om eg i varetek informantane på ein god nok måte, i framskriving av denne teksten. Serleg viktig har dette vorte for meg etter at gjekk inn i tekstar som omhandlar den dominans majoritet kan ha overfor minoritet, også når det gjeld å produsere forskingsresultat. Eg har lagt fram resultata frå denne studien for dei av informantane som ynskte det, og presisert at det er frivillig å delta. Ingen har trekt seg, og det er eg svært takksam for.

I Metodekapittelet har eg gjort greie for framgangsmåten og vala i analyseprosessen. Om ein utanforståande hadde lese råmaterialet, kunne fokus og tolking av materialet ha vorte annleis. Dette arbeidet handlar om kva materialet, den ”skapte” data, har gjeve meg ut frå dei teoretiske perspektiva som eg har valt, og operasjonisering av problemstillinga.

3. *Overførbarheit* handlar om i kva grad og på kva måte forståinga som vert utvikla innan ramma av eit einskild prosjekt, også kan vere relevant i andre situasjonar. Andenes (1995) hevdar at ein kan resonnerer rundt generalisering der ein ikkje baserer generalisering på tilfeldige utval, men på at vesentlege kjenneteikn ved dei undersøkte einingane er likeverdige med dei einingane ein generaliserer til. Eg har fokus på personar som er tilvist ein psykiatrisk poliklinikk av fastlege og menn som vert definert til å ha eit alvorleg psykisk helseproblem. Dette er på mange måtar ei svært spesiell og marginalisert gruppe som er vanskeleg tilgjengeleg for forskning. Eg meiner nettopp derfor at resultat kan vere av interesse for både politikarar, byråkratar og hjelpeapparatet. Fokus på kvardagslivet til menn frå etniske minoritetar, i denne samanhengen såkalla ikkje-vestlege med alvorlege psykiske vanskar, er nesten fråverande i forskning og den offentlege debatt. Nokre av funna, spesielt fokuset på forhandlingsteknikk, rasisme og kvinneperspektivet, bør kanskje stå på den offentlege agenda.

7.3. Implikasjonar for praksis

Denne studien har freista å ”fange” dagleglivet til fem såkalla ikkje-vestlege menn som har delteke i eit gruppetilbod ved ein psykiatrisk poliklinikk. Livsformsintervjua skjer om lag to år etter behandlingsslutt for gruppa. Det treng ikkje bety at dei ikkje får behandlingstilbod i dag, det seier ikkje studien noko om. Eg har i samband med avslutting av denne studien kontakta alle informantane. Ingen er i lønna arbeid og fleire har kontakt med psykisk helseteneste. Det gjev grunnlag for å stille kritiske spørsmål ved praksis og vere opne for å leite etter alternativ.

Aftenposten (08.12.08) viser til eit populært lågterskeltilbod i Oslo mot angst og stress. Rundt 50 innvandrar frå Iran og Afghanistan har fått hjelp til å takle psykiske lidningar gjennom meditasjon på persisk. Ei kvinne frå Iran er deltakar i denne meditasjonsgruppa og tilsynelatande har den tradisjonelle psykologtimen krasja kulturelt for henne. ”Jeg har vært hos norsk psykolog, men hun bare hørte på meg. Da sa jeg at jeg betaler ikke 600 kroner for å snakke med en vegg.” Mennene i denne studien har valt å kome til poliklinikken for å snakke. Dei valte også å delta i eit gruppetilbod, eit tilbod som ikkje var på deira morsmål. Eg må likevel vere open på at det kanskje hadde vore like helsefremjande å delta i ”lågterskeltilbodet.”

Å ha fokus på meistring har vore eit sentralt moment i forskinga mi. Antovnovsky (1991) tenker seg at det handlar om ei global haldning til at dei påverknadene ein vert utsette for i livet er begripelege, mogleg å handtere og meiningsfulle for ein sjølv. Eg gjekk gjennom livsformsintervjua og leita etter materiale som kunne vise oppleving av dette, men fann på mange vis det motsette. Eg ser at informantane i svært liten grad har fokusert på sine sterke sider. Dei har vore konsentrert om til dømes mangel på søvn, dei er trøtte, er redde folk. Dei deltek via TV, Internett og samtalar med familie på eit vis i den pågåande krigen og terroren i heimlandet, utan at dei kan påverke og handle aktivt i krigshendingane. Dei vert på eit vis passive tilskodarar til meiningslause hendingar. Trass i at dei er hjelpetrengande, kan dei opplevast å vere for lite flinke til å sjå sine eigne ressursar, både som mann, far og ektemake.

I hjelpeapparatet vårt, og kanskje spesielt ved ein psykiatrisk poliklinikk, er det også lett for at det som er knytt til "sjukdom" overstyrer det såkalla "friske". Dette bør alle ulike instansar i det som kan gå under sekkeomgrepet "hjelpeinstans" ta inn over seg.

7.4. Implikasjonar for sosialt arbeid

Sosionomutdanninga kvalifiserer for arbeid med å førebygge, løyse og redusere sosiale problem, og sosionomar arbeider innanfor eit vidt spekter av arbeidsfelt. En stor del arbeider i kommunal helse-, sosial- og barnevernteneste. I tillegg jobbar sosionomen i spesialisthelsetenesta; psykisk helse for barn, unge og vaksne, i rusfeltet, samt somatisk helse. Vidare i arbeids- og velferdsetaten (NAV), i kriminalomsorg, skule, statleg barne-, ungdoms- og familieforvaltning, høgskule, universitet og forskingsinstitusjonar m.m. (FO 2008),¹⁹ og vidare: "Sosialt arbeid kan karakteriseres som endringsarbeid eller problemløsningsarbeid. Samtidig er det viktig å forstå profesjoner som sosiale konstruksjoner, som noe som hele tiden skapes, gjenskapes eller dekonstrueres i et samfunn i stadig endring."

Som klinisk sosionom ved ein psykiatrisk poliklinikk, erfarer eg at rolla som sosionom heile tida er under press, og dominans av andre profesjonar, særleg lege- og psykologprofesjonar. Fokus er på diagnose som styrande for god behandling, eller med andre ord, for godt endringsarbeid eller problemløysingsarbeid. Godt sosialfagleg arbeid føreset oftast eit nært samarbeid med den det gjeld, og utfordringa vert å kunne komme i posisjon til å ha makt som ein god hjelpar ved ein psykiatrisk poliklinikk som likeverdig deltakar i eit tverrfagleg samarbeid.

¹⁹ <http://www.fo.no/sosionomen/category231.html> (lasta ned den 21.11.2008).

Det har over nokre år vore fokus på barn til psykisk sjuke. Eg vil hevde at det er spesielt viktig at barna til psykisk sjuke med innvandrarbakgrunn vert sett og stimulert til å få ein trygg oppvekst, utdanning og moglegheiter til å delta aktivt i samfunnet. Dette kan sjåast som godt førebyggjande barnevernsarbeid.

Det vert viktig at menneske som skal samarbeide med andre som er i vanskelege livssituasjonar aukar kompetansen og vert betre på kulturforståing og utviklar ein kultursensitivitet, ikkje berre i høve etniske minoritetar, men i høve ulike kategoriar som klasse, kjønn, nasjonalitet og alder, jamfør interseksjonalitetsperspektivet.

7.5. Implikasjonar for vidare forskning

Forskning innafor dette fagfeltet er relativt nytt sidan gruppa informantane representerer, har vore i Noreg i historisk kort tid. Det er derfor mange spørsmål som det kan vere interessant å gå vidare med. Nokre av dei kan til dømes vere relatert til hjelpesystem og profesjon. Vitale forskingsspørsmål kan vere:

Kva skjer når ein løfter fram meistringsperspektiv i møtet med pasientane som eit viktig supplement til fokuset på sjukdoms- og diagnosebiletet? Kan styrking av tverrfagleg samarbeid med meir fokus på levekår, sikre eit meir heilskapleg helsetilbod?

Fire av dei fem informantane i denne studien har delteke i arbeidslivet den første tida dei har budd i Noreg, men ingen er no i lønna arbeid. Kva kan det komme av at dei har falle ut av arbeidslivet, og er dette eit mønster som og gjeld andre som ufrivillig er busett i Noreg? Eg har undra meg over dette utan å finne relevant forskning som kan gje svar. Denne studien gjev heller ikkje svar på dette.

Eg har og undra meg over kva som styrer tildeling av tiltak som vert tilbydd dei som har falle ut av arbeidslivet. Har Elar fått rett tilbod? Kanskje det trengst grundigare kartlegging i høve den enkelte og eit meir breispektra tilbod? Eller er det slik at denne gruppa ikkje blir prioritert? Dahl og Lorentzen (2007) stiller spørsmål ved om dei svakaste, det vil seie fattigdomssatsinga si eigentlege målgruppe, i det heile teke har fått hjelp, eller om dei er haldne utafør fattigdomssatsinga fordi tiltaka ikkje er tilpassa deira behov. Dette er område det vil vere viktig å forske vidare på.

Litteraturliste

Aftenposten. 2008. 8.12.

Allan JA, Vaage AB, Hauff E. 2006. Refugees and asylum seekers in societies. I *Cambridge Handbook of Acculturation Psychology*, Sam DL og Berry JW red. Cambridge University Press, UK.

Andenæs, Agnes. 1991. Fra undersøkelseobjekt til medforsker? Livsformsintervju med 4-5 åringer. *Nordisk Psykologi* 43 (4):274-292, Inst. for sosiologi, Universitetet i Oslo.

Andenæs, Agnes. 1995. *Foreldre og barn i forandring*. Inst. for sosiologi, Universitetet i Oslo.

Ansari, A, N.A Qureshi. 1996. Eksperter som sannhetsvitner? (del I) og Myter om innvandrere (del II). *Klassekampen*, 26-27/6-96.

Antonovsky, Aron. [1987]. 1991. *Hälsens Mysterium*. Bokförlaget Natur og Kultur.

Bourdieu, Pierre. 1997. *Af praktiske grunde – Omkring teorien om menneskelig handelen*. København: Hans Reitzels Forlag.

Bronfenbrennar, U. 1976. *The ecology of human development. Experiments by nature and design*. Cambridge: Harvard University Press.

Dal, Espen og Thomas Lorentzen (2007). Arbeidsrettede tiltak for sosialhjelpsmottakere: Seleksjon, effekter og politiske implikasjoner. *Søkelys på arbeidslivet* 2:7-17.

De los Reyes, Paulina. 2005. *Interseksjonalitet. Kritiska refleksjoner över (o)jämlighetens landskap. Interseksjonalitetens idemässige hemvist*.

Djuve, Anne Britt og Kåre Hagen. 1995. *Skaff meg en jobb. Levekår blant flyktninger i Oslo*. FAFO-rapport 184. Oslo: FAFO.

Eitinger, Leo. 1958. *Psykiatriske undersøkelser blant flyktninger i Norge*. Oslo: Universitetsforlaget.

Ellingsæter, Anne Lise og Arnlaug Leira. (red.) (2004) *Velferdsstaten og familien*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Eriksen, Thomas Hylland (red.) 1997. *Flerkulturell forståelse*. Oslo: Tano Aschehoug.

Eriksen, Rita Elisabeth. 2007. *Hverdagen som langtids sosialklient: Mestring i et (bruker)medvirkningsperspektiv*. Dr. avhandling NTNU, Trondheim.

Fairclough, Norman. 1989. *Language and Power*. London: Longman.

Felleskatalog (2008). *Felleskatalog over farmasøytiske spesialpreparat markedsført i Norge. 50 utgåve*. Oslo: Felleskatalogen AS.

Giddens, Anthony. 1976. *New rules of sociological method*. London: Hutchinson.

Giddens, Anthony. 1990. *The consequences of Modernity*. Cambridge, Polity Press.

- Giorgi, Amedeo. 1985. *Phenomenology and psychological research*. Pittsburg, PA: Duquesne University Press.
- Gullestad, Marianne. 1992. *The art of Social Relations. Essays on Culture, Thought and Social Action in Modern Norway*. Oslo: Universitetsforlaget
- Gullestad, Marianne. 2002. *Det norske sett med nye øyne. Kritisk analyse av norsk innvandrerdébat*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Habermas, Jürgen. 1982. *Theorie des kommunikativen Handelns*, bd. LI, Frankfurt/M: Suhrkamp.
- Halvorsen, Knut. (Ed) 1996. *Mestring av marginalitet*. Gjøvik: Cappelen Akademisk Forlag.
- Holt, Tonje og Juliane L. Monstad. 2006. *Meningsfylt, men tidkrevende – en kvalitativ studie av psykologers arbeid med flykninger*. Psykologisk institutt, Universitetet i Oslo.
- Håpnes, Tove, Berit Berg. 2004. *Innvandrerkvinnens arbeidstilknytning – en pilotstudie*, SINTEF IFIM.
- Jensen, Torben K. og Tommy J. Johnsen 2006. *Sundhedsfremme i teori og praksis, En læredébat- og brugsbog på grundlag af teori og praksisbeskrivelser*. Århus: Forlaget Philosophia.
- Johannesen, Asbjørn, Per Arne Tufte og Line Kristoffersen. 2006. *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. 3. utgáve. Oslo: Abstrakt Forlag.
- Kvale, Steinar. 1997. *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Leira, Arnlaug. 2002. *Working parents and the Welfare state. Family change and policy reform in Scandinavia*. Cambridge: University Press.
- Levin, Irene. 1994. *Stefamilien – variasjon og mangfold*. Oslo: Aventura forlag.
- Lopez, Gro S. 2007. *Minoritetsperspektiver på norsk familievern. Klienters erfaringer fra møtet med familievernkontoret*. NOVA Rapport 9/07, Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Malterud, Kirsti. 2003. *Kvalitative metoder i medisinsk forskning: en innføring*. 2. Utgáve. Oslo: Universitetsforlaget.
- Melvær, Trine. 2007. *Etniske minoritetspasienters møte med psykisk helsevern*. Høgskolen i Oslo, avdeling for samfunnsfag.
- Nynorskordboka. 1993. *Definisjons- og rettskrivingsordbok*. 2. utgáve. Oslo: Det norske Samlaget.
- Otterstad, Ann Merete. 2008. *Fra en annen til de andre – kritiske blikk på kategorier i interkulturell forskning. Profesjonsutøvelse og kulturelt mangfold – fra utsikt til innsikt*,

- Otterstad red. Oslo: Universitetsforlaget.
- Qureshi, Naushad Ali. 2008. Beskrivelser av oppdragelse: utslag av definisjonsmakt og eurosentrisme? *Profesjonsutøvelse og kulturelt mangfold-fra utsikt til innsikt*, Ann Merete Otterstad red. Oslo: Universitetsforlaget.
- Solem, May-Britt 2000. Å ta empirien med ”en klype salt”: Sentrale problemer i familieforskning i barne- og ungdomspsykiatrien. Del 1: Målemetodenes reliabilitet og validitet. *Fokus på familien* 4:254-264.
- Solem, May-Britt, Terje Tilden og Frode Thuen. 2008. Å ta empirien på alvor – Er forskningsbasert kunnskap relevant for systemiske familiebehandlere? *Fokus på familien* 2:88-104.
- Strand, Arne. 2008. Hele folket i arbeid. *Dagsavisen* 29.11.
- Torgersen, Leila. 2005. *Betydningen av innvandrerbakgrunn for psykiske vansker blant ungdom*. NOVA Rapport 5/05, Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Varvin, Sverre. 2003. *Flukt og eksil: Traume, identitet og mestring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- van der Wel, Kjetil, Espen Dahl, Marit Slagsvold, Borghild Løyland og Sille Ohrem Naper. 2006. *Funksjonsevne blant langtidsmottakere av sosialhjelp*. Rapport 2006:29. Oslo: Høgskolen i Oslo.
- WHO. 2000. *ICD-10. Den internasjonale klassifikasjon av sykdommer og beslektede helseproblemer*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS. Opphavleg publisert som *The ICD-10 Classification of Mental and Behavioural Disorders, Clinical Description and Diagnostic Guidelines* (Geneva: WHO, 1992).

Aktuelle lover, Stortingsproposisjonar og Stortingsmeldingar

- Lov av 13. desember 1991. Nr. 81. *Lov om sosiale tjenester m.v. (sosialtjenesteloven)*. Helse- og omsorgsdepartementet.
- Lov av 2. juli 1999. Nr. 61. *Lov om spesialisthelsetjenesten m.m.* Helse- og omsorgsdepartementet.
- Lov av 2. juli 1999. Nr. 62. *Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern (psykisk helsevernloven)*. Helse- og omsorgsdepartementet.
- Lov av 2. juli 1999. Nr. 63. *Lov om pasientrettigheter (pasientrettighetsloven)*. Helse- og omsorgsdepartementet.
- Lov av 14. April 2000. Nr. 31. *Lov om behandling av personopplysninger (personopplysningsloven)*. Justis- og politidepartementet.

Lov av 3. juni 2005. Nr. 33. *Lov om forbud mot diskriminering på grunn av etnisitet, religion mv. (diskrimineringsloven)*. Barne- og likestillingsdepartementet.

Lov av 15. desember 2006. Nr. 69. *Lov om endringer i arbeidsmiljøloven og diskrimineringsloven (arbeidstid mv.)*. Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Nasjonal strategiplan for arbeid og psykisk helse (2007 – 2012). Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Helse- og omsorgsdepartementet.

St.meld. nr. 25 (1996-1997) *Åpenhet og helhet om psykiske lidelser og tjenestetilbudene*. Helse- og omsorgsdepartementet.

St.prp. nr. 63 (1997-1998). *Om opptappingsplan for psykisk helse 1999-2006. Endringer i statsbudsjettet for 1998*. Helse- og omsorgsdepartementet.

St.meld. nr.50 (1998 – 1999) *Utjamningsmeldinga. Om fordeling av inntekt og levekår i Noreg*. Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

St.meld.nr. 29 (1999-2000). *Om Noregs deltaking i den 54. Ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av FNs 53. generalforsamling*. Utenriksdepartementet.

St.meld. nr. 29 (2002-2003). *Om familien - forpliktende samliv og foreldreskap*. Barne- og likestillingsdepartementet.

St.meld. nr. 9 (2006 – 2007). *Arbeid, velferd og inkludering*. Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Vedlegg til St.prp. nr. 1 (2007-2008) – Statsbudsjettet 2008. *Handlingsplan for integrering og inkludering av innvandrerbefolkningen – styrket innsats 2008. Mål for inkludering*. Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Internettadresser

Aune, Kjerstin. *Siterte sitater: Aunes Apertiff. 2001 – 2008*.
<http://www.ordtak.no/index.php?emne=Venn> (lasta ned den 28.11.2008).

FO. 2008. *Sosionomen – Landstyret har vedtatt denne profilen som beskriver sosionomen*. Fellesorganisasjonen for barnevernpedagoger, sosionomer og vernepleiere.
<http://www.fo.no/sosionomen/category231.html> (lasta ned den 21.11.2008).

Lunde, Henrik. *Rasisme i Norge*. Stiftelsen hvite busser til Auchwitz.
<http://www.hvitebusser.no/Webdesk/netblast/pages/index.html?id=104001> (lasta ned den 28.11.2008).

Sentralbyrå. <http://www.ssb.no/emner/06/01/innvregsys/> (lasta ned den 31.10. 2008).

SSB. 2008. *Registerbasert sysselsettingsstatistikk for innvandrere, 4. kvartal 2007*. Statistisk

SSB. 2008. *Innvandring og innvandrere*. Statistisk Sentralbyrå. <http://www.ssb.no/innvandring/>
(lasta ned den 31.10.2008).²⁰

SSBmagasinet. 2008. *Kvinner i det nye arbeidslivet. Har ikke blitt som mennene*. Oslo:

Statistisk Sentralbyrå. (http://www.ssb.no/vis/magasinet/slik_lever_vi/art-2008-08-08-01.html) (lasta ned den 26.11.2008).

Ung.no. *Rasisme i arbeidslivet*. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.

(http://www.ung.no/nyheter/63_Rasisme_i_arbeidslivet.html) (lasta ned den 28.11.2008).

Utne, Olve, Hanne Paltiel, Sten Paltiel. 2002. *Et historisk oversyn*.

<http://www.dmt.trondheim.no/historie.html> (lasta ned den 28.11.08).

WHO. 2008. *International Classificaton of Diseases (ICD-10)*. World Healt Organization.

<http://www.who.int/classifications/icd/en/> (lasta ned den 21.11.2008).

²⁰ SSB har endra kategoriinndeling og lagar no gruppeinndelingar med utgangspunkt i eige og foreldre sine fødeland. Termen ”ikkje-vestleg” vert ikkje lengre nytta. No nyttar SSB kategoriar Asia, Afrika og Latin-Amerika (30.12.2008).

Vedlegg 1:

Brev til Regional komite for medisinsk forskningsetikk Sør-Norge,

datert 31.03.06

Helge Veum
Waldemar Thranesgate 66 B,
0173 Oslo

Oslo den 31.03.06

Regional komité for medisinsk forskningsetikk Sør-Norge
Rek-2 (krøllalfa) medisin.uio.no

Underteikna er klinisk sosionom og masterstudent i sosialt arbeid ved Høgskolen i Oslo. I denne samanheng skal eg utføre eit studentprosjekt. Prosjektet skal utførast i samarbeid med psykiatrisk poliklinikk ved Rettleiar ved HiO er høgskulelektor May-Britt Solem. Leiar på poliklinikken er psykologspesialist Lisbeth Ertesvåg.

Prosjektet har arbeidstittel:

Psykisk helsearbeid ved ein poliklinikk i Oslo – også ein arena for å samarbeide med menn i gruppe? – ei etterundersøking.

Bakgrunn for studien er å fokusere på kvardagslivet og livskvalitet til 6 gruppedeltakarar, eit år etter endt behandling. Pasientane er av ikkje vestleg bakgrunn. Målet er å skaffe kunnskap om - korleis er kvardagslivet eit år etter avslutta gruppetilbod? - tillegg pasientane at det har gjort nokon forskjell å ha delteke i gruppetilbodet for eit år sidan? - kva råd kan dei eventuelt gje dersom det skal bli tilbudt eit nytt gruppetilbod for menn ved poliklinikken?

Underteikna var ein av to gruppeleiarar for ei gruppe som fann stad ein gong i veka, 8 ganger à 1 ½ time, våren 2005. Gruppa vart spurt munnleg om korleis dei såg på at det vart skrive om erfaringar frå denne gruppa, og vi fekk udelt positivt attendemelding. Viser til referat frå 3je gruppemøte.

Denne undersøkinga er altså ledd i etterevaluering av nytt behandlingstilbod ved poliklinikken. Kan nemne at tilsett ved Norsk kompetansesenter for minoritetshelse (NAKMI) dr. Arild Aambø var rettleiar for prosjektet. Eg har to spørsmål:

1. Er dette eit prosjekt som treng vurdering, og eventuelt godkjenning frå REK? (Prosjektet er meldt til personvernombodet).
2. Kan gruppedeltakarane kontaktast og inviterast til eit intervju på 1 - 1 ½ time? Avsendar av invitasjonen vil vere poliklinikkeleiar og u.t.

Eg tek og mot eventuelle råd med takk.

Med vennleg helsing
Helge Veum

Kopi: Ertesvåg

Solem

Vedlegg 2:

Vedlegg til søknad til REK. Prosjektprotokoll.

Vedlegg til søknad til REK. **Prosjektprotokoll**

Prosjektet har arbeidstittel:

”Psykisk helsearbeid ved ein poliklinikk i Oslo – også ein arena for å samarbeide med menn i gruppe? Ei etterundersøking”.

Undersøkinga er del av ei masteroppgåve i sosialt arbeid, som etter planen skal fullførast innan utgangen av juni 2007. Prosjektmedarbeidar og student ved Høgskolen i Oslo, Helge Veum, er ein erfaren klinisk sosionom, og arbeider no ved ein psykiatrisk poliklinikk, og har i det daglege ofte samarbeid med ikkje-vestlege pasientar.

Tema og design for planlagt forskingsprosjekt/studieprosjekt

Nedanfor vil vi gjere greie for tema for forskingsprosjektet, bakgrunn for val av tema og design for studien.

Tema for forskingsprosjektet

Vi vil finne ut om ”ikkje-vestlege menn”, som har delteke i eit gruppetilbod på ein psykiatrisk poliklinikk, i etterkant erfarer at det var nyttig å delta, eventuelt om det var noko anna dei tenker kunne vere helsefremjande. Fokus vil vere på meistring av kvardagslivet. Ga deltaking i gruppetilbodet ei oppleving av å meistre kvardagslivet på ein annan måte enn før, og kva består eventuelt endringa av? Vi har valt som arbeidstittel på oppgåva: *”Psykisk helsearbeid ved ein poliklinikk i Oslo – også ein arena for å samarbeide med menn i gruppe? Ei etterundersøking”.* Sentralt vil vere å få meir kunnskap om kva som kan vere ein nyttig måte å møte tilsvarende grupper på, sett i ein helsekontekst.

Bakgrunn for val av tema

I det daglege arbeider prosjektmedarbeider ved ein psykiatrisk poliklinikk og møter ofte personar som slit med å meistre dagleglivet. Som klinisk sosionom leia han saman med ein kollega (psykolog) eit gruppetilbod for ikkje-vestlege menn våren 2005. Dr. Arild Aambø ved NAKMI (Nasjonalt kompetansesenter for minotetshelse) var knytt til gruppetilbodet som rettleiar. Det var seks deltakarar i gruppa som gjekk over åtte gonger med samtalar individuelt før og etter gruppetilbodet. Kvart møte varte i 1 ½ time. Det utkrystalliserte seg to problemområde som pasientane formulerte som følger:

1. ”Plass i samfunnet” – altså ei oppleving av at det ikkje er plass for dei i samfunnet (arbeid, bustad med vidare).
2. ”Leveproblem” – som gjekk på psykisk helse og det å meistre dagleglivet.

Målet var å møte desse mennene på ein måte som kunne medverke til å redusere liding, yte hjelp til å endre dysfunksjonell åtferd og gje rom for at dei kunne dele meistringsopplevingar. Dette var pasientar som har ei historie med krig og flukt og som fungerer dårleg i dagleglivet. Eit framtrekande trekk var tendens til isolering frå andre menneske med tilbaketrekking frå samfunnet.

Vi manglar kunnskap om pasientar med ”ikkje-vestleg bakgrunn” si eigenoppleving av å meistre kvardagslivet, om kva dei meiner kan gjera kvardagen lettare, etter at dei har vore utsette for traumebelasting i heimlandet. Den kvalitative studien skal eksplorere meistringsopplevingar sett gjennom kvardag (kjenslemessig, kognitivt og åtferdsmessig). Målsettinga med den kvalitative studien er å kontekstualisere narrativa og løfte fram dei

usynlege og ikkje-reflekterte strategiane pasientane brukar for å meistre stress i kvardagslivet. Auka kunnskap om pasientar (ikkje-vestlege) sine meistringsstrategiar vil kunne nyttast i førebyggjande og klinisk arbeid.

Å nytte livsformsintervju gjer at pasientane vil framstå som ”medforskarar” meir enn informantar. Pasientane får høve til å reflektere over eigen kvardag, og vert med dette forskingsdesignet aktive ”medskaparar” til ny kunnskap (Agdenes 1991).

Forskningsdesign

Alle deltakarane i nemnte gruppetilbod, seks personar, vil bli invitert til ein samtale på ca 1 – 1 ½ time. Ein vil nytte livsformsintervju (Agdenes 1991). Fokus vil vere på gårdagen som eksemplarisk prinsipp for kvardagslivet. Det betyr at studien vil ta utgangspunktet i gårdagen, og få fram ei oversikt over pasienten sin dag frå morgon til kveld. Spørsmål vil vere av typen: ”Kva gjorde du då? Kva tenkte du? Kva følte du? Er det alltid slik?

Undersøkinga tek sikte på å studere deltakarane si eigenoppleving av mogleg endra livskvalitet og meistring av dagleglivet. Sentralt i samtalen er å få tak i ”overgangssituasjonar” der det erfarte og handling vert fokusert. Intervjuet vil vere todelt der første del har som mål å kartlegge sosiodemografiske data og siste del har fokus på gårdagen.

Livsformsintervju er no ein velsett og godt etablert metode, også til å forske på vaksne.

Andenes (1991) sine teoretiske grep i metoden *livsformsintervju* gjer det mogleg å ”fange kvardagslivet” samstundes som intervjuforma skapar ein god kommunikasjonssituasjon som er egna for refleksjon og vil gje rom for ny kunnskap med eit ”innanfrå” perspektiv.

Samtalane vil bli tekne opp på lydband og transkriberte. Teoretisk verktøy for analyse er ikkje avklart enno, men ein moglegheit er å nytte Grounded Theory der målet vert å løfte fram omgrep. Fokus på meistring og nettverk vert truleg sentralt i studien.

Studien er tenkt å ende opp i to fagartiklar. Det er ikkje lagt restriksjonar frå institusjonen, poliklinikken, til offentleggjering av funna. Poliklinikken vil dekke eventuelle kostnader ved bruk av tolk og papir/kopiering.

Kan nemne at deltakarane i gruppa vart spurte på slutten av gruppetilbodet for ca eit år sidan, om korleis dei såg på å bli intervjuet av prosjektmedarbeider. Ein sa det då slik: ”Dersom erfaringane i gruppa vår kan hjelpe andre til å få det betre, er det veldig bra”.

Litteraturliste (aktuell)

- Agdenes, Agnes, 1991. Fra undersøkelsesobjekt til medforsker? Livsformsintervju med 4-5 åringer. *Nordisk Psykologi*, 43 (4):274-292.
- Ahlberg, Nora, Aambø, Arild og Gihle, Ingunn (red.) 2005. *Utfordringer innen helse og omsorg blant minoriteter*. NAKMIs skriftserie om minoriteter og helse, nr. 1, 2005.
- Alberdi, Nørregaard, Kastrup og Kristensen (red.) 2002. *Transkulturel psykiatri*, Hans Reitzels Forlag, København.
- Arenas, Julio G. (red.) 1997. *Interkulturel psykologi*, Hans Reitzels Forlag, København.
- Berliner, P. og Hommelgaard, B. (red.) 1987. *Kulturforskelle og psykologi. Tværkulturel psykologi – muligheter og begrensninger*, Dansk Psykologisk Forlag, København.
- Dahl, Carl Ivar (under arbeid i 2005): *Etterundersøkelse av pasienter ved Psykososialt senter for flyktninger i perioden 1992-96*. NAKMI.
- Dalgard, Odd Steffen 2005: *Psykisk helse blant innvandrere i Oslo. Resultater fra befolkningsundersøkelser*, i Ahlberg, Aambø og Gihle(red.), NAKMI.
- Kvale, Steinar 1987. *Det kvalitative forskningsintervju*. Gyldendal Norsk Forlag, Oslo.
- Malterud, Kirsti, 2003. *Kvalitative metoder i medisinsk forskning; en innføring*. Oslo: Universitetsforlaget
- Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesten. *Pasienterfaringer ved poliklinikker for voksne i det psykiske helsevernet i Norge*. PasOpp-rapport nr 7 og 9, 2004.
- Sveaas, Nora og Hauff, Edvard (red.) 1997. *Flukt og fremtid. Psykososialt arbeid og terapi med flyktninger*, Ad Notam Gyldendal, Oslo.
- Syed, Hammad Raza og Vangen, Siri. *Health and Migration: A Review*, Nasjonal kompetanseenhet for minoritetshelse, NAKMI Småskrifter 2: 2003.

Vedlegg 3:

Brev frå REK datert 13.09.06.



UNIVERSITETET I OSLO
DET MEDISINSKE FAKULTET

Høgskolelektor, cand.polit. May-Britt Solem
ØKS, Sosialt arbeid
Høgskolen i Oslo
Postboks 4 St. Olavs plass
0130 Oslo

Regional komité for medisinsk forskningsetikk
Sør-Norge (REK Sør)
Postboks 1130 Blindern
NO-0318 Oslo

Dato: 13.09.06
Deres ref.:
Vår ref.: S-06320b

Telefon: 228 50 670
Telefaks: 228 44 661
E-post: juliannk@medisin.uio.no
Nettadresse: www.etikkom.no

S-06320b Psykisk helsearbeid ved en poliklinikk i Oslo - også en arena for å samarbeide med menn i gruppe? En etterundersøkelse.

Komiteen behandlet søknaden i sitt møte onsdag 07.09.06.

Komiteen oppfatter prosjektet som kvalitetssikring av psykisk helsearbeid. Den omfattes derfor ikke av komiteens mandat om fremleggelsesplikt.

Vi ønsker lykke til videre med prosjektet!

Med vennlig hilsen

Tor Norseth
Leder

Julianne Krohn-Hansen
Sekretær

Kopi til:
Helge Veum

Vedlegg 4:

Brev frå NSD datert 21.09.06.



Helge Veum

Ansvarlig

OSLO

Vår dato: 25.09.2006

Vår ref: 14634SM

Deres dato:

Deres ref:

KVITTERING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 31.03.2006. All nødvendig informasjon om prosjektet forelå i sin helhet 25.09.2006. Meldingen gjelder prosjektet:

14634

Psykisk helsearbeid ved ein poliklinikk i Oslo – også ein arena for å samarbeide med menn i gruppe? – ei etterundersøking

Behandlingsansvarlig

Daglig ansvarlig

Helge Veum

leder

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personopplysningsloven.

Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i melde skjemaet, korrespondanse med ombudet, eventuelle kommentarer samt personopplysningsloven/helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, <http://www.nsd.uib.no/personvern/endringskjema>. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://www.nsd.uib.no/personvern/database/>

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 31.07.2007 rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

Vigdis Namtvedt Kvalheim

Siv Midthassel

Kontaktperson: Siv Midthassel tlf: 55 58 83 34

Vedlegg: Prosjektvurdering

Axdelingskontor / Office:

OSLO: NSD, Universitet i Oslo, Postboks 1055 Blindern, 0316 Oslo. Tel: +47-22 85 52 11. nsd@nsd.uib.no
TRONDHEIM: NSD, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 7491 Trondheim. Tel: +47-73 59 19 07. kjenn@nsd.uib.no
TROMSØ: NSD, SIF, Universitet i Tromsø, 9017 Tromsø. Tel: +47-77 64 43 16. nsd@nsd.uib.no



Ombudet forstår det slik at prosjektet er et kvalitetsikringsprosjekt, jf. tilbakemelding fra Regional komité for medisinsk forskningsetikk og telefonsamtale med prosjektleder 20.09.2006.

Det legges til grunn at prosjektet oppfyller vilkårene i helsepersonelloven § 26 og har forankring i virksomhetens ledelse. Ombudet anbefaler at oppdraget formaliseres skriftlig og at det er rettet til konkrete personer. Da behandlingen av personopplysninger har hjemmel i lov vil den ikke medføre konsesjonsplikt jf. personopplysningsloven § 33 fjerde ledd. Behandlingen utløser meldeplikt jf. personopplysningsloven § 31 med hjemmelsgrunnlag i §§ 8 første ledd ved lov, 9 pkt. b. Det gis informasjon og innhentes samtykke fra de registrerte. Ombudet finner informasjonsskrivet av 25.09.2006 tilfredsstillende under forutsetning av at det fremgår at prosjektet er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (i stedet for til Datatilsynet). Det kan også gjerne fremgå at samtalen/prosjektet gjennomføres som ledd i klinikkens kvalitetssikringsarbeid.

Datamaterialet anonymiseres ved prosjektslutt ved at verken direkte eller indirekte personidentifiserbare opplysninger fremgår, navneliste og opptak slettes. Prosjektslutt er satt til 31.07.2007.

Kvalitetssikringsprosjektet vil danne grunnlaget for prosjektleders masteroppgave ved Høgskolen i Oslo. Ombudet legger til grunn at all behandling av personopplysninger finner sted ved Sykehus, og at kun anonyme data behandles ved høgskolen (inngår i masteroppgaven). Det legges videre til grunn at behandlingsansvar og prosjektopplegg er avklart mellom de to institusjonene.

Vedlegg 5:

Brev til informantane, invitasjon til samtale vår 2007,

med samtykkeerklæring.

(Poliklinikkens brevark)

Oslo den _____

Navn

Adresse

(informant)

Invitasjon til samtale

Nå har det gått ca ett år etter at vi avsluttet gruppetilbudet som du deltok på ved DPS og vi ønsker å finne ut hvordan du har det nå. Dette fordi vi mener at dine erfaringer er viktige, og at de kan bidra til at vi kan få mer kunnskap til å hjelpe andre som er i tilsvarende situasjon på en bedre måte.

Vi håper derfor at du kan avsette ca en time og komme til en samtale med Helge Veum på poliklinikken. Dersom du ønsker det, kan tolk benyttes.

Deltakelse i denne undersøkelsen er frivillig, og du kan som deltaker trekke deg fra undersøkelsen uten å oppgi grunn på et hvilket som helst tidspunkt. Alle opplysninger blir behandlet konfidensielt. Det vil ikke bli presentert opplysninger fra undersøkelsen som kan tilbakeføres til enkeltpersoner. Det tilbudet du eventuelt har behov for fra distrikt psykiatrisk senter (DPS), påvirkes ikke av deltagelse i dette prosjektet.

Vi vil understreke at informasjonen du gir bare vil bli kjent for Helge Veum, altså ikke institusjonen (DPS) eller de andre gruppedeltagerne.

Prosjektet er meldt til Datatilsynet og regional etisk komite (REK). Alle data vil bli anonymisert og dataene vil bli slettet når prosjektet er ferdig, senest 31.07.2007. Opplysningene i sluttrapporten kan ikke føres tilbake til person.

Vi håper på positivt svar!

Om du ønsker å delta, ber vi deg underskrive samtykkeerklæring og returnere den i vedlagte konvolutt.

Helge Veum vil kontakte deg på telefon mellom den ___ og den ___ .

Vi kan kontaktes på telefon eller(Helge mobil).

Vennlig hilsen

.....DPS, poliklinikken

.....
Poliklinikkleder/psykolog

Helge Veum
Prosjektet/klinisk sosionom

Samtykkeerklæring

Jeg har mottatt skriftlig og muntlig informasjon om prosjektet, og samtykker i å delta i intervjuundersøkelsen.

Oslo den (dato) _ _ _ _ _

Signatur: _ _ _ _ _

Navn (blokkbokstaver): _ _ _ _ _

Telefon: _ _ _ _ _

Vedlegg 6:

Notat fokusgruppe, datert 18.04.2008

FOKUSGRUPP – SAK, 18.04.08

Kort om forskingsprosjektet:

Masteroppgåve i sosialt arbeid med bakgrunn i behandlingsgruppe for menn frå Irak, Iran og Afghanistan – utvalet seks menn.

Eg fann at ingen av mennene var i arbeid, nokre hadde arbeidserfaring i Norge.

Her kjem de inn – fokusgruppe.

Fokusgruppe:

Gruppe snakkar saman og deler erfaringar ut frå gjevne tema/spørsmål.

Eg vil som nemnt nytte lydopptakar. Viktig at ein person snakkar om gangen.

Bruke reglane frå ”fleirfamiliegruppa”. Snakke ferdig, snakkar på eigne vegner, eigne erfaringar.

Sikre dykk anonymitet – er det viktig, SAK nemnast i oppgåva?

Sjølve forskingsprosjektet er godkjent av Datatilsynet og Regional etisk komite – REK ser det som kvalitetssikring av behandlingstilbodet ved DPSet.

Set av tida 09.00 – 10.00, ein time. Eg har tre tema, ca 15 minuttar til kvart. Er det spørsmål før vi set i gang?

SPØRSMÅL/TEMA:

1. Del erfaringar og tankar om kva som er bakgrunnen for at denne gruppa-menn med etnisk minoritetsbakgrunn (Irak, Iran, Afghanistan) – fell ut av arbeidslivet
2. Har du samarbeidd med ein med denne bakgrunn og opplevd at han fekk arbeid?
Om ja – kva var det som var avgjerande for å lykkast?
Om nei – kva trur du det kjem av? (tilfeldig, ikkje tilvist nokon etc.)
3. Erfarar du at det er forskjell å arbeide med etniske nordmenn og menn med etnisk minoritetsbakgrunn? Kva er eventuelt likt/ulikt (del erfaring).

Takk for samarbeidet og innsatsen!

Mvh Helge